

HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

MØTEINNKALLING

Utval: Maritim og teknisk komite
Møtestad: Formannskapssalen Herøy rådhus
Dato: 28.08.2017
Tid: 15:00

Melding om forfall til tlf. 70081300.

Forfall til møter i kommunale organer skal vere gyldig i hht. Lov om kommuner og fylkeskommuner § 40, nr. 1.

Varamedlemer som får tilsendt sakliste, skal ikkje møte utan nærare innkalling.

Fosnavåg, 22.08.2017

Idar Tarberg
Leiar

SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 40/17	Godkjenning innkalling og sakliste
PS 41/17	Protokoll frå førre møte
PS 42/17	Delegerte saker
PS 43/17	Søknad frå Frode Remøy Warholm om konsesjon for erverv av gnr. 12 bnr. 22
PS 44/17	Kåre Jensholm - 42/1 - søknad om dispensasjon frå gjeldande reguleringsplan/føresegn
PS 45/17	ODDVAR KNUT TORVIK GNR 17 BNR 4, DISPENSASJONSSØKNAD OM FRÅDELING, KLAGEHANDSAMING
PS 46/17	Tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL) for 2017
PS 47/17	Omorganisering av Søre Sunnmøre Landbrukskontor Delegerte saker frå avdelingane
DS 142/17	Ferdigattest - 54/72 - tilbygg
DS 143/17	Ferdigattest riving 37/103
DS 144/17	Ferdigattest flettverksgjerde 22/45
DS 145/17	Ferdigattest ny vassledning Borgarhaugvegen
DS 146/17	Erling Trygve Torvholm - 59/22 - tilbygg/altan
DS 147/17	Ferdigattest - VA anlegg i sjø
DS 148/17	Huseyin Kadir Dikbas - 4/77 - Endring av løyve
DS 149/17	Ferdigattest veranda 4/148
DS 150/17	Mellombels bruksløyve - 31/189 - seksjon nr 10
DS 151/17	Karl Erik Sande - 36/98 - Endring carport, tak og altan
DS 152/17	Mellombels bruksløyve einebustad - 40/82
DS 153/17	Ferdigattest - 45/171
DS 154/17	Ferdigattest - 76/39 - leilegheit A og B


DS 155/17	Mellombels bruksløyve - utleigedel - 26/189
DS 156/17	Ferdigattest tilbygg 4/148
DS 157/17	Ferdigattest - 31/144 - Einebustad
DS 158/17	Aase Gerd Remøy Vartdal - 12/3 - Terrasse
DS 159/17	Ferdigattest - 54/15 - oppattbygging sjøbud
DS 160/17	Ferdigattest terasse - 12/3
DS 161/17	Ferdigattest tilbygg - 26/118
DS 162/17	Ferdigattest verkstadhall - 38/147
DS 163/17	Harald Sørdal - 46/92 - garasje
DS 164/17	Harald Hansen - 12/225 - Rehabilitering av skorstein
DS 165/17	Arild Kirkenes - 53/22 - Tilbygg garasje
DS 166/17	Ferdigattest - 11/751 - Støttemur
DS 167/17	Hjalmar Olav Jacobsen - 60/399 - Garasje
DS 168/17	Bergsøy IL fotball - 29/215 m fl - Fotballhall
DS 169/17	Mellombels bruksløyve - 21/12
DS 170/17	Remsund as - 34/221 - Bruksendring frå tilleggsdel til hovuddel
DS 171/17	Jon Stein Stenersen - 35/54 - Tilbygg og fasadeendring
DS 172/17	Ferdigattest tilbygg/carport - 35/19
DS 173/17	Ferdigattest hagestove - 20/56
DS 174/17	Ferdigattest innglasing veranda - 34/173, seksjon 4

Prenta skriv til orientering/drøfting:

PS 40/17 Godkjenning innkalling og sakliste

PS 41/17 Protokoll frå førre møte

PS 42/17 Delegerte saker



Søre Sunnmøre landbrukskontor

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	ANNLOB	Arkivsaknr:	2017/863
		Arkiv:	44/8

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
43/17	Maritim og teknisk komite	28.08.2017

SØKNAD FRÅ FRODE REMØY WARHOLM OM KONSESJON FOR ERVERV AV GNR. 12 BNR. 22

Tilråding:

Med heimel i konsesjonslova av 28.11.2003 nr. 98 gir Herøy kommune konsesjon til Frode Remøy Warholm for erverv av gnr. 12 bnr. 22. Arealet skal føyast til Frode Remøy Warholm sin eigedom gnr. 12 bnr. 12.

Grunngjeving:

Løyvet vert grunngjeve med at føremålet til kjøparane inneberer ei driftsmesse god løysing og tek i vare omsynet til ei heilskapleg ressursforvaltning. Ervervet gir slike eigar- og brukstilhøve som er mest gagnlege for samfunnet.

Særutskrift:

Frode Remøy Warholm, Remøy 89, 6094 Leinøy
Aage Remøy, Kvianesvegen 43, 6094 Leinøy
Søre Sunnmøre Landbrukskontor, Dragsundvegen 6, 6080 Gurskøy

Vedlegg:

- 1 Søknad frå Frode Remøy Warholm om konsesjon for erverv av gnr. 12 bnr. 22
- 2 Gardskart 12/22

Utrykte vedlegg:

Skøyte datert 01.04.2017

Heimelserklæring og skifteattest frå 4 dødsbu

Fullmakter til Aage Remøy frå heimelshavarane på gnr. 12 bnr. 22.

Samandrag av saka:

Frode Remøy Warholm søker konsesjon for å erverve eigedomen gnr. 12 bnr. 22 på Remøya frå Aage Remøy med fleire til ein pris av kr. 25.000,-. Herøy kommune rår til å gje Warholm konsesjon.

Saksopplysningar:

Frode Remøy Warholm har søkt konsesjon for å ta over eigedomen gnr. 12 bnr. 22. Eigedomen har 18 heimelshavarar der 4 av desse er dødsbu. Det er lagt fram heimelserklæring og skifteattest for dødsbua og Aage Remøy er gitt fullmakt frå alle eigarar og arvingar til å stå for salet. Arealet på eigedomen er 5 dekar med i hovudsak open jorddekt fastmark som er dyrkbar.

Warholm søker konsesjon for å føye arealet til sitt eige bruk gnr.12 bnr. 12. Arealet på den eigedomen er 6,4 dekar fulldyrka jord og 1,8 dekar innmarksbeite. Anna areal utgjør 2,4 dekar. Totalt areal er 10,6 dekar.

Prisen på kjøpet er avtalt til kr. 25.000,-. Det ligg ikkje føre takst på eigedomen Warholm skal kjøpe.

Føremålet med konsesjonslova er å regulere og kontrollere omsetnaden av fast eigedom for å oppnå eit effektivt vern av landbruket sine produksjonsareal og dei eigar- og brukstilhøve som er mest gagnlege for samfunnet. Loven er eit reiskap for å nå samfunnspolitiske mål.

Moment som skal trekkast inn er framtidige generasjonar sitt behov, landbruksnæringa, behov for grunn til utbygging, miljø, allmenne naturverninteresser, friluftinteresser og busetnad.

For eigedomar som skal nyttast til landbruksføremål skal det leggst vekt på:

§9 – *særlige forhold for landbrukseiendommer.*

1. *Om den avtalte prisen tilgodeser en samfunnsmessig forsvarlig prisutvikling,*
2. *om erververens formål vil ivareta hensynet til bosetting i området,*
3. *om ervervet innebærer en driftsmessig god løsning,*
4. *om erververen anses skikket til å drive eiendommen,*
5. *om ervervet ivaretar hensynet til helhetlig ressursforvaltning og kulturlandskapet.*

Konsesjon skal i alminnelighet ikke gis dersom det ved ervervet oppstår sameie i eiendommen, eller antallet sameiere økes. Det kan gis konsesjon til selskaper med begrenset ansvar. Det skal legges vekt på hensynet til dem som har yrket sitt i landbruket.

Det skal gjerast ei konkret og individuell vurdering for og gje konsesjon. Ein skal vurdere søkjaren og kva føremål han har med overtakinga og at dette er i samsvar

med føremålet i konsesjonslova. Generelt skal ein gje konsesjon dersom det ikkje er sakleg grunn til å avslå. Likevel har ingen krav på å få konsesjon.

Momenta som det skal leggst særskild vekt på er avtalt pris, omsynet til busetnad, god løysing for drift av eigedomen, om søkjarane er skikka til å drive eigedomen, om ervervet tek i vare omsynet til ei heilskapleg ressursforvaltning og til kulturlandskapet.

For eigedomar utan bygningar skal det vere priskontroll. Likevel kom LMD med skriv til kommunane den 04.12.2013 der dei oppmodar om at den avtalte prisen på eigedomen ikkje vert tillagd avgjerande vekt i konsesjonshandsaminga.

Priskontrollen på areala skal innehalde avkastningsverdi på jordbruksareal. Rentefoten er utrekna til 180 og kapitaliseringsrentefoten er 4%. Jordverdien for dyrkbar jord er vurdert til å vere kr. 2.000,- pr. dekar i denne saka. For tilleggsjord kan det leggst til inntil 50 % på avkastningsverdien. Jordverdien vert sett til kr. 3 000,- pr. dekar.

Prisvurdering: 5 dekar x kr. 3.000,- gir verdi på kr. 15.000,-. Den avtalte prisen er på kr. 25.000,- og i forhold til avkastningsverdien på areala er den avtale prisen litt høg. Den er likevel ikkje høgare enn at vi vil rå til at den vert godkjend.

Omsyn til busetnad gjeld eigedomar med bustadhus. Eigedomen som vert erverva har ikkje bustadhus og omsynet er difor ikkje vurdert.

Vi legg til grunn at Frode Remøy Warholm er skikka til ervervet då han har teke over naboegedomen i 2016.

Arealet han søker konsesjon på ligg med felles grense til eigedomen han eig frå tidlegare. Når eigedomen kjem på same eigarhand, og vert del av naboegedomen, er det i seg sjølv ein god grunn til å gje konsesjon. Driftsgrunnlaget aukar og det vil føre til eit meir aktivt eigarforhold på eigedomane. Etter vårt syn vil ervervet gi ei heilskapleg ressursforvaltning.

Vurdering og konklusjon:

Momenta i §9 i konsesjonsloven, vurderinga av serlege forhold for landbrukseigedom, talar for å gje konsesjon til Frode Remøy Warholm. Likevel er prisen som er avtalt for ervervet litt over det prisnivået som bør vere for eit slikt erverv sett ut frå avkastningsverdien. Likevel vil ervervet etter vårt syn ta i vare ei heilskapleg ressursforvaltning. Vi vil difor tilrå at Frode Remøy Warholm får konsesjon til avtalt pris.

Fosnavåg, 11.07.2017

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Anne Kathrine Løberg
Avd.leiar



Landbruksdirektoratet
Eanandoallodirektoráttta

HERØY KOMMUNE

Søknad om konsesjon ved overtaking av fast eigedom etter konsesjonslova av 28. november 2003 nr. 98

Det er eit krav at du nyttar dette skjemaet når du søker om konsesjon

- 8 !! Søknaden skal sendast til kommunen der eigedomen ligg

LANDBRUKSKONTORET		
J.nr. 143/17	Mottatt 19/06.-17	Arkiv 12/22

Før du fyller ut, bør du undersøke om overtakinga er konsesjonsfri, jf. rettleinga på side 3 og 4

Til ordføreren i Herøy kommune (kommunen der eigedomen ligg)

Søknad om konsesjon skal sendast til ordføreren der eigedomen ligg innan fire veker etter at avtalen er inngått eller overtakaren har fått rådevelde over eigedomen. På side 3 skal du gjere greie for viktige tilhøve som ikkje går fram av svara som er gitt på spørsmåla i felt 1-22. Skøyte, kjøpekontrakt, leigecontrakt eller annan avtale og dessutan takst skal leggst ved i original eller stadfest avskrift dersom det fins slike dokument. Gjeld overtakinga landbrukseigedom, skal skogbruksplan leggst ved, dersom det fins ein slik plan.

1	Namnet på søkeren (slektsnamn, føre- og mellomnamn) WARHOLM FRODE REMØY		Fødselsnr. (11 siffer) 180785
2	Adresse REMØY 89 6094 LEINØY		Organisasjonsnr. (9 siffer)
3	Telefonnr. (8 siffer) 47606913	E - postadresse fwarholm@hotmail.com	
4	Namnet til overdragaren		Fødselsnr. (11 siffer)
5	Adresse		Organisasjonsnr. (9 siffer)
6	Nemninga på eigedomen/-ane eller retten/-ane (namn, gn., bnr., festnr. e.l.) 12/22		
7	Kjøpesum/leigesum pr. år (ved arv eller gave skal ein føra opp påreknna verdi) kr 25000,-	Kår av 5-årlig verdi	Kjøpesum for lausøyre
8	Kommune Herøy	Fylke Møre og Romsdal	
9	Arealstorleik 5 dekar	Korteis arealet fordeler seg på dyrka jord, produktiv skog og anna areal 5 dekar forddekt fastmark	
10	Viss det ligg føre ein skogbruksplan, føer opp fordelinga på hogstklasse I-V, bonitet og balansekvantum for produktiv skog		

Bygningar som står på eigedomen i dag (bustadhus, hytte, driftsbygning, forretningsgard, industri o.l.)

Bygning (type)	Grunnflate i m²	Byggeår	Kor mange etasjar	Teknisk tilstand (god, middels eller dårleg)
Bygning (type)	Grunnflate i m²	Byggeår	Kor mange etasjar	Teknisk tilstand (god, middels eller dårleg)
Bygning (type)	Grunnflate i m²	Byggeår	Kor mange etasjar	Teknisk tilstand (god, middels eller dårleg)
Bygning (type)	Grunnflate i m²	Byggeår	Kor mange etasjar	Teknisk tilstand (god, middels eller dårleg)
11 Bygning (type)	Grunnflate i m²	Byggeår	Kor mange etasjar	Teknisk tilstand (god, middels eller dårleg)
Bygning (type)	Grunnflate i m²	Byggeår	Kor mange etasjar	Teknisk tilstand (god, middels eller dårleg)
Bygning (type)	Grunnflate i m²	Byggeår	Kor mange etasjar	Teknisk tilstand (god, middels eller dårleg)
Andre bebygningar				

versjon 1.1 - 11.04.2016

Med sikte på å redusere verksemdene sine oppgaveplikter, kan opplysningane du gir i dette skjema i samsvar med lov om Oppgaveregisteret §§ 5 og 6, heilt eller delvis bli nytta og av andre offentlege organ som har heimel til å innhente dei same opplysningane. Opplysningar om eventuell samordning kan du få ved førespurnad til Oppgaveregisteret på telefon 75 00 75 00.

12	Rettar som ligg til eigedomen eller som er avtala i samband med overdraginga	
	ingen	
13	Eig eller leiger søkaren, ektemaken hans/hennar eller borna hans/hennar under 18 år annan fast eigedom i kommunen?	
	<input checked="" type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei	I tilfelle kva for eigedomar? 12/12
14	Eig eller leiger søkaren, ektemaken hans/hennar eller borna hans/hennar under 18 år annan fast eigedom i andre kommunar?	
	<input type="checkbox"/> Ja <input checked="" type="checkbox"/> Nei	I tilfelle kva for eigedomar?
15	Gjer greie for korleis eigedomen blir nytta i dag (gjeld overtakinga landbrukseigedom, skal ein gjere greie for drifta av eigedomen)	
	vert ikkje nytta	
16	Kva planer har overtakaren for bruken av eigedomen?	
	å stelle eigedomen	
Særskilt for jord- og skogbrukseigedomar (landbrukseigedomar)		
17	Ved overtaking av tilleggsgjord skal ein her føra opp gnr. og bnr. på den eigedomen søkaren eig før	
	12/12	
18	Kvalifikasjonane til søkaren (teoretisk og/eller praktisk røynsle frå jord- og skogbruk)	
19	Vil søkaren forplikta seg til å busette seg på eigedomen innan 1 – eitt – år og sjølv bu på eigedomen i minst 5 – fem – år samanhengande?	
	<input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei <input checked="" type="checkbox"/> Eg søker konsesjon fordi eg ikkje skal busette meg på eigedomen, jf konsesjonslova § 5 annet ledd	
20	Har overdragaren annan fast eigedom i kommunen som ikkje følger med i overdraginga?	
	<input checked="" type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei	I tilfelle kva eigedomar? (gnr./bnr./fnr. o.l.) 12/12
21	Er det fleire søkarar, skal det opplysast om søkarane er gifte eller sambuarar	
22. Underskrift		
Dato	8/3-17	Underskrifta til overdragaren <i>[Signature]</i>
Dato	8/3-17	Underskrifta til søkaren <i>Frøde R. Warholm</i>
Desse skal ha melding om avgjerda		
Oversyn over vedlegg til søknaden		

Skjemaet er tilgjengeleg på www.landbruksdirektoratet.no under «Skjema» Spørsmål om utfylling rettast til kommunen.

Eventuelle tilleggsopplysningar

12/22 har ikkje vore nytta
du siste 50 åra!

Rettleiing

Generelt om konsesjonslova

Ei tileigning eller eit kjøp ("ervert") er eit uttrykk for alle måtar ein kan få ein eigedom på; eksempelvis gjennom kjøp, arv, gåve osv. Konsesjon er ei fullmakt frå staten. Den som blir ny eigar av eigedomen er tileignar. Overdragar er førre eigar. Ei konsesjonspliktig tileigning kan ikkje tinglysast utan at det er gitt konsesjon.

Konsesjonslova av 28. november 2003 fastset at alle tileigningar/kjøp ("ervert") av fast eigedom, og stifting av bruksrett for lengre tid enn 10 år, er konsesjonspliktig med mindre det er gjort unntak i lova eller forskrifter fastsette i medhald av lova. Som tileigning/kjøp reknar ein også tileigning/kjøp av delar eller partar i en eigendom.

Er du usikker på om tileigninga/kjøpet er konsesjonspliktig eller har du spørsmål om konsesjonsbehandlinga, kan du spørre kommunen der eigedomen ligg for å få svar.

A. Avhendingar som ikkje treng konsesjon

Det følgjer av konsesjonslova §§ 4 og 5 og forskrift om konsesjonsfrihet mv. (fastsett 8. desember 2003) kva tileigningar som er unntatt frå konsesjonsplikta. Hovudregelen er at du kan tileigne deg bebygd eigedom som ikkje er større enn 100 dekar og heller ikkje har meir enn 25 dekar fulldyrka/overflatedyrka jord utan å søke konsesjon. Det same gjeld tomter til bustad- og fritidsformål, og anna ubebygd areal som er lagt ut til anna enn landbruks-, natur- og friluftsområde og reindrift. Tileigning frå nær familie og tileigningar gjennom odelsrett er også unntatt frå konsesjonsplikt. Konsesjonsfrihet som følgjer av føresegnene i § 4 første ledd nr. 1-4 og § 5 første ledd nr. 1 og 2 skal godtgjerast ved skjema for eigenfråsegn LDIR-360. Skjemaet er tilgjengeleg på www.landbruksdirektoratet.no under "Skjema". Eigenfråsegna skal følgje heimelsdokumentet (festekontrakt, skøyte eller liknande) når dette blir sendt til tinglysning. Tinglysningsmyndigheitene sender fråsegna vidare til kommunen, som fører kontroll med konsesjonslova blir følgd.

Eit vilkår for konsesjonsfridom på grunn av ekteskap, slektskap og/eller odelsrett ved tileigning av landbrukseigedom over ein viss storleik er at du busett deg på eigedomen innan eitt år og bur der i fem år. Dette gjeld eigedomar som har meir enn 25 daa full dyrka og overflatedyrka areal og/eller meir enn 500 daa produktiv skog, og som har bygning som er eller har vore i bruk som heilårsbustad, eller har bygning under oppføring der løyve til oppføring av heilårsbustad er gitt. Om du ikkje skal busette deg innan fristen på eitt år, må du søke konsesjon. Du må då krysse av i felt 19 og gjere konsesjonsmyndigheitene merksame på at dette er grunnen til at du søker konsesjon.

B. Kort om saksgangen

Kommunen har avgjerdsmyndigheit i konsesjonssaker. Fylkesmannen/Landbruksdirektoratet er klageinstans.

Føresegn om overføring av myndigheit fastsett 8. desember 2003, er tilgjengeleg på www.landbruksdirektoratet.no og www.lovdata.no.

Før søknaden kan tas opp til behandling, må du betale eit behandlingsgebyr. Gebyret blir fastsett og kravd inn av kommunen. Du skal ikkje betale gebyr om du har overtatt konsesjonsfritt på grunn av odelsrett eller slektskap, og du søker konsesjon fordi du ikkje skal busette deg på eigedomen.

C. Nærare om utfylling av søknad om konsesjon

Det er viktig at opplysningane i søknaden blir gitt så fullstendig som mogleg. Dette kan mellom anna bidra til å redusere saksbehandlingstida og sikre at saka blir behandla på rett faktisk grunnlag.

Felta 1 - 5

Både overdragaren og du som søker konsesjon, må opplyse om namn og adresse, fødsels- eller organisasjonsnummer. Juridiske personar (til dømes aksjeselskap) nyttar eit organisasjonsnummer. Organisasjonsnummeret får ein ved å vende seg til Enhetsregisteret (Brønnøysundregistra www.brreg.no). Opplyse om telefonnummer og eventuell e-postadresse når du tar kontakt med registeret.

Felta 6 - 11

Om avhendinga omfattar fleire gards- og bruksnummer, må alle førast opp i felt 6. Gjeld søknaden konsesjon på feste, skal du føre opp festenummeret dersom eit slik fins. Gjeld søknaden konsesjon på stifting eller avhending av andre rettar knytt til fast eigedom som inneber konsesjonsplikt etter § 3 i konsesjonslova, skal retten beskrivast (grusrett, utbyggingskontrakt o.l.).

I felt 7 skal du føre inn kjøpesummen for eigedomen. Gjeld søknaden konsesjon på leige av eigedomen, skal leigesummen pr. år førast opp. Om du har overtatt eigedomen ved arv eller gåve, skal sannsynleg verdi for dette fyllast inn i feltet. Hefter det kårtytingar på eigedomen, skal verdien av dissa førast opp. Døme på kårtytingar er burett og naturalia (mjølk, poteter, ved, snørydding o.l.). Kårforpliktingar som ikkje er bundne til kvart år, skal førast opp som 5-årig verdi. Ytterlegare opplysningar om omfattande kårtytingar som burett og liknande, mellom anna om sannsynleg varigheit, skal gå fram av kjøpekontrakt eller saksutgreiinga under behandlinga av konsesjonssøknaden. Dersom lausøyre følgjer med i avhendinga, skal verdien førast opp i feltet for dette.

Du treng ikkje fylle ut felt 7 dersom du har overtatt konsesjonsfritt på grunn av odelsrett eller slektskap og du søker konsesjon fordi du ikkje skal busette deg på eigedomen.

I felt 8 skal du føre opp kommune og fylke eigedomen ligg i. I felt 9 skal opplysningar om totalarealet til eigedomen eller eigedomane fyllast ut. Dersom tileigninga gjeld fleire gards- og bruksnummer, skal alle reknast med. I tillegg skal det opplyst om korleis arealet til eigedomen fordeler seg på ulike arealkategoriar. I feltet for dyrka jord skal det førast opp fulldyrka jord, overflatedyrka jord og innmarksbeite. I feltet for produktiv skog fører du opp skog med produksjonsevne på minst 100 liter (0,1 kubikkmeter) per dekar per år. Som anna areal reknar ein myr, grunnlendt mark, uproduktiv mark, fjell i dagen o.l. Sjå www.gardskart.skogoglandskap.no for meir informasjon om din eigedom.

Føreligg det skogbruksplan for eigedomen, må du oppgi fordeling på hogstklasse I-V og bonitet, og balansekvantumet for den produktive skogen.

I felt 11 skal du føre opp kva bygningar som står på eigedomen i dag (til dømes bustadhus, kårbustad, hytte, driftsbygning, forretningsbygg, industribygg, seter o.l.). I tillegg skal grunnflata for kvar enkelt bygning spesifiserast i kvadratmeter og talet på etasjar. Om du har opplysningar om den tekniske tilstanden til bygningen (god, middels eller dårleg) og byggeår, (til dømes frå takst over eigedomen) skal dette førast opp.

Feltene 12 - 16

Følgjer andre rettar med i avhendinga, skal du føre desse opp i felt 12. Døme på slike rettar er beiterett (til dømes i utmark), strandrett, jakt- og fiskerett, hogstrett, allmenningsrett, slåtterett o.l. Om du, ektefellen din eller dine born under 18 år eig eller leiger andre eigedomer i kommunen eller i andre kommunar, skal gards- og bruksnummer på desse førast opp i høvesvis felt 13 og 14. I felt 15 skal du beskrive korleis eigedomen blir brukt i dag. For landbrukseigedomar skal det gå fram om eigedomen blir drive med husdyrhald, planteproduksjon e.l. I felt 16 skal du opplyse kva eigedomen skal brukast til. Eit døme på slik bruk kan være tileigning til fritidseigedom, landbruksformål eller industri.

Feltene 17 - 21

Skal eigedomen du søker konsesjon på nyttast som tilleggsjord til anna eigedom du eig frå før, må du føre opp gards- og bruksnummer på denne eigedomen. I felt 18 skal du opplyse om kva for teoretisk utdanning og/eller praktisk erfaring innanfor jord- og skogbruk du har.


Du treng ikkje å fylle ut felt 18 om du har tatt over eigedomen konsesjonsfritt på grunn av odelsrett eller slektskap og du søker konsesjon fordi du ikkje skal busette deg på eigedomen.

I felt 19 må du krysse av for om du vil forplikte deg til å busette deg på eigedomen innan eitt år og sjølv bu der i minst 5 år samanhengande. Er tileigninga i utgangspunktet konsesjonsfri på grunn av ekteskap, slektskap eller odelsrett, og du søker konsesjon fordi du ikkje skal busette deg på eigedomen, jf punkt A, må du krysse av for dette alternativet i felt 19. Du kan gi nærare opplysningar om bakgrunnen for at du ikkje skal busette deg på eigedomen på side 3, under "Eventuelle tilleggsopplysningar", eller ved å legge ved eige brev.

Gjeld søknaden ein jord- eller skogbrukseigedom, skal det i samband med behandlinga av konsesjonssøknaden vurderast om det er nødvendig med delingsamtykke etter § 12 i lov av 12. mai 1995 nr. 23 om jord (jordlova). I felt 20 må du derfor opplyse om overdragaren eig annan fast eigedom i kommunen enn den som no blir avhenda. Er det fleire som søker konsesjon på same landbrukseigedom, må det opplyst om søkerane er gift, sambuarar eller partnarar i felt 21.

Felt 22

Både du som tileignar og overdragaren må skrive under på konsesjonssøknaden. For umyndige - personar under 18 år eller umyndiggjorte - må verja skrive under. Advokatar kan skrive under på vegner av partane om det ligg føre fullmakt.



Målestokk 1 : 1000 ved A4 utskrift
Utskriftsdato: 11.07.2017

GRUNNEIENDOM 1515-12/22



NIBIO

NORSK INSTITUTT FOR
BIOØKONOMI

Markslag (AR5) 13 klasser
TEGNFORKLARING

	Fulldyrka jord
	Overflatedyrka jord
	Innmarksbeite
	Skog av sær s høg bonitet
	Skog av høg bonitet
	Skog av middels bonitet
	Skog av lav bonitet
	Uproduktiv skog
	Myr
	Åpen jorddekt fastmark
	Åpen grunnlendt fastmark
	Bebygd, samf, vann, bre Ikke klassifisert
	Sum:

AREALTALL (DEKAR)

	0.4	
	0.0	
	0.0	0.4
	0.0	
	0.0	
	0.0	
	0.0	
	0.0	0.0
	0.0	
	0.0	4.6
	0.0	4.6
	0.0	0.0
	0.0	0.0
	5.0	5.0

Kartet viser en presentasjon av valgt type gårdskart for valgt eiendom. I tillegg vises bakgrunnskart for gjenkjennelse. Arealstatistikken viser arealer i dekar for alle teiger på eiendommen. Det kan forekomme avrundingsforskjeller i arealtallene.

Ajournføringsbehov meldes til kommunen.

Arealressursgrenser

Eiendomsgrenser



Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	EFLÅ	Arkivsaknr:	2015/1785
		Arkiv:	42/1

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
44/17	Maritim og teknisk komite	28.08.2017

KÅRE JENSHOLM - 42/1 - SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ GJELDANDE REGULERINGSPLAN/FØRESEGN

Tilråding:

Maritim og teknisk komite vedtek at det ikkje vert gjeve dispensasjon frå § 6 i føresegnene til detaljreguleringsplan for gnr 42, nr 1 på Jensholmen – jf plan id 201301 og plan -og bygningslova §19-2, med sikte på oppføring av to endenaust med takopplett og utviding av hems til 24,6m².

Avslaget er grunngjeve med at ein dispensasjon frå § 6 i dette høvet vil vesentleg tilsidesette føremålet bak gjeldande plan og føresegn, jf planid 201301. Nausta ligg i eit område regulert gjennom ein detaljplan av ny dato og ein dispensasjon vil medføre anna bruk enn tradisjonell naustbruk.

Maritim og teknisk komite opnar opp for at dei 2 endenausta kan isolerast.

Ein gjer merksam på at dette vedtaket kan klagast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde. Mogleg klage må vere skriftleg og grunngjeven og den skal stilast til Fylkesmannen, men sendast til Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg. Klagefristen er på 3 – tre – veker frå den dag melding om vedtaket har kome fram til den som har klagerett, jfr plan- og bygningslova § 1-9 og forvaltningslova §§ 28 og 29.

Særutskrift:

Kåre Jensholm, Prestegardsvegen 3, 6070 Tjørnvåg
Myklegard Consult as, PB 64, 6099 Fosnavåg
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde
Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde

Vedlegg:

- 1 01 - Søknad om endring, 09.05.2017
- 2 02 - Førebels svar til søkar, 19.05.2017
- 3 03 - Svar frå søkar , 07.06.2017
- 4 04 - Høringsbrev ut, 12.06.2017
- 5 05 - Svar frå Fylkesmannen, 03.07.2017
- 6 06 - svar frå Møre og Romsdal Fylkeskommune

Samandrag av saka:

På Jensholmen er det gjennom reguleringsplan lagt opp til bygging av naust i rekker, jf gjeldande reguleringsplan område BKB2 med tilhøyrande føresegner – plan id 201301 – detaljreguleringsplan for gnr 42, bnr1.

Herøy kommune har i ds-sak 41/16, den 12.02.2016 godkjent bygging av 3 nye naustrekker i tråd med gjeldande plan for området. Vedtaket gir løyve til å bygge naust for tradisjonelle naustføremål med ein hems med maks storleik 12,5 m2.

Den 09.05.2017 vart det innregistrert ein søknad om endring knytt til dette vedtaket. Søknaden var å rekne som mangelfull. Den inneheldt ikkje nabovarsling. Det var også ny tiltakshavar (Kåre Jensholm) og ansvarleg søkar (Myklegard Consult as) i denne søknaden om endring i forhold til ds-sak 41/16.

Den 19.05.2017 vart det sendt ut eit førebels svar til ansvarleg søkar. I dette brevet vart det opplyst om at saka måtte supplerast med komplett søknad om dispensasjon og komplett nabovarsling. På dette tidspunkt opplyste også kommunen om at vi vil halde på vedteken plan med føresegn for utviklinga av området.

Den 07.06.2017 kom det epost frå ansvarleg søkar i saka. I denne eposten vart det stadfesta at dei vil prøve saka gjennom dispensasjon og det var tilstrekkeleg med nabovarsling knytt til søknaden om endring med dispensasjon.

Den 12.06.2017 sende kommune saka på høring til regionale instansar

Det ligg no føre svar frå desse og dispensasjonssaka er klar til politisk behandling i MTK.

Saksopplysningar:

Ansvarleg søkar, Myklegard Consult as, har på vegne av tiltakshavar, Kåre Jensholm, søkt om dispensasjon for å få bygge endenausta i ei rekke på Jensholmen, gnr 42, bnr 1, med takopplett, stor hems på 24,6 m2 og isolere bygga.

Grunngjeving frå søkar:

Ansvarleg søkjar viser til at tiltakshavar på det tidspunkt planen vart laga ikkje visste om ønska til framtidige kundar. Vidare vert det vist til at liknande bygg er oppførte på sørsida av Jensholmen og det er mange slike bygg med takopplett i Leinevika. Med slike type naust vil det gi betre rekreasjon for dei som eig desse nausta.

Søknad om dispensasjon er grunngeven og det er utført tilstrekkeleg nabovarsling inn mot tilstøytande naust/naustrekker på Jensholmen.

Det ligg no føre uttale frå følgande i saka:

- Fylkesmannen i Møre og Romsdal
- Møre og Romsdal Fylkeskommune

Uttale frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal av 03.07.2017:

Fylkesmannen kjem med følgande merknad til søknaden om dispensasjon. Dersom kommunen vel å gi dispensasjon må kommunen vere trygg på at samfunnstryggleiken vert ivareteken. Nausta må plassert tilstrekkeleg trygt mot stormflo, jf TEK 17 §7-2.

Uttale frå Møre og Romsdal fylkeskommune av 05.07.2017:

Møre og Romsdal fylkeskommune kjem med følgande merknad til dispensasjonen. Tiltak det her vert søkt om dispensasjon for vil føre til ei vesentleg endring av bygga og bruken av dei. Dette vil kunne gi ein presedens for resten av området. Møre og Romsdal fylkeskommune frårår at kommunen gir dispensasjon og ber særskilt om å få tilsendt vedtaket i saka.

Vurdering og konklusjon:

Dei 2 aktuelle nausta som det no vert søkt om dispensasjon for ligg i ei ny naustrekke på Jensholmen, det er endenausta. Området er regulert gjennom detaljreguleringsplan for gnr 42, bnr 1 – planid 201301. Planen med tilhøyrande føresegner er av ny dato (27.08.2015) og administrasjonen har i tidleg fase signalisert at vi vil halde fast på plan og føresegner.

Det er § 6 i føresegnene det vert søkt dispensasjon frå. Vidare vert det søkt om større hems enn godkjent i byggesak, frå 12,5 m² til 24,6m². Det er også søkt om isolering.

Med bakgrunn i at planen med føresegner er av så ny dato, godkjent av Herøy kommunestyre 27.08.2015 og at det i § 6 står så klart at nausta skal ikkje ha kvist/takoppløft (jf § 6 punkt 2) kan vi ikkje opne opp for slik utforming av nausta. Saman med større hems og isolering vil desse tre grepa føre til at bygga vert nytta til ein heilt anna bruk enn det som vert lagt opp til gjennom planen for området.

Skal ein tillate slik utforming og bruk av nausta på Jensholmen må dette takast gjennom utarbeiding av ny reguleringsplan, jf §12-14 i plan og bygningslova. Å opne opp for slik utforming og bruk gjennom dispensasjon vil vere uheldig og det kan skape presedens for vidare utvikling av området. Endra bruk av nausta og endra utforming gir fleire uavklarte moment – desse bør utredast gjennom reguleringsarbeid. Dette vart signalisert tidleg til søkar og også kommentert ytterlegare av Møre og Romsdal fylkeskommune.

Når det gjeld isolering er dette noko som kan tillatast – det vil i seg sjølv ikkje føre til endra bruk eller påverke utsjånaden på naustbygga. På same tid så vil det ha positiv verknad inn mot brannsmitte mellom nausta i rekka.

Søkar sitt argument om at når ein laga planen ikkje visste om kva behov framtidige kundar ville ha, er eit element som, i ein så ny plan burde blitt vurdert i planarbeidet. Denne planen er av så ny dato og har ei heilt klar føresegn som går på dette med takopplett og bruk av bygga. Det at andre naustbygg i kommunen har slik utforming gir ingen automatisk likebehandling – alle einskildsaker, der det vert søkt dispensasjon, skal handsamast kvar for seg. Søkar viser til at slike type naust vil gi betre rekreasjon for eigarane. Den gjeldande reguleringsplanen har eit eige avsett område merka BAA. Der kan førast opp eit servicebygg som skal innehalde funksjonar for småbåthamna si drift. I føresegna står det at dette kan innehalde kontor, sanitæranlegg, møterom mm jf § 6 i føresegna punkt nr 3.

Vilkår for å få dispensasjon etter pbl § 19-2 er at omsynet bak regelen det dispenserast frå eller omsynet bak pbl sin formålsregel ikkje vert vesentleg tilsidesett. I tillegg må det vere klart større fordelar enn ulemper ved ein dispensasjon. Dersom desse to vilkåra er innfridd «kan» kommunen gi dispensasjon. Det skal ikkje vere kurant å få dispensasjon frå lovens reglar.

I denne saka er det føresegna sin § 6 som må vurderast. Om ein gir dispensasjon og tillet takopplett vil ein legge til rette for ein type bygg med heilt anna bruk enn det som planen og føresegna legg opp til. Når ein då i tillegg utvidar hemsene i 2. høgda og isolerer vil dette sette til side det omsynet som planen og føresegna skal ivareta – nemleg ei lik utbygging av naust i rekke til tradisjonelle naustføremål – lager.

Dette har også Fylkesmannen kommentert i sin merknad – nemleg at bygga går frå å vere bygg i tryggleiksklasse F1 til F2. Dei her omsøkte endringane vil legge til rette for at personar kan opphalde seg i bygga i større omfang.

I denne saka har begge høyringsinstansane uttalt seg negative til at kommunen gir dispensasjon frå gjeldande plan/føresegn. Pbl seier uttrykkeleg i § 19-2 fjerde ledd at det i dispensasjonsvurderinga skal leggjast særleg vekt på statleg og regionale rammer og mål, og at kommunen ikkje bør dispensere når statleg eller regional myndigheit har uttalt seg negativt om dispensasjonen.

Rådmannen går ikkje inn på ei vurdering av om det er klart større fordelar enn ulemper ved ein dispensasjon, då inngangsvilkåret ikkje er innfridd, med unnatak av isoleringa, som vil føre til betre kvalitet på bygget, den vil minke brannsmittefaren mellom nausta i rekka og betre lagerfunksjonen ved kuldeperioder.

Rådmannen rår MTK til å fatte fylgjande vedtak:

Maritim og teknisk komite vedtek at det ikkje vert gjeve dispensasjon frå § 6 i føresegnene til detaljreguleringsplan for gnr 42, nr 1 på Jensholmen – jf plan id 201301 og plan -og bygningslova §19-2, med sikte på oppføring av to endenaust med takopplett og utviding av hems til 24,6m².

Avslaget er grunngeve med at ein dispensasjon frå § 6 i dette høvet vil vesentleg tilsidesette føremålet bak gjeldande plan og føresegn, jf planid 201301. Nausta ligg i eit område regulert gjennom ein detaljplan av ny dato og ein dispensasjon vil medføre anna bruk enn tradisjonell naustbruk.

Maritim og teknisk komite opnar opp for at dei 2 endenausta kan isolerast.

Konsekvensar for folkehelse:

Ingen

Konsekvensar for beredskap:

Ingen

Konsekvensar for drift:

Ingen

Fosnavåg, 22.08.2017

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Kommunalsjef Samfunnsutvikling

Sakshandsamar: Eivind Flåskjer

Fra: Arkiv Herøy[arkiv@heroy.kommune.no]
Sendt: 10.05.2017 08:04:29
Til: Brit Berge
Tittel: VS: Søknad om endring av gitt tillatelse, gnr. 42 bnr. 1

Fra: Geir Myklebust [<mailto:post@myklegard.com>]
Sendt: 9. mai 2017 23:04
Til: postmottak
Kopi: 'Lanternen AS'
Emne: Søknad om endring av gitt tillatelse, gnr. 42 bnr. 1

Hei.

På vegne av tiltakshaver, søkes det om endring av gitt tillatelse på oppføring av naust, samt endring av ansvarlig søker.


Vi har vurdert det slik at det ikke skulle vere nødvendig med nabovarsel.

Med beste helsing

Geir Egil Myklebust

Myklegard Consult AS
Postboks 64
6099 Fosnavåg

Tlf: 480 33747
E-post: post@myklegard.com



MYKLEGARD CONSULT AS

Postboks 64
6099 FOSNAVÅG

Saksnr	Arkiv	Dykkar ref	Avd /sakshandsamar	Dato
2015/1785	42/1		UTV / EFLÅ	19.05.2017

FØREBELS SVAR I SAK 2015/1785:

Viser til innkomen søknad om endring og dispensasjon frå gjeldande reguleringsplan med føresegner , datert 09.05.2017.

Naustrekka er godkjent i Ds-sak 41/16, den 12.02.2016. Vedtaket gir løyve til naust for tradisjonelle naustføremål, ikkje innreiaast til varig opphald og hems med maks storleik 12,5m2.

Denne søknaden om endring og dispensasjon må nabovarslast på lik linje med byggesaka. Søknaden må nabovarslast jf plan og bygningslova § 21-3 1 ledd.

Det vert søkt om dispensasjon for å etablere takopplett på endenausta, isolering /innreiing og større hems enn godkjent.
(når det gjeld storleik på hems er det 12,5 m2 som er godkjent, det er komt inn ein feil i Ds-sak 41/16 under saksopplysingane. – Det står 12,5m2 i sjølve vedtaksordlyden og teikningane som følger vedtaket viser hems på 12,5m2)

Naustrekka ligg i eit område som er regulert gjennom planid 201301 – detaljreguleringsplan for gnr 42, bnr 1. Planen er av ny dato og administrasjonen vil halde fast på gjeldane plan og føresegner for utbygging i området. Slik søknden framstår vil dette medføre anna bruk enn tradisjonelle naustføremål.

Det er sjølvstomt mogleg å prøve saka politisk i Maritim og teknisk komite – når den er komplett nabovarsla vil vi då sende saka på høring til regionale instansar. Minner også om at søknad om dispensasjon har eit gebyr på 11773,- uansett utfall av saka.


Med helsing

Jarl Martin Møller
Avdelingsleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Eivind Flåskjer
Sakshandsamar





«MOTTAKERNAVN»
«KONTAKT»
«ADRESSE»
«POST «POSTSTED»
»

Saksnr 2015/1785	Arkiv 42/1	Dykkar ref «REF»	Avd /sakshandsamar UTV / EFLÅ	Dato 12.06.2017
---------------------	---------------	---------------------	----------------------------------	--------------------

Kåre Jensholm - 42/1 - søknad om dispensasjon frå gjeldande reguleringsplan for å bygge naust med takopplett, hems på 24,6 m2 ogisolering.

Planstatus:

Naustrekka er regulert i Detaljreguleringsplan for gnr 42, bnr 1 , Lanternen Marina – planid 1515 201301.

Plan er vedtatt 27.08.2015.

Det vert søkt dispensasjon frå § 6 i reguleringsføresegn «naust skal ikkje ha kvist/takoppløft».

Det vert også søkt om å få etablere hems med storleik på 24,6 m2 og om å få isolere/innreie nausta.

Kva føremål vert søkt dispensasjon til:

2 naust med takopplett, hems på 24,6 m2 og isolering av naustbygg. Aktuelle kjøparar av nausta vil nytte bygga til innandørs aktivitet.

Gards- og bruksnummer:

Gnr 42 Bnr 1

Skildring av omsøkte tiltak (volum, utforming, situasjonsskisser):

Jf vedlegg

Andre opplysingar om saka:

Det er gitt løyve til den omsøkte naustrekka i ds sak 41/16 den 12.02.2016 – men då i samsvar med plan. Det vert no søkt om endring med då tilhøyrande dispensasjon.

Ansvarleg søker : Myklegard Consult as

Tiltakshavar: Kåre Jensholm



Kommunen ber om uttale til saka innan: **12.07.2017**

Vedlegg:

Kopi av tiltakshavar sin søknad og grunngiving med tilhøyrande vedlegg.
Oversynskart/ortofoto som viser tydelig kvar i kommunen tiltaket er lokalisert
Kopi av ds-sak 41/16 med godkjente teikningar

Med helsing

Jarl Martin Møller
Avdelingsleiar

Eivind Flåskjer
Sakshandsamar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Kopi:
Myklegar Consult as pb64 6099 FOSNAVÅG

Herøy kommune
Utviklingsavdelinga
Postboks 274
6099 Fosnavåg

Fosnavåg 08.05.14

GNR. 42 BNR. 1 - SØKNAD OM DISPENSASJON VED INNREIDNING AV NAUST

I henhold til plan- og bygningslova § 19, søkes det om dispensasjon frå reguleringsplanens bestemmelser om at nausta ikkje skal ha takoppløft.

Videre søkes det om disp. om å få isolere og innreie nausta, samt disp. for maks. kravet på hems sett til 23,5 m².

Forutsetninger

I reguleringsplanen under § 6 står det at «nausta skal ikkje ha kvist/takoppløft». I godkjent igangsettingsløyve, står det at hems skal vere på maks. 23,5 m². Type areal er ikkje beskrevet, men dersom vi berekner tillatt bruksareal (T-BRA), blir hems på 24,6 m². Denne auka har samanheng med takoppløftet.

Grunngiving for dispensasjon

Tidligere ansvarlig søker, skal ha vore i kontakt med kommunen med spørsmål om mulighet for å få godkjent takoppløft. Slik vi tolker det, var kommunen positiv til dette. For å kunne få bedre utnyttelse av loftsarealet, er det veldig viktig å ha takoppløft. Sidan desse to nausta ligg på kvar sin ende på ei rekke, ser det bra ut arkitektonisk med takoppløft. Takoppløftet gjer at arealet på hems blir 1,1 m² større enn det som er godkjent.

Båtforeininga og Marin Eiendom AS, ønsker å bruke nausta også til innandørs aktiviteter. Då er det viktig at bygga er isolerte/ innreidde. Men som igangsettingsløyvet viser, skal nausta uansett ikkje brukes til varig opphald.

Når det gjeld innreidning, vises det til at det tidligere vart gjeve løyve til Jensholmen Båtlag og Herøy Dykkerklubb, der desse vart isolerte og innreidde. Desse nausta ligg på sørsida.

Med desse grunngjevingane, håper vi at denne disp. søknaden blir godkjent.

Med beste helsing



Geir Egil Myklebust
Ansvarlig søker

Fra: Arkiv Herøy[arkiv@heroy.kommune.no]
Sendt: 08.06.2017 12:38:47
Til: Brit Berge
Tittel: VS: Nabovarsel på gnr. 42 bnr. 1 på Lanternen

Fra: Geir Myklebust [<mailto:post@myklegard.com>]
Sendt: 7. juni 2017 23:59
Til: postmottak
Kopi: 'Lanternen AS'
Emne: Nabovarsel på gnr. 42 bnr. 1 på Lanternen

Hei.

Viser til kommunens brev av 19.05.17, der det går fram at søknad om takløft og innreining av 2 stk naust, må nabovarsles. Nabovarsling med kvitteringsliste er lagd ved denne mail.

Tiltakshaver ønsker å gå vidare med saka, for å få dispensasjonsøknaden godkjent i Maritim og teknisk komite.

Ein er klar over at reguleringsplanen ikkje inneheld godkjenning på takløft og isolering/ innreidning. Administrasjonen har som ønske at ein skal halde seg til reguleringsplanen. Det er vel og bra. Men på det tidspunktet reguleringsplanen vart laga, visste tiltakshaver lite om kva ønsker framtidige kunder måtte ha. Tiltakshaver prøver å tilpasse sitt produkt til kva markedet ønsker. Reguleringsplan må ein ha i utbygginger, men samtidig vil der vere rom for dispensasjoner, og spesielt der ein ser at reguleringsplanen ikkje blir vesentlig tilsidesett. Det viktigaste er at størrelsene på nausta blir identisk. Dispensasjonen går på å innreide nausta, samt takløft. Ein kan vanskeleg sjå kva skade denne forandringa kan gjere. Formålet med disp. søknaden er å bruke areala til rekreasjon for medlemmande (klubblokale), samt rekreasjon for tilsette i Marinteknikk. Det burde tenkes at ein slik bruk, vil gi eit betre miljø for brukarane og miljøet ved nausta. Ser vanskelig at det kan vere skadeleg at trivselen aukar.

Så er det dette med likebehandling. På sørsida har dykkarklubben og båtforeininga Jensholmen Båtlag, fått løyve til det same tidligare. Ein har vanskelig å forstå kvifor ein ikkje skal kunne oppnå dispensasjon i dagens søknad. Det er tross alt berre snakke om 2 naust.

For ordens skyld sendes det med bilder frå andre naust på Jensholmen med takløft, samt eit par bilder frå Leinevika. Uten å ha studert reguleringsplanen for Leinevika, må det bemerkes at der er det takløft i stort omfang.

Ut ifrå denne argumentasjon, ser vi fram til godkjenning av disp. søknaden.

Med beste helsing

Geir Egil Myklebust

Myklegard Consult AS
Postboks 64
6099 Fosnavåg

Tlf: 480 33747

Kommunens saksnr.



Søknad om endring av gitt tillatelse

etter plan- og bygningsloven (pbl) § 20-2

Berører endringen av tiltaket eksisterende eller fremtidige arbeidsplasser slik at det må innhentes nytt samtykke fra Arbeidstilsynet? Ja Nei


Hvis "ja" må slikt vedtak innhentes før igangsettingstillatelse kan gis. Byggblankett 5177 med vedlegg.

Søknaden gjelder							
Eiendom/ byggested	Gnr.	Bnr.	Festenr.	Seksjonsnr.	Bygningsnr.	Bolignr.	Kommune
	42	1					Herøy kommune
	Adresse				Postnr.	Poststed	
Jensholmen - Herøy				6094	LEINØY		

Beskrivelse av endring(er) av tiltak (dispensasjoner, areal, plassering, formål, bruk)
<p>På området BKB2, søkes det om å få oppføre 2 naust med takoppløft. 1 naust i kvar ende på naustrekka.</p> <p>Takløft er ikkje godkjent i igangsettingsløyvet, derfor må det søkes spesielt, i tillegg til disp. søknad.</p> <p>Det søkes også om å få isolere/ innreide desse 2 nausta.</p>

Vedlegg			
Nye vedlegg og tidligere vedlegg som endres	Gruppe	Nr. fra – til	Ikke relevant
Opplysninger om tiltakets ytre rammer og bygningsspesifikasjoner, byggblankett 5175	A	-	<input type="checkbox"/>
Dispensasjonssøknad (begrunnelse/vedtak) (pbl kap 19)	B	1 -	<input type="checkbox"/>
Nabovarsling (gjenpart/nabomerknader/kommentarer til nabomerknader)	C	-	<input type="checkbox"/>
Situasjonsplan, avkjøringsplan	D	1 -	<input type="checkbox"/>
Tegninger	E	1 - 4	<input type="checkbox"/>
Redegjørelser/kart	F	-	<input type="checkbox"/>
Erklæring om ansvarsrett	G	1 -	<input type="checkbox"/>
Gjennomføringsplan	G	2 -	<input type="checkbox"/>
Boligspesifikasjon i matrikkelen	H	-	<input type="checkbox"/>
Uttalelser fra annen offentlig myndighet	I	-	<input type="checkbox"/>
Rekvisisjon av oppmålingsforretning	J	-	<input type="checkbox"/>
Andre vedlegg	Q	-	<input type="checkbox"/>

Underskrifter			
Ansvarlig søker for tiltaket (for tiltak etter pbl § 20-1)		Tiltakshaver (bare for tiltak uten ansvarlig søker etter pbl § 20-4)	
Foretak Myklegard Consult AS		Navn	
Kontaktperson Geir Egil Myklebust	Telefon 480 33747	Mobiltelefon	Kontaktperson
E-post post@myklegard.com			Telefon
Dato 09.05.2017	Underskrift <i>Geir Egil Myklebust</i>	Dato	Mobiltelefon
Gjentas med blokkbokstaver GEIR EGIL MYKLEBUST		Gjentas med blokkbokstaver	E-post




Kartopplysningar som kreves ved omsetning av eigedomar, skal bestilt skriftleg hjå kommunen. Kommunen står ellers ikkje ansvarleg for feil i kartet.



1:500

02.09.2015



IVAR SULEBAKK
design

IVAR SULEBAKK
Tel: 911 59 584
ivar.sulebakk@gmail.com





FOR LANTERNEN MARINA – JENSHOLMEN, 6070 Tjørnvåg
VEDRØRENDE OPPFØRING AV NYE NAUSTREKKER – BKB 2 – BKB 3 – BKB 4
SITUASJONSPLAN
MÅL 1:500
DATO 07.09.2015

Arkitekt Ivar Sulebakk, Postboks 385, 6030 Fosnavåg

BYGGEMELDINGSTEGNING

JUSTERT : 07.12. -15


Planen er utarbeidd og godkjent av kommunen. Kommunen står ellers ikkje ansvarleg for feil i kartet.




BYGGMELDINGSTEGNING
 Naust/lager
 Tiltakshaver: For båtforeninga
 Jensholmen Nord
PLANER Mål 1:100
- SNITT Dato: 25.02.17


 design


Arkitektivar Sulebakk, Postboks 185, 6090 Fosnavåg




MOT NORD-ØST



MOT NORD-VEST



MOT SYD-VEST



MOT SYD-ØST

 design

BYGGMELDINGSTEGNING

Naust/lager


Tiltakshaver: For båttforeninga

Jensholmen Nord

FASADER Mål 1:100

Dato: 25.02.17

Atkitekt: Ivar Sjulbak, Pøstboks 385, 6090 Fosnavåg



HERØY KOMMUNE

UTVIKLINGSAVDELINGA

AG Plan og Arkitektur as
Webjørn Svendsen gata 12
6150 ØRSTA

LØYVE TIL TILTAK

etter plan- og bygningslova § 20 – 1

Sakshandsamar:	EFLÅ	Saksnr.	2015/1785
Utvalssaksnr:	41/16	Arkiv:	42/1
		Vedtaksdato:	12.02.2016

ENKELTVEDTAK – med klagerett i samsvar med forvaltningslova kap. 6

Lanternen as - 42/1 - 16 naust i 3 rekker med tilhørende anlegg

Med heimel i Herøy kommune sitt delegasjonsreglement – "Delegasjon til rådmannen" pkt. 2, vedteke K-sak 79/12, og intern delegasjon frå rådmannen, vert det gjort slikt;

Vedtak:

A. Med heimel i pbl § 21-4 av 27. juni 2008 nr. 71, med tilhørende forskrifter og vedtekter godkjenner utviklingsleiaren søknad om løyve til tiltak etter pbl § 20-1, datert 07.01.2016.

Utviklingsleiaren gjev løyve til oppføring av 16 nye naust, med tilhørende ny p-plass på område SPP1, sikring mot sjø, tilkomstveg over område SPP2 og BBS, nytt VA-anlegg og el.framføring til naust på gnr 42, bnr 1, slik det er søkt om og etter innsendte teikningar, situasjonsplan datert 08.02.2016 og søknad datert 07.01.2016.

- Nausta skal kun nyttast til tradisjonelle naustføremål
- Naust skal ikkje innreiast til varig opphald
- Hems i naust skal kun vere 12,5m²

B. Følgjande dokument ligg til grunn for godkjenninga:

- Søknad om løyve til tiltak med vedlegg, datert 07.01.2016
- Situasjonsplan, datert 08.02.2016
- Plan-, snitt- og fasadeteikningar, datert 07.09.2015
- Snitt teikning datert 07.09.2015

- Hems i naust maks 23,m2, 10.02.2016
- Teknisk plan/Utomhusplan
- Søknad om ansvarsrett for SØK, PRO, UTF
- Gjennomføringsplan, datert 16.12.2015

C. Godkjenning av ansvars- og kontrollomfang (jfr. pbl kapittel 23 og SAK kapittel 9 og 14)

Følgjande føretak vert godkjende i samband med denne saka, jf. kap. 9 i byggesaksforskriften (SAK 10) og pbl § 22-3 :

Jf gjennomføringsplan datert 16.12.2015.

D. Løyvet er elles gjeve på følgjande vilkår:

1. Løyvet er basert på reguleringsplan: Lanternen Marina– jf planid 201301.
2. Nausta skal kun nyttast til tradisjonelle naustføremål.
3. Nausta skal ikkje innreiast til varig opphold.
4. Hems i naust: maks 23,5m2.
5. Dersom det skal etablerast avløp frå nausta må dette søkjast særskilt om.

E. Før bygget kan takast i bruk, må det søkast om ferdigattest / mellombels bruksløyve og søknaden må vere godkjent av kommunen, jfr. pbl §§ 21-9 og 21-10.

Som vedlegg til søknad om ferdigattest / bruksløyve må det følgje:

1. Komplette og oppdaterte gjennomføringsplan for heile tiltaket.
2. Der tiltaket krev avfallsplan/miljøsaneringsplan, jfr. TEK 10 §§ 9-6 og 9-7, skal dokumentasjon på faktisk disponering av avfall (sluttrapport) leggjast ved søknaden om ferdigattest / bruksløyve, jfr. SAK 10 § 8-1.
3. Alle vilkår i høve utsleppsløyve for denne eigedommen skal vere dokumentert stetta i søknad om ferdigattest / mellombels bruksløyve.
4. Ved overlevering til ny eigar skal det følgje FDV-dokumentasjon for bygget, Dette skal gå fram av dokumentasjonen som ligg ved søknad om ferdigattest.

Dette løyvet og dei kart og teikningar det vert vist til, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Jarl Martin Møller
Utviklingsleiar

Eivind Flåskjer
Sakshandsamar

Vedtaket er elektronisk signert

SAKSOPPLYSNINGAR:

Tiltak:	16 nye naust med tilhørende anlegg
Søknadsdato:	07.01.2016 Klar til handsaming 10.02.2016
Tiltakshavar:	Lanternen as
Ansvarleg søkjar:	AG Plan og Arkitektur as
Nabovarsel:	Ingen merknader.
Eigedom:	Gnr 42 bnr 1
Planstatus:	Eigedomen er avsett til naust med hems, annen veggrunn og småbåtanlegg på land i følgjande reguleringsplan: Lanternen marina – planid 201301 Jf F-sak 36/16- 09.02.2016 –reguleringsendring.
Parkeringsareal	Reguleringsføresegnene sett krav om 1 p-plass pr 3 båtplass. 16 nye naust = 6 nyre p-plassar.
Utnyttingsgrad:	Omsøkt utbygging er i samsvar med RP Lanternen marina planid 201301 samt reguleringsendring i F-sak 36/16 datert 09.02.2016.
Plassering:	I samsvar med vedteken reguleringsendring, jf. Som vist på oppdatert situasjonsplan datert 08.02.2016.
Tilkomst: Avkøyrsløp:	Eigedomen skal tilknytast offentleg veg (namn på veg). Avkøyrsløp skal utformast i tråd med kommunale retningslinjer.
Vatn: Avløp:	Eigedommen ligg innanfor området til privat vassverk. Det må opprettast avtale med det private vassverket.
Estetikk (pbl §§ 28-7, 29-1 til 29-3):	Den estetiske utforminga av tiltaket i høve omkringliggende bygningar, terreng, og visuelle verknadar av høgdeplassering er vurdert som tilfredsstillande.
Uttale frå andre styresmakter (pbl § 21-5)	Statens vegvesen er nabovarsla om tiltaket – utviklingsavdelinga sender ikkje sak på høring vedr oppføring av nye naust – då tiltaket er i samsvar med godkjent reguleringsplan for området og tilkomst/avkøyring er etablert.
Sikkerheit mot natur-påkjønningar (pbl § 28-1)	Det er opplyst frå ansvarleg søkjar at bygningen skal plasserast i område som ikkje er utsett for fare for flom, skred eller andre natur- og miljøtilhøve.

Vurderingar:

Naust er definert som eit uisolert bygg til oppbevaring av båt og tilhøyrande reiskap/vegn. Naust kan ikkje innreiast til varig opphald – altså rom som opnar opp for anna bruk enn naustføremål – stove/spisestove, kjøkken, arbeidsrom og soverom kan ikkje etablerast i naust.

Sakshandsamingsgebyr:

Anlegg i strandsona	kr. 6000,-
Byggesaksgebyr 3000,- +800m ² x19	kr.18.200,-
Ansvarsrettar	kr.1500,-
<u>Sum gebyr</u>	<u>kr. 25.700,-</u>

Faktura for gebyret vert utsendt separat.

Generelle opplysningar	
Bortfall av løyve, jfr. plan- og bygningslova § 23-1	
Er tiltaket ikkje sett i gong seinast 3 år etter at Rammeløyve / byggeløyve er gjeve, fell løyve bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn 2 år. Føregåande avgjerd gjeld tilsvarande for dispensasjonar. Fristane kan ikkje forlengast.	
Vert eit tiltak innstilt i lengre tid enn 3 månader, kan kommunen krevje at stillas og innhegning som støyter mot veg / gate som er open for offentlig trafikk skal fjernast, og at gate og fortau vert rydda og sett i stand.	
Vert eit tiltak ståande utan framdrift i lengre tid enn 1 år, skal stillas fjernast og anlegget / tiltaket setjast i slik stand at det verkar minst mogleg til sjenanse for omgjevnadane. Vare dette lenger enn 2 år, kan kommunen krevje at tiltaket skal fjernast og at tomta / anlegget vert rydda. Ved reparasjon / ombygging, avgjer kommunen i kva for utstrekning byggverket skal først tilbake til sin opphavlege stand.	
Løyve til tiltak etter § 20-1 første ledd bokstav m fell bort dersom det ikkje er rekvirert oppmålingsforretning etter lov om eigedomsregistrering innan tre år etter at løyve vart gjeve, eller dersom matrikkelføring vil vere i strid med lov om eigedomsregistrering.	

Opplysningar om rett til å klage over forvaltningsvedtak	
Klagerett	De har rett til å klage over eit forvaltningsvedtak.
Kven kan De klage til.	Klagen skal stilast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, men sendast til det kommunale organet som har gjort vedtaket. Dersom dette organet ikkje endrar vedtaket som følgje av klagen, vil den bli oversendt til Fylkesmannen for endeleg avgjerd
Fristen til å klage	Klagefristen er 3 veker frå den dagen melding om vedtaket kom fram til Dykk. Dersom De klagar så seint at det kan vere uklårt for oss om De har klaga i rett tid, ber vi Dykk opplyse når De mottok denne meldinga. Dersom klaga blir send for seint, er det høve til å sjå bort frå ho. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen er ute. Om De har særleg grunn til det, kan De likevel søkje om å få forlenga klagefristen. Årsaka til behovet for forlenga klagefrist bør då oppgjevast.
Rett til å krevje grunngjeving	Dersom De ikkje alt har fått grunngjeving for vedtaket, kan De setje fram krav om å få det. Eit slikt krav må setjast fram før klagefristen er ute. Klagefristen blir i så fall avbroten, og ny frist blir rekna frå det tidspunktet De får grunngjevinga.
Innhaldet i klaga	I klagen skal De skrive kva for eit vedtak De klagar på, og nemne den eller dei endringane som De ønskjer. De bør også grunngi kvifor De klagar, og ta med eventuelle andre opplysningar som kan telje med når ein skal vurdere klagen. Klagen må underskrivast
Utsetjing av vedtak	Sjølv om De har klagerett, kan tiltaket dette vedtaket gjeld vanlegvis setjast i verk straks. De kan søkje om oppsetjande verknad. Kommunen vil då vurdere om igangsetjing av tiltaket bør utsetjast.
Rett til å sjå saksdokumenta og til å krevje rettleiing	Med visse avgrensingar har De rett til å sjå saksdokumenta. De må i så fall vende Dykk til det kommunale organet som har sendt denne meldinga. De kan også få nærare rettleiing om klageretten, om korleis De skal gå fram når De klagar, og om reglane for saksbehandlinga elles.
Kostnader ved evt. klagesak	De kan søkje om å få dekt utgiftene til advokathjelp de treng, etter reglane om fritt rettsråd. Det gjeld likevel normalt visse inntekts- og formuegrenser. Fylkesmannskontoret eller vedkommande advokat kan gi nærare rettleiing. Det er også høve til å krevje dekning for større kostnader i samband med klagesaka, t.d. til advokathjelp. Vert vedtaket endra til fordel for ein part, kan ein også søkje om å få dekkte vesentlege kostnader i samband med saka.
Klage til Sivilombodsmannen	Det er også mogeleg å be Stortingets ombodsmann for forvaltningssaker / Sivilombodsmannen om å sjå på sakshandsaming / eventuelt avgjerd hos fylkesmannen.

TEKNIFORKLARING

PBL § 12-5 REGULERINGSFØREMÅL OG 11-8 OMSYNSSSONER

8.2.2016

D6

1. BYGNINGAR OG ANLEGG (PBL § 12-5 nr. 1)

- SMOBÅTANLEGG PÅ LAND
- VAUST MED HØPS
- SERVICEANLEGG FOR SMOBÅTANLEGG

2. SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR (PBL § 12-5 nr. 2)

- ANMAN VEBERUNN - TEKNISK ANLEGG
- ANMAN VEBERUNN - GRØNTAREAL
- PARKERINGSPLASSAR PÅ GRUNNEN

3. GRØNTSTRUKTUR (PBL § 12-5 nr. 3)

- TILFANTA FELLESKRING

4. BRUK OG VERN AV Sjø OG VASS-DRAG, MED TILHØYRANDE STRANDSONE (PBL § 12-5 nr. 2)

- SMOBÅTHAVN

TILTAK DENNE SØKNAD

LINESTYRER

- Planen si grense
- Føremålsgrænse
- Egeidomsgrænse som opphevaast
- Byggegrænse
- Planlagte naustbygg
- Eksisterande naustbygg
- Regulært sentertilje
- Friskiltelje
- Regulært kant køyreløst
- Måle- og avstandslinje

PLAKTYSYMBEL

- Avkryssad inn- og utkøyning

ILLUSTRASJON OGGE IRLISK BOKSTAVE

- Inndeling parkeringsplassar
- HC-parkering
- Skjerings-/fyltingsareal
- Vest skæringsareal kan bli justert som følge av nærmare berøring ved detaljprosjektering (byggjekar)



GEODETISK DATUM	HØYDEFERERANSE	EKVIVESTANSE	KARTGRUNNLAG
ELREFFØY UTM-sone 32	NN1954	1 m	Grunkart Herøy kommune
REVISJONAR:	DATE	SIGN	
A: Fyrtå BK93 og BK94, endra tilkomst og endra parkering.	02.12.2015	EH	
SAKSANDSAMNNE:	DATE	SIGN	
Planutval			
Offentleg ettersyn			
Kommunesjefret, egeendokkmentar			
HERØY KOMMUNE			
REGULERINGSPLAN (detaljplan i hht. pbl § 12-3) FOR: "LANTERNEN MARINA" I HERØY KOMMUNE			
Forslagsstilar: LANTERNEN AS		Tegnr. EAH	Målestokk:
		Klr.: KG	1:1000 (A3)
Utarbeidd av:		Nasjonal arealplan-ID:	Revisjon:
AG Plan og Arkitektur AS		201301	A
Vedbjørn, Sjøendingsgt. 12, 6150, Zrfta		Tekningsnummer:	
Tlf: 20 00 300 E-post: informasjon@ag-plan.no www.ag-plan.no		2094-100	


D4




AURVOLL OG FURESUND AS

Date	10.12.2015	Kontor/Allyhet	Godkjent	Målestokk	1:500	Erstatning for	Erstatningsnr
		RH					801
Jensholmen Nord Planlegging - nye veger "Rev" Naut del 1 Jensholmen							A2
Hensiktsplan							

16



MOT SYD-VEST




BYGGEMELDINGSTEGNING

FOR LANTERNEN MARINA – JENSHOLMEN, 6070 Tjøråvåg
VEDRØRENDE OPPFØRING AV NYE NAUSTREKKER

FASADER B 4 MÅL 1 : 100
Gnr. 42 Bnr. 1 DATO 07.09.2015



 design
 IVAR SULEBAKK
 Tel: 911 59 584
 ivarsulebakk@gmail.com

A-1804K, Ivar Sulebakk, Postboks 185, 6199 Fosnavåg




MOT NORD-ØST

52



MOT SYD - WEST



MOT NORD - ØST

IVAR SULEBAKK
design

BYGGEMELDINGSTEGNING

FOR LANTERNEN MARINA – JENSHOLMEN, 6070 TJØRVÅG
VEDRØRENDE OPPFØRING AV NYE NAUSTREKKER


FISJER - B.2
Gnr. 42 Bnr. 1

MÅL 1 : 100
DATO 07.09.2015


IVAR SULEBAKK
Tel.: 911 59 584
ivar.sulebakk@gmail.com

Arkitekt Ivar Sulebakk, Postboks 185, 6090 Fernesålg.

5



MOT NORD-VEST



MOT SYD-VEST

BYGGMELDINGSTEGNING

FOR LANTERNEN MARINA – JENSHOLMEN, 6070 TJØRVÅG
VEDRØRENDE OPPFØRING AV NYE NAUSTREKKER

FISHER B3

MÅL 1 : 100


Gnr. 42 Bnr. 1 DATO 07.09.2015



IVAR SULEBAKK
Tel : 911 59 584
ivar.sulebakk@gmail.com

PROJEKT IVAR SULEBAKK, HANDBOK T.B5, 9000 FOSNAVÅG

Storleik på hems/loft.



BK B2 — NAUSTLOFT

IVAR SULEBAKK
design

BYGGEMELDINGSTEGNING



FOR LANTERNEN MARINA – JENSHOLMEN, 6070 TJØRVÅG
VEDRØRENDE OPPFØRING AV NYE NAUSTREKKER
PLAN NAUSTLOFT – B 2 MÅL 1 : 100

DATO 07.09.2015
EINRETT: 10.02. 2016 – 12.02. 2016

IVAR SULEBAKK
Tel: 911 59 584
ivar.sulebakk@gmail.com

IVAR SULEBAKK, Postboks 185, 6070 Fjellanvåg

Storleik på hems/loft



BYGGEMELDINGSTEGNING

FOR LANTERNEN MARINA – JENSHOLMEN, 6070 TJØRVÅG
VEDRØRENDE OPPFØRING AV NYE NAUSTREKKER
PLAN NAUSTLOFT –B3 – B4


MÅL 1 : 100
DATO 07.09.2015

Ivar Sulebakk
design

IVAR SULEBAKK
Tel: 911 59 584
ivar.sulebakk@gmail.com

Arkitekt Ivar Sulebakk, Postboks 185, 6090 Fosnavåg

ENDRET: 10.02. 2016 – 12.02. 2016



SNITT

BYGGEMELDINGSTEGNING

FOR LANTERNEN MARINA – JENSHOLMEN, 6070 TJØRVÅG
VEDRØRENDE OPPFØRING AV NYE NAUSTREKKER

SNITT

MÅL 1 : 100

DATO 07.09.2015



design

IVAR SULEBAKK

Tel.: 911 59 584

ivar.sulebakk@gmail.com

Arkitekt Ivar Sulebakk, Postboks 185, 6090 Fosnavåg

Gjennomføringsplan

Eiendom/ byggested	Gnr. 42	Bnr. 1	Festnr.	Seksj.nr.	Bygn.nr.	Kommune HERØY KOMMUNE	Versjonsnr. A	Dato 16.12.15	Signatur, ansv. søker: <i>Jan Ruyssdal</i>
							Adresse Jønsholmen	Postnr. 6070	Poststed TJØRVÅG

Alle fagområder i tiltaket	Beskrivelse av fagområde, ansvarsområde, tiltaksklasse (i hhv. prosjektering, utførelse og uavhengig kontroll)	Tiltaks-klasse	Foretakets navn og org.nr.	Kryss for planlagt samsvarserklæring / kontrollertklæring erstattes med dato når denne foreligger					Sett kryss når arbeidet innen ansvarsområdet er avsluttet
				Søknad om rammetillatelse	Søknad om igangsettings-tillatelse/ett-trinnsøknad	Søknad om midlertidig brukstillatelse	Søknad om ferdiggjøring	Søknad om ferdiggjøring	
(1)	(2)	(3)	(4)	(5)	(6)	(7)	(8)	(9)	
	Ansvarelig søker	I	AG Plan og Arkitektur AS, 884182042						
	PROSJEKTERING								
	Arkitektur	I	Myklegard Consult AS, 911718782		X (21.15)				
	Utarealer og landskapsutforming	I	Aurvoll og Furesund AS, 882937402		11.12.15				
	Oppmålingsteknisk prosjektering	I	Aurvoll og Furesund AS, 882937402		11.12.15				
	Konstruksjonssikkerhet (eks. takkonstr.) brannsikkerhet	I	Myklegard Consult AS, 911718782		X (21.15)				
	Konstruksjonssikkerhet - prefabrikerte takstoler		Fræna Treindustri AS, 945725406		18.11.15				
	Vannforsyning, avløps og fjernvarmeanlegg	I	Aurvoll og Furesund AS, 882937402		11.12.15				
	UTFØRELSE								
	Innmåling og utstikking	I	Aurvoll og Furesund AS, 882937402		X				
	Grunnarbeid og VA-anlegg	I	Aurvoll og Furesund AS, 882937402		X				
	Tømmer	I	Sten-Roger Lillebø, 970456260		X				



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Herøy kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
2015/1785	12.06.2017	78452/2017/DISPENSASJON/1515	Mari Anne Bjørkmann, 71 28 02 40	05.07.2017

Herøy kommune - bygge naust med takopplett, hems gbnr 42/1 - fråsegn til søknad om dispensasjon frå reguleringsplan og pbl §1-8

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Planfagleg vurdering

Tiltaka det er søkt dispensasjon om er i strid med intensjonane i gjeldande reguleringsplan. Viss ein legg opp til ein gjennomgripande endring av både bygning og bruksformål til desse to nausta vil dette kunne gi ein presedens for resten av området. Dette er uheldig, og vi vil på dette grunnlag frarå at kommunen gjer ei dispensasjon i saka.

Kommunen må gjere ei grundig vurdering om dei ønsker ei slik endring og eventuelt foreslå at tiltakshaver utarbeider ei ny reguleringsplan, jamfør § 12-14 i plan- og bygningslova.

Konklusjon

Møre og Romsdal fylkeskommune frarå at kommunen gjer ei dispensasjon i denne saka, og ber særskilt om å få sendt over vedtaket i saka.

Med helsing

Johnny Loen
plansamordnar

Mari Anne Bjørkmann
rådgiver

Dette brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli utsendt i papir.

Kopi:
Statens vegvesen, Region midt
Fylkesmannen i Møre og Romsdal



Herøy kommune
Postboks 274
6099 FOSNAVÅG

HERØY KOMMUNE RADMANNEN	
2015/1785	Saksbeh.
- 5 JULI 2017	
Ark kode: P	
Ark kode: S	
J nr	Dok nr
Kassasinn	

Herøy kommune

Bygging av naust med takoppsett, hems gnr42 bnr1 - Kåre Jensholm Dispensasjon frå reguleringsplan

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Generelt

Det er søkt om dispensasjon frå gjeldande reguleringsplan for å bygge 2 naust med takopplett. Tiltaket er ein del av ei naustrekkje, Lanternen Marina. Dispensasjonsøknaden gjeld § 6 i reguleringsføresegna om at naust ikkje skal ha kvist/takoppløft. Søknaden gjeld også etablering av hems og isolasjon/innreiing. Ut frå det som går fram av søknaden, ønskjer ein å bruke nausta til innandørs aktivitetar, men ikkje for varig opphald.

Vi legg til grunn at nausta framleis også vil ha funksjon som ein stad å oppbevare båt og båtutstyr.

Samfunnstryggleik

Det er mellom anna søkt om å isolere og innreie nausta. Sjølv om det ikkje skal innreiest til varig opphald, blir det lagt til rette for personopphald i større omfang enn naust som ikkje er isolert eller innreidd. Etter vår vurdering vil dette endre tryggleiksklassen for nausta frå F1 til F2, og nausta må stå tilstrekkeleg trygge mot 200-årsstormflo, jf. byggt teknisk forskrift (TEK17) § 7-2. Vi kan ikkje sjå at dispensasjonssøknaden har tatt stilling til om nausta vil tilfredsstillе tryggleikskrava som er til tiltak i tryggleiksklasse F2. For å vurdere tilstrekkeleg tryggleik mot 200-årsstormflo og havnivåstiging viser vi til DSB sin rettleiar «Havnivåstiging og stormflo» (2016).

Før det eventuelt blir gjeve dispensasjon må kommunen vere trygg på at nausta er plassert tilstrekkeleg trygt mot stormflo, jf. TEK17 § 7-2. Dersom dette ikkje blir gjort vil vi vurdere å klage på eit eventuelt positivt vedtak om dispensasjon.

Konklusjon

Kommunen må vere trygg på at nausta er plassert tilstrekkeleg trygt mot stormflo. Dersom dette ikkje blir gjort vil vi vurdere å klage på eit eventuelt positivt vedtak om dispensasjon.

Med helsing

Kristin Eide (e.f.)
fung. samordnar

Kari Bjørnøy
seniorrådgivar


Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Fagsaksbehandlarar

Samfunnstryggleik: Jon Erik Eik, tlf 71258489

Kopi:

Møre og Romsdal fylkeskommune Fylkeshuset 6404 Molde



Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	ESPBER	Arkivsaknr:	2017/247
		Arkiv:	17/4

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
45/17	Maritim og teknisk komite	28.08.2017

ODDDVAR KNUT TORVIK GNR. 17 BNR 4, DISPENSASJONSSØKNAD OM FRÅDELING, KLAGEHANDSAMING

Tilråding:

Maritim og teknisk komité vedtek å ta klagen frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal datert 07.07.2017 til følgje, og det vart gjeve dispensasjon frå bygge- og deleforbudet innanfor 100m sona jf. PBL §§19-2 i tråd med vedteken arealplan, med sikte på frådeling av ei bustadtomt frå gnr. 17 bnr. 4 i område regulert til bustad.

Dispensasjonen er grunngjeven med at ei frådeling følgjar arealdelen til kommuneplanen, og vil ivareta formålet med arealdelen til kommuneplanen.

Særutskrift:

Oddvar Knut Torvik, Torvika 15, 6095 Bølandet
Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Vedlegg

- 1 Klage på vedtak om dispensasjon
- 2 Oddvar Knut Torvik gnr 17 bnr 4, dispensasjonssøknad om frådelling av tomt til uendra bruk i strandsona

Samandrag av saka:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal klagar på vedtaket i MTK-sak 36/17 frå Herøy kommune, møtedato 19.06.2017, der det vart gitt dispensasjon frå kommuneplanen frå bygge- og deleforbodet innanfor 100-metersona med sikte på frådelling av ei bustadtomt i område som både er avsett til bustad og LNF i kommuneplanen sin arealdel. På grunnlag av klaga frå Fylkesmannen har kommunen hatt møte med søkjar for å drøfte vidare saksgong, og kva alternativ dei har med vidare søknad, der søkjar saman med kjøpar vart samde om å ta klagen til Fylkesmannen til følgje. Dette gjer at søkjar går vekk ifrå opphavsleg søknad og heller går vidare med å frådele arealet avsett til bustadføremål i tråd med Kommuneplanen.

Saksopplysningar:

Søkar har søkt dispensasjon om å frådele ein bustadtomt frå 17/4 i Torvika. Etter klage på MTK-vedtak, vart søknaden endra der arealet av 17/4 som er avsett til bustadføremål er søkt frådelt.

Vurdering og konklusjon:

Rådmannen rår Maritim og teknisk komité til å ta klagen frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal til følgje, og gje løyve for frådelling av bustadtomt i samsvar med den vedtekte arealdelen til kommuneplanen.

Fosnavåg, 11.08.2017

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Kommunalsjef Samfunnsutvikling

Sakshandsamar: Espen Bergø



Herøy kommune
Postboks 274
6099 FOSNAVÅG


HERØY KOMMUNE RADMANNEN	
Reg nr.	Saksnr. ESPBER
11 JULI 2017	
Ark kode P	
Ark kode S	
J nr.	Dok nr
Kassasjon	

Klage på vedtak om dispensasjon Herøy kommune - frådelling av tomt i strandsona gnr17 bnr4 - Oddvar Knut Torvik

Fylkesmannen har mottatt melding om vedtak gjort av maritim og teknisk komite, sak nr. 36/17. Det vart der gitt dispensasjon frå bygge- og deleforbodet innanfor 100-meter sona, med sikte på frådelling av ei bustadtomt frå gnr. 17 bnr. 4 i område som både er regulert til bustad og LNF. Meldinga vart mottatt hos Fylkesmannen 29.06.2017. Fylkesmannen klagar med dette på vedtaket, jf. forvaltningslova §§ 28 og 29.

Bakgrunn

Det blei søkt om frådelling av arealet med føremål å selje det som bustadtomt. I gjeldande kommuneplan er deler av arealet lagt ut til føremål bustad, og resten (arealet nærast sjøen) utgjør LNF. Det blei ikkje søkt om endring av LNF-føremålet.



I vår høringsfråsegn av 22.03.2017, viste vi til plan- og bygningslova § 1-8, som seier at det skal takast særlege omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser i 100-metersbelet langs sjøen. For å hindre privatisering av strandsona, må ein difor ikkje la bustadtomta gå nærare sjøen enn det som er avklåra i overordna kommuneplan. Vi opplyste om at eit vedtak som gir løyve til frådelling nærare sjøen enn dette, ville bli vurdert påklaga.

Herøy kommune ga løyve til frådelling som omsøkt i vedtak av 19.06.2017. Kommunen grunnga sitt positive vedtak med at gjenstående areal ved sjøen er lite og inneklemt og

ligg naturleg arrondert til tomta som er regulert til bustadføremål. Vidare at LNF-arealet ikkje skal byggjast på, men framleis ha same status i tråd med gjeldande arealplan.

Fylkesmannen klagar på dispensasjonsvedtaket ut frå følgjande moment:

Etter plan- og bygningslova § 1-8 skal det i 100-metersbeltet langs sjøen takast særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre ålmenne interesser. Etter vår vurdering ser strandsona i området ut til å vere eigna til både friluftsliv og ferdsel, og ein bør unngå tiltak som vil verke privatiserande.

Frådelingsøknaden har føremål bustadtomt, som er eit føremål i strid med LNF-føremålet. Når ein opprettar bustadtomt heilt til sjøkanten, vil det naturleg skapast forventningar hos tomteeigar til at det er gitt løyve til privatiserande inngrep. Sjølv om vedtaksteksten seier at LNF-arealet ikkje skal bebyggast, vil oppretting av bustadtomt på arealet etter Fylkesmannen si vurdering likevel kunne undergrave LNF-føremålet på staden. Etter vår vurdering er det difor motstrid mellom å ville oppretthalde LNF-føremålet i strandsona samstundes som ein opprettar bustadtomta heilt til sjøkanten. Sjølv om eventuelle byggetiltak innanfor LNF-føremålet vil vere søknadspliktige, vil det at bustadtomta går heilt til sjøen vere uheldig med omsyn til mindre, men likevel privatiserande inngrep i strandsona. Det kan føre til ei uheldig utvikling dersom areal som er sett av til LNF langs sjøen blir lagt til dei ulike, tilgrensande bustadtomtene, og gjere det vanskeleg å oppfylle intensjonen i planen om å bevare eit samanhengande LNF-område langs sjøen.

Konklusjon

Fylkesmannen i Møre og Romsdal klagar på vedtaket i MTK-sak 36/17 frå Herøy kommune, møtedato 19.06.2017, der det vart gitt dispensasjon frå kommuneplanen frå bygge- og deleforbudet innanfor 100-metersona med sikte på frådeling av ei bustadtomt i område som både er regulert til bustad og LNF.

Vidare saksgang

Dersom kommunen ikkje tar klaga til følgje, jf. forvaltningsloven §§ 28 og 33 andre ledd, skal ein sende saka til Fylkesmannen i Møre og Romsdal for vidare klagebehandling hos sette-fylkesmann.

Med helsing


Rigmor Brøste (e.f.)
ass. fylkesmann

Linda Aaram
miljøverndirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Kopi:

Møre og Romsdal fylkeskommune	Fylkeshuset	6404	Molde
Oddvar Knut Torvik	Torvika 15	6095	BØLANDET



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Søre Sunnmøre landbrukskontor

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	ANNLOB	Arkivsaknr:	2017/1031
		Arkiv:	V18

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
46/17	Maritim og teknisk komite	28.08.2017

TILSKOT TIL SPESIELLE MILJØTILTAK I JORDBRUKET (SMIL) FOR 2017

Tilråding:

Maritim og teknisk komité vedtek framlegg til løyving av SMIL-midlar for 2017 slik den ligg føre i saksutgreiinga, vedlegg 1.

Grunngjeving:

Prioritering av tiltak er i samsvar med Strategiplan for økonomiske verkemiddel i jordbruket 2017-2020.

Lovheimel:

FOR 2004-02-04-448 Forskrift om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket sist endra FOR-2016-12-16-1660 med verknad frå og med 01.01.2017.

Særutskrift:

Søre Sunnmøre Landbrukskontor, Dragsundvegen 6, 6080 GURSKØY

Vedlegg:

Vedlegg

- 1 Framlegg til løyving for 2017
- 2 Strategiplan for økonomiske verkemiddel i jordbruket 2017-2020
- 3 Tildelingsbrev frå Fylkesmannen
- 4 Forskrift

Nr.	Namn	
1	Framlegg til tildeling av SMIL midlar for 2017	21.07.2017
2	Strategiplan for økonomiske verkemiddel i jordbruket 2017-2020	28.02.2017
3	Tildelingsbrev frå Fylkesmannen, SMIL midlar 2017	24.01.2017
4	Forskrift om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket sist endra med verknad fom 01.01.2017	

Samandrag av saka:

Fylkesmannen har tildekt Herøy kommune kr 160.000 til spesielle miljøtiltak i jordbruket for 2017. Det er i alt 15 søknadar som er vurdert for tildeling. 9 nye søkjarar i år og 6 frå tidlegare år. Administrasjonen tilrår å løyve tilskot til 6 av søkjarane.

Saksopplysningar:

Det har kome inn 9 nye søknadar i 2017 og i tillegg kjem 2 søknader frå 2014, 1 søknad frå 2015 og 3 søknader frå 2016 som det ikkje er ferdig løyvd midlar til. 2 søknader frå 2016 er prioritert samt 4 søknader frå i år. 1 av søknadane kom inn etter søknadsfristen 01.05.2017.

I 2016 vart vilkåra i § 3 i Forskrift om tilskot til særskilde miljøtiltak i landbruket endra med verknad frå og med 01.01.2017.

Under § 3. Vilkår står det sitat:

«Tilskudd kan innvilges til foretak der det foregår en tilskudds berettiget produksjon på landbrukseiendommen, og som oppfyller vilkårene i forskrift 19. desember 2014 nr. 1817 om produksjonstilskudd i jordbruket § 2 og § 3 eller § 4. Det må foreligge tillatelse fra landbrukseiendommens eier til gjennomføring av prosjekt eller tiltak som nevnt i denne forskriftenes § 4 og § 5.

Det kan ikke innvilges tilskudd til prosjekt eller tiltak på landbrukseiendommer som eies og drives av stat, fylke eller kommune med mindre tiltaket er et fellestiltak der en eller flere tilskudds berettigede landbrukseiendommer er med.

Søker må oppfylle vilkår i forskrift 1. juli 1999 nr. 791 om gjødslingsplanlegging. Det skal føres journal over plantevernmidler som brukes, med opplysninger om navn på plantevernmiddelet, tidspunkt for behandling og dosen som er brukt, samt området og veksten som plantevernmiddelet ble brukt på. Søker må videre ha kart over jordbruksarealene foretaket til enhver tid disponerer, samt andre arealer som foretaket disponerer eller som er av betydning for eller som er påvirket av jordbruksdriften. Kulturminner, områder som er viktige for biologisk mangfold, arealer med risiko for tap av jord og næringsstoffer og andre forhold av miljømessig betydning skal være kartfestet og beskrevet.

Dersom arealene er leid bort må søker likevel kunne dokumentere at vilkårene i første og tredje ledd er oppfylt.

Det kan settes vilkår for innvilgning av tilskudd til det enkelte prosjekt og tiltak. Frist for gjennomføring av prosjekt etter § 4 og tiltak etter § 5 er 3 år fra hvert tilskudd ble innvilget, med mindre kommunen har satt en kortere frist ved innvilgelsen av søknaden. Kommunen kan etter søknad forlenge gjennomføringsfristen, men ikke ut over 5 år fra tilskuddet ble innvilget.»

Det betyr at frå og med 01.01.2017 kan eigar som ikkje driv jordbrukseigedom sin også søkje om SMIL-midlar til ulike tiltak. Vilkåret er at jordbruksarealet vert leigd bort til føretak som oppfyller alle vilkår til å søkje om produksjonstilskot i jordbruket. Viser i den samanheng til § 3. Vilkår i gjeldande forskrift som er sitert ovanfor.

Tiltaka som er prioritert i kulturlandskapet er:

- gamal kulturmark/ tiltak mot attgroing

Søknadsfristen var 01. mai 2017 og ordninga vart annonsert i lokalavisene.

Tildelinga av SMIL-midler er heimla i FOR 2004-02-04-448 Forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket sist endra FOR-2016-12-16-1660 med verknad fra og med 01.01.2017.

Det vart vedteke ny strategiplan for bruk av SMIL-midlar for perioden 2017 - 2020 (vedlegg 2) i Formannsskapet i Herøy kommune den 28.02.2017 sak PS/17.

I tildelingsbrev frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Landbruksavdelinga datert 24.01.2017 fekk Herøy kommune tildelt kr. 160.000 for 2017 (vedlegg 3). Så langt i 2017 er det ikkje dratt inn midlar frå prosjekt som ikkje er gjennomført eller at sluttkostnaden vart lågare.

Løyvde tilskot skal utbetalast etter skriftleg oppmoding frå tilskotsmottakar og når tiltaket har fått godkjent sluttrekneskapet. Det kan likevel foretas utbetalningar på bakgrunn av godkjent dokumentasjon etter kvart som delar av prosjektet eller tiltaket utføres. Minst 25 % av tilskotet vert halde tilbake inn til arbeidet er fullført og sluttrekneskapen er godkjent.

Målsetjing ved bruken av SMIL-midlane er:

- ✓ Motverke attgroing, kulturminne og tap av biologisk mangfald som er knytt til Landbruket.
Fremje aktiv beitebruk både på innmarksbeite og i utmark.
Gjere det lettare å halde dei små bruka i aktiv drift og få areal ut av bruk i drift att.
- ✓ Motverke forfall av eldre verneverdige bygningar som kan reknast som kulturminne.
- ✓ Tiltak som fremjar organisert beitebruk.
- ✓ Betre mulegheitene for ferdsel og opplevingar i kulturlandskapet.
- ✓ Bidra til å redusere forureininga frå jordbruket.

Tiltak i perioden 2017 – 2020:

- Ta vare på viktige kulturminne og kulturmiljø.
- Tiltak som hindrar attgroing av kulturlandskapet og tap av biologisk mangfald.
- Leggje til rette for at allmennheita skal få tilgang/ ferdsel til viktige kulturminne og kulturmiljø.
- Hindre at eldre bygningar som kan reknast som kulturminne forfell.
- Tiltak som fremjar organisert beitebruk.
- Bygging av leskur for dyr som går på beite heile året.

- Vedlikehaldsgrøfting av gamal kulturmark og innmarksbeite.
- Grøfting av dyrka mark (syner til eiga føreskrift sist endra med verknad fom 1. juli 2017). Her har kommunen fått tildelt kr 30.000 i 2017.
- Redusere/ fjerne avrenning frå landbruket.

Tilskotssatsane som vert nytta for dei ulike tiltaka er nedfelt i gjeldande strategiplan.

Vurdering og konklusjon:

Framlegg til løyving av SMIL-midlar for 2017 er prioritert etter Strategiplan for 2017 – 2020. Ein rår til at løyvingane vert gitt slik dei er prioritert i framlegg til tildeling av SMIL-midlar 2017 for Herøy kommune (vedlegg 1).

Fosnavåg, 21.07.2017

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Anne Kathrine Løberg
Landbrukssjef

Sakshandsamar: Oddvar Gjerde

Framlegg til løyving av SMIL midlar i Herøy kommune 2016

Vedlegg 1

Søknad nummer år	Namn	Tiltak	Godkjend tilskots grunnlag	Søkt tilskot	Tildlegare løyvd tilskot	Tilrådd tilskot	Kommentar
01/2015	Leif-Morten Igesund, Igesundvegen 95, 6090 Fosnavåg.	Oppsetjing av 600 m fast tradisjonelt gjerde for sau på leigd areal tilhøyrande eigedomen Igesund Nordre gnr. 35 bnr. 4 i Herøy kommune. Søkjar eig og driv gardsbruket Igesund gnr. 35 bnr. 1 og 9 i Herøy kommune. *Kostnadsoverslaget til gjerdeprosjektet er justert til 2017-prisar.	52 500	26 250	0	0	Stor del av arealet som det er søkt om SMIL-midlar til å gjerde inn, er fulldyrka jord. Leif-Morten Igesund skriv i søknaden at oppsetjing av gjerdet vil gjere det mogleg å beite arealet og halde kulturlandskapet i hevd. Søkjar har dyr og søker om produksjonstilskot i jordbruket. Vilkåret for å kunne få SMIL-midlar til gjerdet er såleis oppfylt. Ved tiltak på leigd areal er det krav om 5-årig leigeavtale. Ikkje nok SMIL-midlar til alle prosjekt som søker om midlar i 2017. Rår til at søknad om kr. 26.250. i SMIL-midlar til inngjerding av innmark på leigd areal tilhøyrande eigedomen Igesund Nordre gnr. 35 bnr. 4 i Herøy kommune vert utsett til 2018 og vurdert på nytt då.
Grunngjeving: Viser til kommentarfelt.							
Tilråding: Søknaden om eit eingongstilskot på kr. 26.250 i SMIL-midlar til oppsetjing av 590 m nytt fast tradisjonelt gjerde for sau for inngjerding av innmark på leigd areal tilhøyrande eigedomen Igesund Nordre gnr. 35 bnr. 4 i Herøy kommune vert utsett til 2018.							

Framlegg til løyving av SMIL midlar i Herøy kommune 2016

Vedlegg 1

Søknad nummer år	Namn	Tiltak	Godkjend tilskots grunnlag	Søkt tilskot	Tildlegare løyvd tilskot	Tilrådd tilskot	Kommentar
02/2016	Fest og Fritid DA, v/ Anne-Marit Remøy, Myrane, 6094 Leinøy.	Fellestiltak. Oppsetjing av 2970 m ny ut-marksgard på Remøya under gardane Sævik gnr. 11 og Remøy gnr. 12 i Herøy kommune. Føremålet med tiltaket er å kunne nytte fjellet og utmarka på heile Remøya til beite for sau, hindre attgroing og sam-stundes ta vare på (kultur-) landskapet på øya. *Kostnadsoverslaget for rest søknadsum til utmarks-garden på Remøya er justert etter 2017-prisar. Satsen for eige og leigd arbeid på prosjekt er auka frå kr. 200. til kr. 350. pr. time.	305 571	209 100	180 300	28 800	Ved å setje opp 2970 m ny utmarksgard på Remøya som går frå Sævikane i vest bak busetnaden i Sævika og innmarka på gardane under garden Remøy til stein-brotet i aust på Remøya, kan heile Remøy-fjellet brukast til beite for sau. Det er lagt ned stor innsats i planlegging og for å få til dette prosjektet. For "Fellestiltak" var tilskotssatsen fram til og med 2016 inntil 70 % av godkjent kostnad. Gjerdeprosjektet er tenkt finansiert med SMIL-midlar og kontanttilskot for kvar enkelt grunneigar utrekna etter lengda på utmarksgarden til den enkelte grunneigar og dugnadsinnsats. Spannande prosjekt som vi håper kan danne presidens for liknade gjerdeprosjekt i kommunen. Første del, kr. 180.300., i SMIL-midlar til oppsetjing av ny 2970 m ny utmarksgard på Remøya vart løyvd i 2016. I følgje vedteken "Strategiplan for øko-nomiske verkemiddel i jordbruket" (SMIL) 2017 - 2020 for kommunane Herøy, Ulstein og Hareid er tilskotsatsen for fellestiltak til gjerde redusert til 60 %. Rår til å løyve resten av SMIL-midlane, kr. 28.800., til gjerdeprosjektet på Remøya i 2017.
Grunngjeving: Viser til kommentarfelt.							
Tilråding: Det vert løyvd siste del, kr. 28.800., i SMIL-midlar til oppsetjing av 2970 m utmarksgard på Remøya i Herøy kommune i 2017.							

Framlegg til løyving av SMIL midlar i Herøy kommune 2016

Vedlegg 1

Søknad nummer år	Namn	Tiltak	Godkjend tilskots grunnlag	Søkt tilskot	Tildlegare løyvd tilskot	Tilrådd tilskot	Kommentar
03/2016	Torbjørn Frode Teige, Holsmyrvegen 24, 6011 Ålesund.	Oppsetjing av om lag 50 m ny steingard på eigedomen Myren gnr. 5 bn. 4 i Herøy kommune inntil bytet til det planlagte byggefeltet på Teige på Nerlandsøya. Det er tidlegare løyvd SMIL-midlar til 70 m steingard. Den plan-lagte nye steingarden er ein naturleg forlenging av denne. *Kostnadsoverslaget for forlenging av steingarden med nye 50 m er justert opp etter 2017-prisar. Satsen for eige og leigd arbeid er justert frå kr. 200. til kr. 350. pr. time frå og med 2017.	90 000	54 000	0	0	Eigedomen er ikkje i aktiv drift, men omlag 6,0 daa fulldyrka jord høver godt til slått eller beite. Ein steingard på til saman 120 m er eit kulturminne og vil vere ein naturleg del av kulturlandskapet på Teige. Dei første 70 m av steingarden er fint bygd og glir fint inn i kulturlandskapet i området. Ved løyving av SMIL-tilskot til forlenging av steingarden med 50 m, vil ein sluttgod-kjenning ta kontrollmåling av totalengda på steingarden. Endring av regelverk i 2017, gir mulighet for eigar å søkje om SMIL-midlar viss ein ikkje driv jorda sjølv og søker om produksjonstilskot. Kravet er at eigar som søker om SMIL-midlar til prosjekt, leiger ut jordbruksarealet til aktiv brukar som søker om produksjonstilskot. I Herøy kommune er det i 2017 ikkje nok SMIL-midlar til alle prosjekta. Søknad om SMIL-midlar på kr. 54.000. til oppsetjing av ny steingard på eigedomen Myren gnr. 5 bnr. 4 i Herøy kommune vert utsett til 2018.
Grunngjeving: Viser til kommentarfelt.							
Tilråding: Søknaden om SMIL-midlar til oppsetjing av 50 m ny steingard på eigedomen Myren gnr. 5 bnr. 4 i Herøy kommune vert utsett til 2018.							

Framlegg til løyving av SMIL midlar i Herøy kommune 2016

Vedlegg 1

Søknad nummer år	Namn	Tiltak	Godkjend tilskots grunnlag	Søkt tilskot	Tildlegare løyvd tilskot	Tilrådd tilskot	Kommentar
04/2016	Andre Rødvik, Jøsokvegen 119, 6080 Gurskøy.	Oppsetjing av 460 m fast permanent gjerde for storfe på bruket Rauvik gnr. 82 bnr. 1 i Herøy kommune. *Kostnadsoverslaget til gjerdeprosjektet er justert til 2017-prisar.	45 500	22 750	0	22 750	Søkjær har dyr. Føremålet med tiltaket er å kunne nytte ein glesen fureskog til beite for storfe. Frå før av er det sett opp gjerde mot Feirelia byggefelt og mot innmarka til bruket Rauvik gnr. 82 bnr. 1 i Herøy kommune. Det er søkt om SMIL-midlar til å setje opp omlag 460 m per-manent gjerde for storfe i bytet i mot sør (Kleppe) og i mot aust. Søkjær driv med ammekuproduksjon. Då ein driv med storfe vil vi rå til at det nyttar elektrisk tråd på innsida av gjerde i tillegg. Rår til å løyve kr. 22.750. i SMIL-midlar til oppsetjing av permanent gjerde for storfe på bruket Rauvik gnr. 82 bnr. 1 i Herøy kommune.
Grunngjeving: Viser til kommentarfelt.							
Tilråding: Det vert løyvd eit eingongstilskot på kr. 22.750. i SMIL-midlar til oppsetjing av 460 m peranent gjerde for storfe på bruket Rauvik gnr. 82 bnr. 1 i Herøy kommune i 2017.							

Framlegg til løyving av SMIL midlar i Herøy kommune 2016

Vedlegg 1

Søknad nummer år	Namn	Tiltak	Godkjend tilskots grunnlag	Søkt tilskot	Tildlegare løyvd tilskot	Tilrådd tilskot	Kommentar
05/ 2017	Kjartan Sundnes, Torvika 23, 6095 Bølandet.	Oppsetjing/ bygging av "Leskur og foringsplass" for utegangarsau på småbruket Torvik gnr. 17 bnr. 3 i Herøy kommune.	108 000	43 200	0	42 450	Søkjar har dyr. Føremålet med tiltaket er å setje opp eit enkelt "Leskur og forings-plass" som kan vere til ly for utegangar-sauene gjennom heile året. I vedteken "Strategiplan for økonomiske verkemiddel i jordbruket" (SMIL) 2017 - 2020 for kommunane Herøy, Ulstein og Hareid vart tilskot til bygging av enkle "Leskur" tatt inn som nytt tiltak. Tilskotssatsen er inntil 40 % av godkjent kostnadsoverslag. Rår til å løyve kr. 43.200. i SMIL-midlar til bygging av Leskur og over-bygd foringsplass på bruket Torvik gnr. 17 bnr. 3 i Herøy kommune for 2017.
Grunngjeving: Viser til kommentarfelt.							
Tilråding: Det vert løyvd eit eingongstilskot på kr. 42.450. i SMIL-midlar til bygging av "Leskur og foringsplass" på bruket Torvik gnr. 17 bnr. 3 i Herøy kommune.							

Søknad nummer år	Namn	Tiltak	Godkjend tilskots grunnlag	Søkt tilskot	Tildlegare løyvd tilskot	Tilrådd tilskot	Kommentar
06/2017	Fest og Fritid DA, v/ Anne-Marit Remøy, Myrane, 6094 Leinøy.	Fellestiltak. Oppsetjing av 350 m gjerde for sau (ute-gangar) mot sjø på eit ut-marksareal som ligg mellom kommuneveg og sjøen heilt aust på Remøya. Utmarksstykket er delt opp i mange teigar med mange eigarar. Utmarksstykket vert leigd til beite for sau. Dette arealet vart gjerdt inn i 2013/2016. Tidlegare SMIL-sak journal nr. 10/151505.	43 000	25 800	0	0	Søkjar har dyr. Det er søkt om SMIL-midlar til oppsetjing av 350 m nytt gjerde for sau mot sjø for eit fint utmarksareal som i dag vert brukt til beite for utegangarsau. Arealet ligg heilt aust på Remøya mellom kommuneveg og sjøen. Det er delt opp i mange teigar og eigd av ulike eigarar under gnr. 12. I 2013/ 2014 vart det sett opp nytt gjerde for sau. Gjerde mot sjøen vart sløyfa og i staden vart endane på gjerde sett opp mot fjøra (svaberg). Det viser seg att storbåra kvar vinter øydelegg gjerdet. Derfor ønskjer søkjar å setje opp nytt fast tradisjonelt gjerde for sau langs fjøra. Viser til vedlagt kart til søknaden i målestav 1: 2000. Viktig tiltak, men i Herøy kommune er det ikkje nok SMIL-midlar til alle prosjekta i 2017. Søkjar arbeider dessutan med anna stort gjerdeprosjekt på Remøya. Rår derfor til at søknad om SMIL-midlar på kr. 25.800. til oppsetjing av ny gard langs fjøra til inngjerding av eit større utmarksstykke aust på Remøya vert utsett til 2018 og vurdert på ny då.
Grunngjeving: Viser til kommentarfelt.							
Tilråding: Søknaden om SMIL-midlar til oppsetjing av 350 m nytt fast tradisjonelt gjerde for sau langs fjøra på større utmarksstykke som ligg mellom kommuneveg og sjøen aust på Remøya i Herøy kommune vert utsett til 2018.							

Søknad nummer år	Namn	Tiltak	Godkjend tilskots grunnlag	Søkt tilskot	Tildlegare løyvd tilskot	Tilrådd tilskot	Kommentar
07/2017	Marcus Johannessen, Kopperstadvegen 136, 6098 Nerlandsøy.	Fjerning av 200 m gammalt gjerde, rydding av eine i gammalt kulturbeite, rydding av kratt i ny gjerdetrasè og oppsetjing av 150 m nytt fast tradisjonelt gjerde for sau på småbruket Kopperstad gnr. 3 bnr. 8 i Herøy kommune.	22 000	11 000	0	11 000	Søkjar har dyr og søker om produksjons-tilskot. Føremålet med tiltaket er å kunne ta i bruk eit gammalt kultur-/ innmarksbeite på omlag 11,5 daa til beite for sau. Eit tidlegare frådelt areal frå småbruket gnr. 3 bnr. 77 skal leigast og er ein del at dette beitearealet. Det ligg ved kopi av leigeavtale for dette arealet. Rår til å løyve eit eingongstilskot på kr. 11.000. i SMIL-midlar til fjerning av gammalt gjerde, rydding av omlag 1,0 daa eine i gammalt kulturbeite og oppsetjing av 150 m nytt fast tradisjonelt gjerde for sau på småbruket Kopperstad gnr. 3 bnr. 8 i Herøy kommune i 2017. Kostnad med rydding av kratt i den nye gjerdetrasèen er tatt med i tilskots-grunnlaget.
Grunngjeving: Viser til kommentarfelt.							
Tilråding: Det vert løyvd eit eingongstilskot på kr. 11.000. i SMIL-midlar til fjerning av 200 m gammalt gjerde, rydding av 1,0 daa eine i gammalt kulturbeite, fjerning av kratt i ny gjerdetrasè og til oppsetjing av 150 m nytt fast tradisjonelt gjerde for sau på småbruket Kopperstad gnr. 3 bnr. 7 i Herøy kommune.							

Søknad nummer år	Namn	Tiltak	Godkjend tilskots grunnlag	Søkt tilskot	Tildlegare løyvd tilskot	Tilrådd tilskot	Kommentar
08/2017	Marcus Johannessen, Kopperstadvegen 136, 6098 Nerlandsøy.	Fjerning av 60 m gamalt gjerde og oppsetjing av 450 m nytt fast tradisjonelt gjerde for sau til inngjerding av innmarksareal på omlag 8,5 daa til beite for sau på småbruket Kopperstad gnr. 3 bnr. 8 i Herøy kommune.	48 000	24 000	0	0	Søklar har dyr og søker om produksjons-tilskot. Føremålet med tiltaket er å kunne ta i bruk eit innmarksareal (stykk) på omlag 8,5 daa (dyrka og innmarksbeit) til beite for sau. I Herøy kommune er det i 2017 ikkje nok SMIL-midlar til alle som søker om midlar, så ein må derfor prioritere strengt. Vi har rådd til å løyve SMIL-midlar til søklar til eit anna SMIL-titak i 2017. Vi rår derfor til at søknad om SMIL-midlar på kr. 24.000. til fjerning av gamalt gjerde og oppsetjing av 450 gjerde for sau til inngjerding av eit innmarksareal til beite på småbruket Kopperstad gnr. 3 bnr. 8 i Herøy kommune vert utsett til 2018 og vert vurdert på nytt då.
Grunngjeving: Viser til kommentarfelt.							
Tilråding: Søknaden om SMIL-midlar til fjerning av 60 m gamalt gjerde og til oppsetjing av 450 m nytt fast tradisjonelt gjerde for sau rundt eit innmarks-stykke på 8,5 daa, på småbruket Kopperstad gnr. 3 bnr. 7 i Herøy kommune vert utsett til 2018.							

Søknad nummer år	Namn	Tiltak	Godkjend tilskots grunnlag	Søkt tilskot	Tildlegare løyvd tilskot	Tilrådd tilskot	Kommentar
09/2017	MULEVIKA BEITELAG DA, v/ Egil Kvalsund, Koparstadvegen 19, 6098 NERLANDSØY.	Oppsetjing av 1100 m ny utmarksgard/ gjerde mot utmarka på Kvalsund gnr. 4 og Teige gnr. 5 i Herøy kommune.	117 000	70 200	0	25 000	Fellestiltak. Søkjarane har dyr. Leggje til rette for beiting av kystlynghei og natur-beitemarkar på fjellet på Nerlandsøya på utmarka som ligg mellom bygdene Kvalsund, Teige og Kvalsvika i Herøy kommune. Viktig tiltak for å kunne nytte dette utmarksbeitet og ta vare på kyst-lyngheia i dette området på Nerlandsøya. Grunneigarlaga har i følgje søkjar, samtykka i at gjerdeprosjektet, vert gjennomført. Rår til å løyve første del, kr. 25.000. i SMIL-midlar som tilsvarer oppsetjing av 350 m ny utmarksgard (gjerde) på Teige gnr. 5 på Nerlandsøya i Herøy kommune i 2017. Resten av søknadssum, kr. 45.200., i SMIL-midlar til dette gjerdeprosjektet, rår vi til vert utsett til 2018 og vurdert på nytt då.
Grunngjeving: Viser til kommentarfelt.							
Tilråding: Viser til søknad om kr. 70.200. i SMIL-midlar til oppsetjing av 1100 m nytt gjerde mot utmarka på Kvalsund gnr. 4 og Teige gnr. 5 på Nerlandsøya i Herøy kommune. Det vert i 2017 løyvd eit eingongstilskot på kr. 25.000. i SMIL-midlar som første del-løyving til oppsetjing av 1100 m nytt utmarksgjerde mot utmarka på Kvalsund gnr. 4 og Teige gnr. 5 i Herøy kommune. Resten av søknadssum, kr. 45.200., i SMIL-midlar til gjerdeprosjektet vert utsett til 2018.							

Søknad nummer år	Namn	Tiltak	Godkjend tilskots grunnlag	Søkt tilskot	Tildlegare løyvd tilskot	Tilrådd tilskot	Kommentar
10/2017	MULEVIKA BEITELAG DA, v/ Egil Kvalsund, Koparstadvegen 19, 6098 NERLANDSØY.	Oppsetjing av 1500 m nytt gjerde for sau i området "Barmen" i Kvalsvika i Herøy kommune.	170 000	102 000	0	30 000	Fellestiltak. Søkjarane har dyr. Leggje til rette for beiting av kystlynghei og natur-beitemarkar med sau i dette området på Kvalsvika i Herøy kommune. Viktig tiltak for å kunne nytte dette utmarksbeitet og ta vare på kystlyngheia i dette området. Eigarane av eigedommane gnr. 7 bnr. 4, 7 og gnr. 8 bnr. 3, 4 og 7 i Herøy kommune har skrive under leigeavtale med Mulevika Beitelag og har med det samtykka i at beitelaget får fullmakt til setje opp dette utmarksgjerde slik det er søkt om i søknaden. Det ligg ved kart som syner gjerdetrasèen. Rår til å løyve første del, kr. 30.000. i SMIL-midlar til oppsetjing av 1500 m nytt utmarksgjerde for sau i området "Barmen" i Kvalsvika i Herøy kommune. Resten av søknadssum, kr. 70.200., i SMIL-midlar til dette gjerde-prosjektet, rår vi til vert utsett til 2018 og vurdert på nytt då.
Grunngjeving: Viser til kommentarfelt.							
Tilråding: Viser til søknad om kr. 102.000. i SMIL-midlar til oppsetjing av 1500 m nytt utmarksgjerde for sau i området "Barmen" i Kvalsvika i Herøy kommune. Det vert i 2017 løyvde eit eingongstilskot på kr. 30.000. i SMIL-midlar som første del-løyving til oppsetjing av 1500 m nytt fast tradisjonelt gjerde for sau i området "Barmen" i Kvalsvika i Herøy kommune. Resten av søknadssum, kr. 70.200., i SMIL-midlar til gjerdeprosjektet vert utsett til 2018 og vurdert på nytt då.							

Søknad nummer år	Namn	Tiltak	Godkjend tilskots grunnlag	Søkt tilskot	Tildlegare løyvd tilskot	Tilrådd tilskot	Kommentar
11/2017	Per-Ola Kleppe, Kleppeåsen 135, 6080 Gurskøy.	Oppsetjing av 430 m nytt fast tradisjonelt gjerde for sau til inngjerding av inn- og utmarksområde til beite for sau på småbruket gnr. 83 bnr. 1 i Herøy kommune.	60 000	30 000	0	0	Søklar har dyr og søker om produksjons-tilskot. Føremålet med tiltaket å kunne bruke beitearealet til beite for sau samt ta vare på kulturlandskapet. Herøy kommune er det i 2017 ikkje nok SMIL-midlar til alle som søker om midlar, så ein må derfor prioritere strengt. Vi rår til at søknad om SMIL-midlar på kr. 30.000. til oppsetjing av 430 m nytt fast tradisjonelt gjerde for sau til inngjerding av inn-utmarksareal til beite for utegangarsau på småbruket gnr. 83 bnr. 1 i Herøy kommune vert utsett til 2018 og vurdert på nytt då. Viss det vert tilgang på meir SMIL-midlar ved inndraging i kommunen eller overføring frå Fylkes-mannen, vil vi rå til at dette tiltaket vert vurdert og prioritert.
Grunngjeving: Viser til kommentarfelt.							
Tilråding: Søknaden om kr. 30.000. i SMIL-midlar til oppsetjing av 430 m fast tradisjonelt gjerde for utegangarsau på småbruket gnr. 83 bnr. 1 i Herøy kommune vert utsett til 2018. Viss det vert tilgang på meir SMIL-midlar seinare på året i 2017, vil vi rå til at dette tiltaket vert prioritert.							

Søknad nummer år	Namn	Tiltak	Godkjend tilskots grunnlag	Søkt tilskot	Tildlegare løyvd tilskot	Tilrådd tilskot	Kommentar
12/2017	Oddvin Ronald Støylen, Jøsokstrand 2, 6080 Gurskøy.	Restaurering/ vøling av gamal verneverdig grindløde på gnr. 83 bnr. 6 i Herøy kommune. Løda er registrert i "Sefrakregisteret." Vi vil også rå søkjar til å søkje om midlar i Kulturminnefondet til dette prosjektet.	224 750	112 375	0	0	Søkjar driv med utegangarsau. Viktig bygning å ta vare på for ettertida. Det vil styrkje søknaden viss saka vert lagt fram for kulturavdelinga hjå Møre og Romsdal fylkeskommune til vurdering. Herøy kommune er det i 2017 ikkje nok SMIL-midlar til alle som søkjer om midlar, så ein må derfor prioritere strengt. Vi rår til at søknad om SMIL-midlar på kr. 112.375. til restaurering av gamal verneverdig løde på småbruket gnr. 83 bnr. 6 i Herøy kommune vert utsett til 2018 og vurdert på nytt då. Viss det vert tilgang på meir SMIL-midlar ved inndraging i kommunen eller over-føring frå Fylkesmannen, vil vi rå til at dette tiltaket vert vurdert og prioritert på nytt hausten 2017.
Grunngjeving: Viser til kommentarfelt.							
Tilråding: Søknaden om kr. 112.375 i SMIL-midlar til restaurering av gamal verneverdig grindløde på småbruket gnr. 83 bnr. 6 i Herøy kommune vert utsett til 2018. Viss det vert tilgang på meir SMIL-midlar seinare på året i 2017, vil vi rå til at dette prosjektet vert vurdert på nytt hausten 2017.							

Søknad nummer år	Namn	Tiltak	Godkjend tilskots grunnlag	Søkt tilskot	Tildlegare løyvd tilskot	Tilrådd tilskot	Kommentar
13/2017	Torseth Press v/ Harald Thorseth, Vikevegen 90, 6092 Fosnavåg.	Fjerne av 260 m gammalt not-piggtrådgjerde og oppsetjing av 410 m nytt fast tradisjonelt gjerde for utegangarsau på småbruket gnr. 36 bnr. 1 i Herøy kommune.	0	0	0	0	Søknad mottatt og underskrive 20.06.2017. Søkjar har dyr og søker om produksjons-tilskot i jordbruket. Føremålet med tiltaket er å kunne nytte nærliggjande areal til beit samt ta vare på særmerkte kulturland-skapet i Vikane. Til dette småbruket høyrer det til mykje lyngmark, også "purpurlyngmark" som det er viktig vert beita. Herøy kommune er det i 2017 ikkje nok SMIL-midlar til alle som søker om midlar, så ein må derfor prioritere strengt. Søkjar har siste åra fått løyvd til to SMIL-tiltak som ikkje er heilt ferdige. Vi rår til at søknad om SMIL-midlar på kr. 24.450. til fjerning av omlag 260 m gammalt not- og piggtrådgjerde og til oppsetjing av 410 m nytt fast tradisjonelt gjerde for sau på småbruket gnr. 36 bnr. 1 i Herøy kommune vert utsett til 2018 og vurdert på nytt då.
Grunngjeving: Viser til kommentarfelt.							
Tilråding: Søknad om SMIL-midlar på kr. 24.450. til fjerning av omlag 260 m gammalt not- og piggtrådgjerde og til oppsetjing av 410 m nytt fast tradisjonelt gjerde for sau på småbruket gnr. 36 bnr. 1 i Herøy kommune vert utsett til 2018 og vurdert på nytt då.							

Søknad nummer år	Namn	Tiltak	Godkjend tilskots grunnlag	Søkt tilskot	Tildlegare løyvd tilskot	Tilrådd tilskot	Kommentar
14/2014	Siri Myklebust og Bjørn Inge Taklo, Jøsokvegen 61, 6080 Gurskøy.	Restaurering av gamal verneverdig grindløde bygd rundt 1840 på eigedomen Øren gnr. 80 bnr. 1 i Herøy kommune. Løda er registrert i "Sefrakregisteret." Vi vil rå søkjar til å søkje om midlar i Kulturminnefondet til dette prosjektet.	158 800	79 400	0	0	Søkjar ikkje om produksjonstilskot, men jorda og løda vert drive av faren Bjarne Taklo som driv nabobruket Øren-Søndre gnr. 80 bnr. 2 i Herøy kommune. Sakshandsamar var i lag med søkjar og Toril Moltubakk frå kulturavdelinga frå Møre og Romsdal fylkeskommune på synfaring for å sjå på løda i september 2014. Dette er eit bygg som heilt klart er viktig å ta vare på. Nytt justert kostnadsoverslag mottatt på e-post 01.09.2014. Endring av regelverk i 2017, gir mulighet for eigar å søkje om SMIL-midlar viss ein ikkje driv jorda sjølv og søkjer om produksjonstilskot. Kravet er at eigar som søkjar om SMIL-midlar til prosjekt, leiger ut jordbruksarealet til aktiv brukar som søkjer om produksjonstilskot. Kommunen har ikkje nok Smilmidlar til alle som søkjer og må prioritere strengt. Vi rår til at søknaden vert utsett til 2018 for ny vurdering då.
Grunngjeving: Viser til kommentarfelt.							
Tilråding: Kommunen har ikkje nok Smilmidlar til alle som søkjer og må prioritere strengt. Vi rår til at søknaden om kr. 79.400. i SMIL-midlar til restaurering av gamal verneverdig grindløde på eigedomen Øren gnr. 80 bnr. 1 i Herøy kommune vert utsett til 2018 for ny vurdering då.							

Framlegg til løyving av SMIL midlar i Herøy kommune 2016

Vedlegg 1

Søknad nummer år	Namn	Tiltak	Godkjend tilskots grunnlag	Søkt tilskot	Tildlegare løyvd tilskot	Tilrådd tilskot	Kommentar
15/2014	Siri Myklebust og Bjørn Inge Taklo, Jøsokvegen 61, 6080 Gurskøy.	Restaurering av gamal verneverdig stovehus bygd rundt 1840 som står på frådelt tomt gnr. 80 bnr. 4 i Herøy kommune. Stovehuset med frådelt tomt tilhøyrer hovudbruket Øren gnr. 80 bnr. 1 i Herøy kommune. Stova er registrert i "Sefrakregisteret." Vi vil rå søkjar til å søkje om midlar i Kulturminnefondet til dette prosjektet.	217 000	108 500	17 954	0	Søkjar ikkje om produksjonstilskot, men jorda og løda vert drive av faren Bjarne Taklo som driv nabobruket Øren-Søndre gnr. 80 bnr. 2 i Herøy kommune. Sakshand-samar var i lag med søkjar og Toril Moltubakk frå kulturavdelinga frå Møre og Romsdal fylkeskommune på synfaring for å sjå på stova i september 2014. Dette er eit særmerkt bygg som heilt klart er viktig å ta vare på. Første del, kr. 17.954., i SMIL-midlar til restaurering av gammalt stovehus som står på gnr. 80 bnr. 4 vart løyvd i 2014. Endring av regelverk i 2017, gir mulighet for eigar å søkje om SMIL-midlar viss ein ikkje driv jorda sjølv og søker om produksjonstilskot. Kravet er at eigar som søker om SMIL-midlar til prosjekt, leiger ut jordbruksarealet til aktiv brukar som søker om produksjonstilskot. Kommunen har ikkje nok Smilmidlar til alle som søker og må prioritere strengt. Vi rår til at søknaden om restløyving av SMIL-midlane til det gamle stovehuset vert utsett til 2018 og vurdert på nytt då.
Grunngjeving: Viser til kommentarfelt.							
Tilråding: Kommunen har ikkje nok Smilmidlar til alle som søker og må prioritere strengt. Vi rår til at søknaden om restløyving, kr. 90.646., i SMIL-midlar til restaurering av det gamle stovehuset vert utsett til 2018 og vurdert på nytt då.							
Sum:			1 662 121	918 575	198 254	160 000	

Smilmidlar til disposisjon i 2017:

Løyde Smilmidlar 2017:	kr 160 000
Inndregne Smilmidlar i 2017:	kr -
Sum Smilmidlar for løyving:	kr 160 000
Sum nytta SMIL-midlar i 2016:	kr 160 000
Rest SMIL-midlar ikkje nytta	kr -

Forskrift om tilskot til Særskilde Miljøtiltak jordbruket:

Forskrift om tilskot til Særlege miljøtiltak i jordbruket FOR-2004-02-04-448 sist endra FOR-2016-12-16-1660 med verknad frå 01.01.2017.

§ 3. Vilkår:

Tilskot kan innvilgast til foretak (søklar) der det føregår ein tilskotsberettiga produksjon på landbrukseigedomen, og som oppfyller vilkåra i forskrift 19. desember 2014 nr. 1817 om produksjonstilskot og avløysartilskot i jordbruket §2 og § 3 eller §4. Det må foreligge tillatelse frå landbrukseigedomens eigar til gjennomføring av prosjekt eller tiltak som nemnd i denn forskrifta §4 og §5.

Det vil sei at foretaket (søklar) må oppfylle vilkåra i forskrifta om produksjonstilskot i jordbruket for å kunne få SMIL-tilskot.

Ved søknad om fellestiltak må minimum 50 % av søklarane oppfylle vilkåra.

STRATEGIPLAN FOR ØKONOMISKE VERKEMIDDEL I JORDBRUKET 2017 – 2020.

FOR KOMMUNANE FOR HERØY, ULSTEIN OG HAREID.



Tilskot til særskilde miljøtiltak (SMIL), tradisjonelle tiltak.

Tilskot til særskilde miljøtiltak (SMIL), drenering av tidlegare grøfta dyrka jord.

Framlegg til Strategiplan 2017-2020 dagsett 23.01.2017

Oddvar Gjerde
Sakshandsamar.

Vedteke av:

- Herøy Formannskap den
- Ulstein Formannskap den
- Hareid kommunestyre den

INNHALD	SIDE
1. Bakgrunn	2
2. Organisering av arbeidet	2
3. Status og utfordringar for 2017-2020	3
4. Målsetjing ved bruken SMIL-midlane	3
5. Behov for SMIL-midlar i perioden	3-4
6. Generelle vilkår	4
7. Prioritering og aktuelle tiltak innanfor jordbruk	4-5
8. Tilskotssatsar	5-6
9. Søknadsfristar og handsaming	6

1. Bakgrunn

Kommunane overtok frå og med 01.01.2014 ei rekkje nye oppgåver innanfor landbruksforvaltninga.

Bakgrunnen var Stortingsmelding nr. 19 (2000-2002) «Nye oppgåver for lokaldemokratiet på regionalt nivå.» Dette vart gjort for å styrke det lokale sjølvstyret, vitalisere lokaldemokratiet, gje kommunane betre høve til å sjå landbrukspolitikken i samanheng med andre samfunnsoppgåver og samtidig bidra til betre målretting og effektivisering av den statlege verkemiddelbruken.

Forvaltning av dei økonomiske verkemidla til miljøtiltak i jord- og skogbruket var ei av desse oppgåvene som vart overført til kommunane.

Vi fekk tre nye forskrifter:

Forskrift om tilskot til særskilde miljøtiltak i jordbruket (SMIL). Fastsett av Landbruksdepartementet 4. februar 2004 med heimel i jordlova. Denne Forskrifta var sist endra i FOR-2016-12-16-1660 frå og med 01.01.2017.

Forskrift om tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket (NMSK). Fastsett av Landbruksdepartementet 4. februar 2004.

Forskrift om tilskot til skogbruksplanlegging med miljøregistreringar. Fastsett av Landbruksdepartementet 4. februar 2004.

I 2013 vart det innført tilskot til drenering av tidlegare grøfta dyrka jord. Forskrift om tilskot til dyrka jord, fastsett av Landbruksdepartementet den 25.06.2013.

Denne ordninga skal gå inn som ein del av SMIL-ordninga, men tilskot til drenering har eit sentralt vedteke regelverk med eige søknadsskjema og tilskotsramme. Ordninga vert difor ikkje ein del av Strategiplanen. Kommunane har ikkje høve til å utøve eigne lokale vurderingar og prioriteringar som i SMIL og NMSK. Forskrifta vart sist endra FOR-2015-12-18-1746 frå og med 01.01.2016.

Den første Strategiplanen for økonomiske verkemiddel i landbruket var gjeldande for åra 2005-2008. Den 4. Strategiplanen vert gjeldande for dei fire åra 2017-2020.

Tilskot i skogbruket (NMSK og skogbruksplanlegging med miljøregistreringar) har no eigen Strategiplan og har ikkje vore med i planen sidan 2013.

2. Organisering av arbeidet

I samband med utarbeiding av ny Strategiplan for 2017-2020 vart faglaga invitert til drøftingsmøte den 17.11.2016 om revidering av Strategiplanen for bruken av SMIL-midlane for denne perioden.

Representantar for desse faglaga deltok på møtet:

- ✓ Vestre Sunnmøre Bondelag.
- ✓ Hareid, Ulstein, Herøy og Sande Bonde- og Småbrukarlag.
- ✓ Sunnmøre Villsaulag.
- ✓ Hareid og Ulstein Sau og Geit.

Det var semje om å byggje på hovudlinjene for gjeldande Strategiplan. Ein var samde om å vurdere å ta inn i Strategiplanen:

- ✓ Skur for dyr på beite .
- ✓ Sikker lagerplass for rundballar.

Vidare var det semje om å vurdere å auke timesatsen på eige og leigd arbeid til kr. 350 pr. time, med tillegg for bruk av motorsag og eigen timesats for bruk av traktor med førar. Nokre av tilskotsprosentane vert av den grunn litt reduserte. Deltakarane frå faglaga ønskte at SMIL-ordninga skal betre marknadsførast overfor potensielle søkjarar.

3. Status og utfordringar for 2017-2020

Med unntak av nokre få store bruk, så er dei fleste bruka i kommunane Herøy, Ulstein og Hareid middels og små. Tal aktive bruk (søkjer om produksjonstilskot i jordbruket) var i 2016 til saman for desse kommunane 117 bruk, fordelt med 62 bruk i Herøy, 35 i Ulstein og 20 i Hareid.

Sidan 2000 talet har det vore stor strukturrasjonalisering der det i hovudsak har gått ut over tal bruk med mjølkeproduksjon og rein kjøttproduksjon på storfe. Endringa i tal mjølkeproduksjonsbruk har vore størst i Hareid og Herøy. Siste åra har tal bruk i drift vore stabilt og den driftsforma som har auka er bruk med utgangarsau. Det ligg godt til rette for auke i tal bruk med storfe og då særleg ammekuproduksjon då det i dag er stor import av storfekjøtt frå utlandet.

Det er om lag 560 landbrukseigedomar (over 5 daa jordbruksareal og 25 daa skog) i desse tre kommunane, derav om lag 300 landbrukseigedomar i Herøy kommune, 140 landbrukseigedomar i Ulstein kommune og 120 landbrukseigedomar i Hareid kommune.

Også i desse kommunane har det vorte færre dyr på beite i utmarka og tungvint innmarksareal til slått og beite har gått ut av aktiv drift. Dette gjer at både innmark og utmark gror att og småskog og einer tek over desse areala. Det er viktig å få fram att kystlandskapet og kystlynghei og for å kunne ta vare på gamle tradisjonar for stell av kultur- og fjelllandskapet i kommunane våre. Attgroing langs vegane våre tar vekk utsikta og er særleg merkbart der det før var ope landskap.

SMIL-ordningane innanfor tradisjonell bruk er derfor viktig for å motverke denne endringa. Det trengst fleire dyr både på innmarks- og utmarksbeite for å hindre den stadig aukande attgroinga i vårt vakre kyst-, fjell- og fjordlandskap.

Det er og ei utfordring å nå ut til gardbrukarane/ næringsdrivande med informasjon om ordningane. Her vil Landbrukskontoret prøve å ha ei meir aktiv rolle.

4. Målsetjing ved bruken av SMIL-midlane

- ✓ Motverke attgroing, kulturminne og tap av biologisk mangfald som er knytt til Landbruket. Fremje aktiv beitebruk både på innmarksbeite og i utmark. Gjere det lettare å halde dei små bruka i aktiv drift og få areal ut av bruk i drift att.
- ✓ Motverke forfall av eldre verneverdige bygningar som kan reknast som kulturminne.
- ✓ Tiltak som fremjar organisert beitebruk.
- ✓ Betre mulegheitene for ferdsel og opplevingar i kulturlandskapet.
- ✓ Bidra til å redusere forureininga frå jordbruket.

5. Behov for SMIL-midlar i perioden

Kommunane får kvart år tildelt ei ramme frå Fylkesmannen . Tildelinga har delvis vorte tildelt etter innmelding av behov og historisk brukte SMIL-midlar i kommunane.

I løyvbrev frå Fylkesmannen datert 03.02.2016 fekk Herøy kommune i 2016 tildelt kr. 80.000. i tradisjonelle SMIL-midlar, Ulstein kommune kr. 80.000. og Hareid kommune kr. 80.000.

I tillegg til den årlege tildelinga av SMIL-midlar frå Fylkesmannen, har Landbrukskontoret vore aktive med gjenbruk av ubrukte løyvingar (inndregne SMIL-midlar) til løyvde prosjekt som ikkje har vorte gjennomførte innan arbeidsfristen på 5 år.

Med unntak av Hareid kommune dei to siste åra, så har etterspurnaden av tilskotsmidlane vore større enn tildelt ramme. Reduksjon i behov for SMIL-midlar skuldast at omlegginga av Forskrifta om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket vart endra med verknad frå og med 01.01.2015 til at berre aktive brukarar (rett til søkje om produksjonstilskot i jordbruket) kan etter søknad få løyvd SMIL-midlar til sitt tiltak (prosjekt). I dei to åra 2015 og 2016, etter endringa i forskrifta, vart etterspurnaden av SMIL-midlar vesentleg mindre i Hareid kommune. I tillegg var det andre årsaker til nedgang i behovet for midlar i Hareid kommune. I dei to andre kommunane har det heile tida vore større tilskotsbehov enn tildelte midlar.

Vi håper at kommunane får minst same tildeling av SMIL-midlar som i 2016. Då Herøy kommune har fleire aktive bruk ser vi gjerne at dei for tildelt meir SMIL-midlar enn det dei fekk i 2016.

6. Generelle vilkår

Til grunn for all handsaming av søknader ligg dei sentrale Føreskriftene (sjå punkt 1. bakgrunn).

I lokale retningslinjer for kommunane Herøy, Ulstein og Hareid har vi sett følgjande vilkår:

- a). Tiltak som er begynt på eller ferdig, vert ikkje prioritert for tilskot.
- b). Det vert ikkje løyvd tilskot til maskinarbeid ved rydding/ skjøtsel av gamal kulturmark.
- c). Hovudregelen er at ein ikkje får løyving til inngjerding av dyrka jord.
- d). Ved søknad om tilskot til tiltak på eldre verneverdige bygningar, vil flytting ikkje få støtte.
- e). Anlegg/ tiltak må tilfredstillande utførast og investeringane må haldast innanfor ei forsvarleg ramme.

7. Prioritering og aktuelle tiltak innanfor jordbruk

Prioriteringar i perioden:

- Marknadsføre ordningane.
- Stimulere aktive gardbrukarar til å søkje om midlar til tiltak.
- Prioritere aktive gardbrukarar (rett til produksjonstilskot).
- Prioritere dei tiltaka som gir størst nytte. Gjeld tiltak for ferdsel til kulturminne og tiltak for å hindre attgroing av kulturlandskapet.
- Prioritere samarbeidstiltak framfor enkelttiltak.
- Prioritere naudsynte tiltak for å unngå vidare forfall på bygningar og kulturminne.
- Alle ordningane er likestilte.

Aktuelle tiltak:

- ✓ **Kulturlandskap:**
- Ta vare på viktige kulturminne og kulturmiljø.
- Tiltak som hindrar attgroing av kulturlandskapet og tap av biologisk mangfald.
- Leggje til rette for at allmennheita skal få tilgang/ ferdsel til viktige kulturminne og kulturmiljø.
- Hindre at eldre bygningar som kan reknast som kulturminne forfell.
- Tiltak som fremjar organisert beitebruk.
- Bygging av skur for dyr som går på beite.

- ✓ **Tiltak innanfor forureining:**
- Hydrotekniske anlegg (tiltak som ikkje kan få tilskot gjennom dreneringsordninga).
- Klimaplantingar/ leplantingar.
- Landskapsplantingar.
- Vegetasjonssoner.
- Vedlikehaldsgrøfting av gamal kulturmark og innmarksbeite.
- Grøfting av dyrka mark (syner til eiga føreskrift juli 2013).
- Fangdam/ våtmark.
- Sikker lagerplass for rundballar.

8. Tilskotsatsar

Eige arbeid:

- For eigeninnsats godkjenner ein følgjande satsar:
 - o Kr. 350 pr. time.
 - o Kr. 50 pr. time i tillegg for bruk av motorsag.
 - o Kr. 550 pr. time for bruk av eigen traktor med førar.
 Satsane er samordna med satsane til Innovasjon Norge. Dersom Innovasjon Norge skulle justere satsane i planperioden vert satsane ovanfor justert tilsvarande.

Tiltak i kulturlandskapet:

- Gammal kulturmark/ tiltak mot attgroing av utmark.
 - o Enkeltiltak: Inntil 50 % tilskot av godkjent kostnadsoverslag.
 - o Samarbeidstiltak: Inntil 60 % tilskot av godkjent kostnadsoverslag.
 - o Rydding av gamal piggtråd/ gjerde: Inntil 70 % av godkjent kostnadsoverslag.
- Freda og verneverdige bygningar.

Prosjekt som er vurdert av kulturavdelinga på fylket vert prioritert.

 - o Inntil 50 % tilskot av godkjent kostnadsoverslag.

Tiltak vurdert av kulturavdelinga hjå Møre og Romsdal fylkeskommune og saker som får midlar frå Kulturminnefondet vert prioritert.

Skal restaurerast i samsvar med heftet "Råd om istandsetting av eldre hus" som er utarbeidd av fylkeskonservatoren i Møre og Romsdal.
- Tilgjenge/oppleving.
 - o Inntil 30 % tilskot av godkjent kostnadsoverslag.
- Kulturminne/kulturmiljø.
 - o Inntil 40 % av godkjent kostnadsoverslag.
 - o Steingard/ steinmurar inntil 50 % av godkjent kostnad.
- Biologisk mangfald.
 - o Inntil 50 % av godkjent kostnadsoverslag.
- Tiltak som fremjar organisert beitebruk.
 - o Inntil 50 % tilskot av godkjent kostnadsoverslag.

- Leskur for dyr på beite.
 - Inntil 40 % tilskot av godkjent kostnadsoverslag.

Tiltak mot forureining:

- Vedlikehaldsgrøfting av gamal kulturmark og innmarksbeite.
 - Inntil 30 % tilskot av godkjent kostnadsoverslag avgrensa til kr. 2500. pr daa.
 - Ved kostnadsoverslaget skal det leggast ved enkelt grøftkart (1:1000 el. 1:2000).
 - Arbeidet skal fagmessig utførast med godkjente drenerør og dekkmateriale.
- Hydrotekniske anlegg, slik som opne kanalar.
 - Enkelttiltak. Inntil 50 % tilskot av godkjent kostnadsoverslag.
 - Fellestiltak. Inntil 60 % tilskot av godkjent kostnadsoverslag.
- Høytørke.
 - Inntil 50 % tilskot av godkjent kostnadsoverslag.
- Klimaplanting/ leplanting.
 - Enkelttiltak: Inntil 50 % av godkjent kostnadsoverslag.
 - Samarbeidstiltak: Inntil 60 % av godkjent kostnadsoverslag.
- Sikker lagerplass for rundballar.
 - Inntil 40 % tilskot av godkjent kostnadsoverslag.

Tilskot til drenering av tidlegare grøfta dyrka jord:

I 2013 vart det innført tilskot til drenering av tidlegare grøfta dyrka jord. Ordninga er ein del av SMIL-ordninga. Då tilskot til drenering har eit sentralt vedteke regelverk med eige søknadsskjema og tilskotsramme er det ikkje ein del av Strategiplanen. Kommunane har ikkje høve til å utøve eigne lokale vurderingar og prioriteringar som i SMIL og NMSK.

Tilskot til drenering av jordbruksjord, avgrensa til systematisk grøfting, profilering og omgraving utgjer kr. 1000 pr. daa. Ved annan grøfting kan det gis kr. 15 pr. løpemeter grøft avgrensa opp til kr. 1000 pr. daa. Berekna tilskot under kr. 3000 pr. daa vert ikkje utbetalt.

9. Søknadsfristar og handsaming

Søknadsfristen for den tradisjonelle SMIL-ordninga og SMIL til drenering er 1. mai kvart år.

Det skal nyttast særskilde søknadsskjema for den tradisjonelle SMIL-ordninga og SMIL til drenering. Alle naudsynte vedlegg som det er sett krav til i dei ulike SMIL-tiltaka og til drenering av dyrka jord skal liggje ved søknadane innan søknadsfristen.

Det er utarbeidd eigne rettleiingar for dei ulike SMIL-tiltaka der det går fram kva som skal liggje ved søknaden av vedlegg til søknaden for det aktuelle tiltaket.

Søknader som er fyller kriteria innan søknadsfristen vert prioriterte først. Ein tar sikte på at søknadane vert handsama og løyvde før ferien. Ved behov vert det ei ny tildelingsperiode på hausten.



Til kommunane i Møre og Romsdal

LANDBRUKSKONTORET		
J.nr.	Mottatt	Arkiv
30/17	01/02-17	Perm.

Fordeling av løyvingane til Spesielle miljøtiltak i jordbruket for 2017 Fordeling av løyvingane til Drenering av jordbruksjord 2017

Spesielle miljøtiltak i jordbruket - SMIL

Møre og Romsdal fekk tildelt kr 5 300 000 til ordninga Spesielle miljøtiltak i jordbruket for 2017. Dette er det same beløpet som tidlegare år. Når vi legg til tilskot som er trekte inn, og unytta tilskot frå tidlegare, har vi i alt kr 6 726 280 til fordeling mellom kommunane dette året. Kommunane hadde meldt inn eit behov på til saman kr 8 868 877, så vi har diverre ikkje store nok løyvingar til at alle kommunane får dei summene som dei har bede om.

Når vi fordeler løyvingane på kommunane, tek vi utgangspunkt i tal søknader om produksjonstilskot i kommunane, og fordeler totalsummen i høve til tal søknader. Dernest ser vi på aktiviteten i 2015 og 2016, på kor stort behov kvar kommune har meldt inn for 2017, og så justerer vi summene etter desse kriteria. Nokre kommunar, særleg dei som har hatt stor aktivitet dei siste åra og har fått ein del ekstraløyvingar, får ein liten nedgang i løyvinga i år i høve til i fjor. Dette skjer altså fordi vi i hovudsak har fordelt beløpet i høve til tal søknader om produksjonstilskot i kvar kommune.

Vi held attende ein liten buffer som ikkje blir fordelt i første omgang, slik at det er mogeleg å søkje om tilleggsløyving for dei som får meir søknader enn dei har løyvingar til å dekke opp. På ettersommaren reknar vi med at det blir ei runde med omfordeling frå kommunar der det er liten etterspørsel til kommunar der dei har mykje etterspørsel.

Alle kommunar har ein eigen tiltaksstrategi eller strategiplan som legg rammene for prioritering og bruk av tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket, og tilskota skal brukast i samsvar med denne planen. Den lokale tiltaksstrategien skal rullerast med jamne mellomrom. Vi ber kommunane sjå til at tiltaksstrategien til kommunen framleis er gyldig før de startar opp arbeidet med tildeling av nye tilskot i samsvar med plan. Vi ber om å få tilsendt kopi av strategiplanar etter kvart som desse blir fornya og reviderte.

I desember 2016 vart det vedtatt ei endring i forskrifta om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket. Tidlegare var det berre føretak som oppfylte vilkåra i forskrift om produksjonstilskot som kunne søkje om SMIL-tilskot. No kan også *eigar* av landbrukseigedom søkje, dersom jordbruksarealet på landbrukseigdommen blir drive av eit føretak som oppfyller vilkåra i forskrift om produksjonstilskot.

Løyvingar til SMIL-tiltak i kommunane i 2017

Molde	150 000		Vestnes	240 000
Ålesund			Rauma	300 000
Kristiansund	40 000		Nesset	270 000
Vanylven	280 000		Midsund	60 000
Sande	80 000		Sandøy	40 000
Herøy	160 000		Aukra	50 000
Ulstein	90 000		Fræna	470 000
Hareid	50 000		Eide	200 000
Volda	270 000		Averøy	150 000
Ørsta	460 000		Gjemnes	280 000
Ørskog	260 000		Tingvoll	220 000
Norrdal	220 000		Sunndal	260 000
Stranda	240 000		Surnadal	400 000
Stordal			Rindal	150 000
Sykkylven	180 000		Halsa	200 000
Skodje			Smøla	160 000
Sula			Aure	230 000
Giske	80 000		Ikkje fordelt FM	286 280
Haram	200 000			

Nordre Sunnmøre landbrukskontor i Ørskog får ei samleløyving for kommunane Ålesund, Ørskog, Stordal, Skodje og Sula

Kommunane har ansvar for at det ikkje blir løyvd meir i tilskot enn det som er tildelt kvar kommune. Kommunen skal kontrollere at tiltaka blir gjennomførte i samsvar med plan i søknad. Når arbeidsfristen for eit prosjekt er gått ut, og det ikkje er søkt om å få forlenga arbeidsfristen, skal tilskota trekkjast inn. Inntrekte tilskot kan kommunen løyve på nytt til nye tiltak, dersom inndraginga blir gjort før 1. november.

Dersom ein søkjar etter tre år ynskjer å få forlenga arbeidsfristen for eit prosjekt, og arbeidet ikkje er påbegynt, kan det vere ei betre løysing å trekkje inn tilskotet, og heller be søkjaren om å søkje på nytt seinare.

Når kommunen har løyvd tilskot til eit tiltak, må det sendast kopi av løyvingsbrev med vedtak, og kopi av fullstendig utfylt søknadsskjema, inn til landbruksavdelinga for registrering. Vi treng ikkje, og ynskjer ikkje, å få tilsendt alle vedlegga. Frist for innsending av saker til registrering er 1. november 2017.

Arbeidsfrist for tiltak bør setjast til 1. januar, 1. april, 1. juli og 1. oktober. Det er kommunen som avgjer søknader om utsett arbeidsfrist, men vi må ha kopi av alle vedtak inn for

registrering. Når vi har registrert søknaden og løyvinga, sender vi saldokort for tilskotet i retur til kommunen. Det er også kommunen som gjer vedtak om inndraging.

Det er kommunen som avgjer om det skal utbetalast tilskot. Kommunen fyller ut saldokortet for tilskotet og sender det inn til Fylkesmannen for registrering og utbetaling. Fylkesmannen skal ikkje ha tilsendt timelister, kvitteringar eller rekneskap.

Drenering:

Når det gjeld tilskot til drenering, vart løyvingane halverte frå i fjor til i år. Vi fekk berre ein million kroner i friske pengar i 2017, mot to millionar i 2016. Vi har 1,9 millionar kroner i uløyvde og inntrekte tilskot frå tidlegare som blir overført til 2017, slik at der er i alt 2,9 millionar kroner til fordeling i 2017. Det er meldt inn behov på i overkant av 5,1 millionar, så vi greier ikkje å dekke opp dette med dei løyvingane vi har fått. Til samanlikning vart det løyvd knapt 2,6 millionar kroner til drenering i kommunane i Møre og Romsdal i 2016.

Vi har fordelt løyvingane til drenering mellom kommunane etter tal søknader om produksjonstilskot, og justert etter tidlegare aktivitet og innmelde behov. I nokre kommunar blir det ein liten nedgang i høve til 2017, men også når det gjeld drenering held vi att ein buffer som ikkje blir fordelt i første omgang, og som kan tilleggsøyvst seinare på året. På ettersommaren blir det ei runde med omfordeling og ekstratildeling etter korleis etterspørselen fordeler seg.

Der er ingen endringar i forskrifta dette året. Tilskotssatsane er uendra, og maksimal arbeidsfrist er 3 år. Arbeidsfristen kan ikkje forlengast. Dersom arbeidsfristen er gått ut og arbeidet ikkje er ferdig, må tilskotet trekkjast inn, og føretaket må eventuelt søkje om tilskot på nytt.

På same måte som med SMIL-tilskot, er det kommunane som fattar alle vedtak om løyving, utbetaling og inndraging av tilskot. Fylkesmannen skal ha kopi av utfylte søknadsskjema og vedtaksbrev, og utfylte saldokort. Fylkesmannen skal ikkje ha tilsendt grøfteplanar, timelister, kvitteringar og rekneskap.

Løyvingar til drenering i kommunane i 2017

Molde	70 000		Vestnes	80 000
Ålesund			Rauma	100 000
Kristiansund	20 000		Nesset	50 000
Vanylven	80 000		Midsund	20 000
Sande	20 000		Sandøy	30 000
Herøy	30 000		Aukra	70 000
Ulstein	30 000		Fræna	500 000
Hareid	30 000		Eide	150 000
Volda	60 000		Averøy	80 000
Ørsta	80 000		Gjemnes	80 000
Ørskog	100 000		Tingvoll	100 000
Norddal	70 000		Sunndal	80 000
Stranda	60 000		Surnadal	100 000
Stordal			Rindal	60 000
Sykkylven	90 000		Halsa	50 000
Skodje			Smøla	150 000
Sula			Aure	220 000
Giske	50 000		Ikkje fordelt FM	93 621
Haram	100 000			

Nordre Sunnmøre landbrukskontor i Ørskog får ei samla løyving for kommunane Ålesund, Ørskog, Stordal, Skodje og Sula

Det er Tone Helen Rørseth og Magna Bergem som er kontaktpersonar for begge desse ordningane.

Med helsing

Marianne Aas Halse (e.f.)
Fagkoordinator

Magna Bergem

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Kopi:

Møre og Romsdal bondelag
Møre og Romsdal bonde- og småbrukaralag
Landbruk Nordvest
Nosk Landbruksrådgiving Vest SA

Postboks 2047
v/Stein Brubæk
Fannetrandvegen 63
Postboks 197

6402 Molde
6636 Angvika
6415 Molde
6822 Sandane



Forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket

Dato	FOR-2004-02-04-448
Departement	Landbruks- og matdepartementet
Publisert	I 2004 hefte 4
Ikrafttredelse	04.02.2004
Sist endret	FOR-2016-12-16-1660 fra 01.01.2017
Endrer	FOR-1999-12-27-1531, FOR-2000-03-07-213, FOR-1999-02-26-273
Gjelder for	Norge
Hjemmel	LOV-1995-05-12-23-§3, LOV-1995-05-12-23-§18
Kunngjort	05.03.2004
Korttittel	Forskrift om spesielle miljøtiltak i jordbruket

Hjemmel: Fastsatt av Landbruksdepartementet (nå Landbruks- og matdepartementet) 4. februar 2004 med hjemmel i lov 12. mai 1995 nr. 23 om jord (jordlova) § 3 og § 18.

Endringer: Endret ved forskrifter 3 sep 2014 nr. 1144, 16 feb 2015 nr. 126, 17 feb 2015 nr. 132, 16 des 2016 nr. 1660.

§ 1. Formål

Formålet med tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket er å fremme natur- og kulturminneverdiene i jordbrukets kulturlandskap og redusere forurensningen fra jordbruket, utover det som kan forventes gjennom vanlig jordbruksdrift. Prosjektene og tiltakene skal prioriteres ut fra lokale målsettinger og strategier.

§ 2. Virkeområde

Forskriften gjelder for prosjekter/tiltak på landbrukseiendommer jf. jordloven § 12, samt i områder vernet etter lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven) og lov 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminner.

0 Endret ved forskrift 17 feb 2015 nr. 132.

§ 3. Vilkår

Tilskudd kan innvilges til foretak der det foregår en tilskuddsberettiget produksjon på landbrukseiendommen, og som oppfyller vilkårene i forskrift 19. desember 2014 nr. 1817 om produksjonstilskudd og avløsertilskudd i jordbruket § 2 og § 3 eller § 4. Det må foreligge tillatelse fra landbrukseiendommens eier til gjennomføring av prosjekt eller tiltak som nevnt i denne forskriftens § 4 og § 5.

Det kan ikke innvilges tilskudd til prosjekt eller tiltak på landbrukseiendommer som eies og drives av stat, fylke eller kommune med mindre tiltaket er et fellestiltak der en eller flere tilskuddsberettigede landbrukseiendommer er med.

Søker må oppfylle vilkår i forskrift 1. juli 1999 nr. 791 om gjødslingsplanlegging. Det skal føres journal over plantevernmidler som brukes, med opplysninger om navn på plantevernmiddelet, tidspunkt for behandling og dosen som er brukt, samt området og veksten som plantevernmiddelet ble brukt på. Søker må videre ha kart over jordbruksarealene foretaket til enhver tid disponerer, samt andre arealer som foretaket disponerer eller som er

av betydning for eller som er påvirket av jordbruksdriften. Kulturminner, områder som er viktige for biologisk mangfold, arealer med risiko for tap av jord og næringsstoffer og andre forhold av miljømessig betydning skal være kartfestet og beskrevet.

Dersom arealene er leid bort må søker likevel kunne dokumentere at vilkårene i første og tredje ledd er oppfylt.

Det kan settes vilkår for innvilgning av tilskudd til det enkelte prosjekt og tiltak. Frist for gjennomføring av prosjekt etter § 4 og tiltak etter § 5 er 3 år fra hvert tilskudd ble innvilget, med mindre kommunen har satt en kortere frist ved innvilgelsen av søknaden. Kommunen kan etter søknad forlenge gjennomføringsfristen, men ikke ut over 5 år fra tilskuddet ble innvilget.

0 Endret ved forskrifter 16 feb 2015 nr. 126, 16 des 2016 nr. 1660 (i kraft 1 jan 2017).

§ 4. Tilskudd til planleggings- og tilretteleggingsprosjekter

Det kan innvilges tilskudd til prosjekter som leder fram til planer for konkrete tiltak som nevnt i § 5.

Tilskudd innvilges på grunnlag av godkjente kostnadsoverslag ved planlegging, organisering og prosjektarbeid.

Det ytes engangstilskudd med inntil 100% av godkjent kostnadsoverslag.

§ 5. Tilskudd til kulturlandskapstiltak og forurensningstiltak

Det kan innvilges tilskudd til gjennomføring av tiltak som ivaretar natur- og kulturminneverdiene i kulturlandskapet. Det kan også innvilges tilskudd til gjennomføring av tiltak som bidrar til å hindre eller redusere forurensning eller risikoen for forurensning fra jordbruket.

Tilskudd innvilges på grunnlag av godkjente kostnadsoverslag for gjennomføring av tiltaket.

Det ytes engangstilskudd med inntil 70% av godkjent kostnadsoverslag. For særskilte tiltak for å ivareta biologisk mangfold, kan det ytes tilskudd med inntil 100% av godkjent kostnadsoverslag.

§ 6. Søknad og dokumentasjon

Kommunen kan fastsette søknadsfrist.

Det skal benyttes søknadsskjema som er utarbeidet av Landbruksdirektoratet. Foretaket skal vedlegge en plan der miljøtiltaket beskrives og kartfestes, og der det redegjøres for målene med prosjektet eller tiltaket.

Når prosjektet eller tiltaket er gjennomført, skal det sendes inn dokumentasjon på at det er gjennomført i henhold til vilkår gitt i vedtaksbrev.

0 Endret ved forskrifter 3 sep 2014 nr. 1144, 16 feb 2015 nr. 126.

§ 7. Utbetaling

Innvilget tilskudd utbetales etter skriftlig anmodning fra tilskuddsmottaker og når prosjektet eller tiltaket har fått godkjent sluttregnskapet. Det kan likevel foretas utbetalinger på bakgrunn av godkjent dokumentasjon etter hvert som deler av prosjektet eller tiltaket utføres. Minst 25% av tilskuddet holdes tilbake inntil arbeidet er fullført og sluttregnskapet er godkjent.

§ 8. Administrasjon, klage og dispensasjon

Vedtak om tildeling av tilskudd etter denne forskriften fattes av kommunen.

Kommunen skal fastsette overordnede retningslinjer for prioritering av søknader. Slike retningslinjer skal utarbeides i dialog med fylkesmannen og næringsorganisasjonene i jordbruket lokalt.

Vedtak fattet av kommunen kan påklages til fylkesmannen etter reglene i lov 10. februar 1967 om behandlingsmåten i forvaltningssaker (forvaltningsloven) kap. VI.

Fylkesmannen kan i særlige tilfeller dispensere fra reglene i denne forskriften.

0 Endret ved forskrift 16 feb 2015 nr. 126.

§ 9. Opplysningsplikt og kontroll

Søker av tilskudd plikter å gi alle opplysninger som kommunen, fylkesmannen, Landbruksdirektoratet eller Riksrevisjonen finner nødvendig for å kunne kontrollere at bruken av tilskuddsmidlene er i tråd med forutsetningene.

Kommunen, fylkesmannen og Landbruksdirektoratet kan foreta stedlig kontroll.


0 Endret ved forskrifter 3 sep 2014 nr. 1144, 16 feb 2015 nr. 126.

§ 10. Omgjøring, tilbakebetaling og motregning

Vedtak om innvilget tilskudd kan omgjøres og utbetalt tilskudd kan kreves tilbakebetalt dersom det avdekkes forhold som er i strid med det som er forutsatt ved innvilgning av tilskuddet. Kravet kan motregnes i tilskudd som utspringer av mottakerens landbruksvirksomhet. Dersom tilbakebetaling ikke skjer innen den frist som blir gitt, kan det kreves forsinkelsesrenter i tillegg, jf. lov 17. desember 1976 nr. 100 om renter ved forsinket betaling m.v.

§ 11. Ikrafttredelse

Denne forskriften trer i kraft straks. Fra samme dato oppheves forskrift 1. januar 2000 nr. 1531 om investeringsstøtte til miljøtiltak, forskrift 7. mars 2000 nr. 213 om tilskudd til miljørettet omlegging av kornområder og forskrift 26. februar 1999 nr. 273 om tilskudd til spesielle tiltak i landbrukets kulturlandskap med freda og verneverdige bygninger.



Søre Sunnmøre landbrukskontor

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	ANNLOB	Arkivsaknr:	2017/683
		Arkiv:	V00

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
47/17	Maritim og teknisk komite	28.08.2017
	Formannskapet	05.09.2017
25/17	Arbeidsmiljøutvalet	16.08.2017
	Kommunestyret	21.09.2017

OMORGANISERING AV SØRE SUNNMØRE LANDBRUKSKONTOR

Tilråding:

1. Med heimel i kommunelova §27 og i samsvar med §11 i vedtektene for Søre Sunnmøre Landbrukskontor vedtek kommunestyret i Herøy å oppheve samarbeidet med kommunane Hareid og Ulstein om Søre Sunnmøre Landbrukskontor med verknad frå 01.01.2018.
2. Det vert inngått vertskommuneavtale mellom kommunane Hareid, Herøy og Ulstein om felles landbrukskontor i samsvar med kommunelova §28-1b. Herøy vert vertskommune, Hareid og Ulstein vert samarbeidskommune, jmf. utkast til samarbeidsavtale datert 21.06.2017.
3. Rådmannen vert bedt om å gjennomføre organiseringa med verknad frå 01.01.2018.

Særutskrift:

Hareid kommune, Rådhusplassen 5, 6060 Hareid

Ulstein kommune, Postboks 143, 6067 Ulsteinvik

Søre Sunnmøre Landbrukskontor, Dragsundvegen 6, 6080 Gurskøy

Vedlegg:

- 1 Brev frå FM datert 19.11.2015. Førebels kontrollrapport-organisering av interkommunale landbrukskontor-Søre Sunnmøre Landbrukskontor.
- 2 Svaret til FM frå eigarkommunane ved Herøy kommune datert 02.12.2015.
- 3 Brev frå FM datert 09.12.2015.Tilbakemelding på spørsmål om vedtakspraksis.
- 4 Brev til FM frå styret i SSL datert 04.12.2015.
- 5 Brev til FM frå SSL datert 04.12.2015 med spørsmål om vedtakspraksis.
- 6 Brev frå FM datert 06.01.2016. Avslutning av kontroll-organisering av interkommunale landbrukskontor-SSL.
- 7 Vedtektene til SSL av 1994.
- 8 Framlegg til vertskommuneavtale datert 21.06.2017.

Uprenta vedlegg:

- 1 Brev frå Fylkesmannen datert 17.09.2015. *Forvaltingskontroll – organisering av interkommunale landbrukskontor.*
- 2 Svaret frå Hareid kommune på Fylkesmannen sin forvaltingskontroll datert 15.10.2015.
- 3 Svaret frå Herøy kommune på Fylkesmannen sin forvaltingskontroll datert 30.10.2015.
- 4 Svaret frå Ulstein kommune på fylkesmannen sin forvaltingskontroll datert 16.10.2015.

Samandrag av saka:

Etter Fylkesmannen sin kontroll av organiseringa av Søre Sunnmøre Landbrukskontor (SSL) i 2016 vart det konkludert med at eigarkommunane må regorganisere SSL. Kontoret er organisert som eit interkommunalt samarbeid med heimel i kommunelova §27. Eigarkommunen vil halde fram med samarbeidet og reorganiserer SSL med heimel i kommunelova §28 – vertskommunesamarbeid. Herøy kommune vert vertskommune med Hareid og Ulstein som samarbeidskommunar. Endringa vert gjeldande frå 01.01.2018.

Saksopplysningar:

Fylkesmannen har konkludert med at Søre Sunnmøre Landbrukskontor (SSL) gjer vedtak i enkeltsaker utan at det ligg føre ei klar delegering i SSL sine vedtekter. Årsaka er at SSL er organisert etter kommunelova § 27. Slik organisering opnar ikkje for delegering av vedtaksmynde til interkommunale styre, med mindre det ligg føre heimel i særlov. Eigarkommunane svarde Fylkesmannen at dei vil halde seg til Fylkesmannen sin konklusjon og utbetre forholda som er avdekka. Fylkesmannen har ikkje gjeve kommunane nokon frist for reorganisering av SSL.

Styreleiar i SSL inviterte rådmennene til møte den 02.12.2016 for å drøfte pålegget frå Fylkesmannen. Det vart sett ned ei arbeidsgruppe som fekk i oppdrag å utarbeide eit saksframlegg for rådmennene. Målet er å handsama organisasjonsendringa av SSL i kommunestyra i Hareid, Herøy og Ulstein i løpet av august/ september i 2017. Det er ein føresetnad for endringa at kommunane gjer samsvarande vedtak.

SSL er eit interkommunalt selskap med heimel i kommunelova §27. Selskapet vart danna av kommunane Hareid, Herøy og Ulstein den 01.01.1994. Føremålet med SSL var å føre vidare det statlege landbrukskontoret i Dragsund. Kontoret utfører kommunal sakshandsaming etter jordlova, konsesjonslova, odelslova og skoglova. Viltlova og innlandsfiskelova kom til som saksområde frå rundt 2000-talet, med unntak av innlandsfiske for Ulstein.

Vedtektene §9 omhandlar *SSL sin administrasjon*. Det går fram av paragrafen at personale som arbeider ved SSL er tilsette ved SSL. Likevel har Herøy kommune det formelle arbeidsgjevaransvaret for alle tilsette. Ansvaret skal ivarettas etter gjeldande lover og føreskrifter som gjeld for andre kommunalt tilsette.

Det er i dag 4 tilsette ved kontoret i 3,5 stillingar. Frå august 2015 har det stått ei halv stilling vakant. Herøy kommune fungerer i praksis som vertskommune for SSL då dei fører rekneskapen og står for lønnsutbetalinga til dei tilsette. Alle tilsette har pensjonsordning i KLP.

Endringar i arbeidsforholda er regulert av Arbeidsmiljølova kap. 16 – *Arbeidstakernes rettigheter ved virksomhetsoverdragelse*. Kapitlet omhandlar dei tilsette sine rettar når arbeidsgjevar overdrer ei verksemd, eller ein del av ei verksemd, til annan arbeidsgjevar. Hovudregelen er at rettar og plikter som følger av arbeidsavtalen og arbeidstilhøvet vert overført uendra til ny arbeidsgjevar. Det vart gjennomført drøftingsmøte med dei tilsette den 21.03.17.

SSL har eige organisasjonsnummer og er eit organisasjonsledd under Herøy kommune. SSL leiger kontor av S-Flis i Dragsundvegen 6 i Herøy.

Drifta av SSL er fullfinansiert ved overføring av midlar frå eigarkommunane. Midlar som ikkje vert nytta vert overført til disposisjonsfondet. Fondet vart redusert til kr. 300.000 i des. 2016 ved tilbakeføring av midlar til eigarkommunane.

Den prosentvise fordelinga for overføring og tilbakeføring av midlar er 43 % for Herøy, 29 % for Ulstein og 28 % for Hareid. Fordelinga er basert på tal gardsbruk, skogareal og folketalet i kommunen. Prosentane vart justert i 2002 og det har ikkje vore behov for å justere fordelinga sida. Rekneskapen for 2016 syner at samla utgifter til løn og kontorhald av SSL er på kr. 2.624.960,-.

Vedtektene §11 omhandlar *Uttreden og oppløysing*. Det går fram av vedtektene at uttreden av samarbeidet må handsamast etter kommunelova §27 pkt. 3: *Den enkelte kommune og fylkeskommune kan i alle fall med ett års skriftlig varsel si opp sitt deltakerforhold i det interkommunale samarbeid og kreve seg utløst av det. Utløsningssummen fastsettes til andelens nettoverdi ved oppsigelsesfristens utløp, men ikke til mer enn verdien av de midler vedkommende kommune eller fylkeskommune har skutt inn.*

Aktuell organisering av samarbeidet om SSL er *Administrativt vertskommunesamarbeid* eller *Vertskommunesamarbeid med felles folkevald nemnd*. Administrativt vertskommunesamarbeid er heimla i kommunelova § 28-1b og vert regulert gjennom ei avtale mellom vertskommunen og dei to

samarbeidskommunane. Rådmannen i vertskommunen får delegert mynde frå rådmennene i samarbeidskommunane. Delegerte oppgåver og avgjerd i saker, som ikkje er prinsipielle, vert løyst av administrasjonen i vertskommunen. Avgjerd i prinsipielle saker vert teke av politisk utval i den aktuelle kommunen.

Vertskommunesamarbeid med felles folkevald nemnd er heimla i kommunelova § 28-1c. Kommunestyra i vertskommunen og samarbeidskommunane gir då delegert mynde til ei felles nemnda. Nemnda tek avgjerd i prinsipielle saker som gjeld alle kommunane. Vidare kan nemnda delegere ikkje prinsipielle saker til administrasjonen.

For begge alternativa må det ligge til grunn ei skriftleg avtale om samarbeidet mellom kommunane. Eit vertskommunesamarbeid etter § 28-1b eller § 28-1c vil føre til ei auke i tal administrative vedtak i forhold til i dag. Årsaka er at formalitetane for å gi delegasjon kjem på plass. Graden av delegerede vedtak vil då kome på same nivå som det er i eigarkommunane no i dag.

Vurdering og konklusjon:

Endringane som er foreslått vil ikkje rokke ved samarbeidet mellom dei tre kommunane om felles kommunal landbruks- og viltforvaltning. Bakgrunnen for endringa er Fylkesmannen sin konklusjon etter forvaltingskontrollen av SSL. I praksis vert endringa å sjå på som ei forvaltningsteknisk endring av organisasjonsforma.

Den aktuelle måten å organisere samarbeidet på vidare er ved § 28-1b *Administrativt vertskommunesamarbeid*. Ved ein slik organisasjonsmodell vert det politiske mynde verande i kvar av kommunane og ein unngår å flytte mynde til ei felles nemnd for dei samarbeidande kommunane. Dagens praksis med vedtak i politisk utval i eigen kommune vil halde fram. Samarbeidskommunane avgjer sjølv kva som er prinsipielle saker og ikkje. Endring av vedtakspraksisen vil gjelde saker av ikkje prinsipiell karakter der mynde vert delegert til administrasjonen i vertskommunen. Vi forventar at talet politiske saker innafor landbruks- og viltområdet går ned grunna organisasjonsendringa. Det vil og vere med på å effektivisere arbeidet noe.

Fleire kommunar i fylket har samarbeid om landbruks- og viltforvaltninga. Lokalt kan vi sjå til det sist etablerte samarbeidet mellom kommunane Ørsta og Volda. I samarbeidet om Nordre Sunnmøre Landbrukskontor har fleire kommunar samarbeidd gjennom fleire år. Samarbeidet der omfattar i dag fem kommunar. Desse samarbeida er organisert etter kommunelova § 28-1b.

Organisasjonsendringa vil ikkje føre til at det vert færre stillingar eller færre tilsette ved SSL. Endringa vert å sjå på som ei verksemdsoverdraging for dei tilsette. Tillitsvald har vore med i drøftingar gjennom heile prosessen.

I eit vertskommunesamarbeid mellom dei tre kommunane vil det vere naturleg at Herøy kommune vert vertskommune med Hareid og Ulstein som samarbeidskommunar. Ei slik organisering vil føre til få praktisk endringar for kommunane. Vi vurderer det slik at endringa kan føre til ein liten reduksjon i

kostnadane. Herøy kommune utfører det administrative arbeidet for SSL, slik som utbetaling av lønn til tilsette og rekneskapsføring. Organisasjonsendringa kan føre til mindre arbeid for rekneskapsavdelinga i Herøy då rekneskapen for SSL går inn som ein del av rekneskapen til Herøy kommune.

SSL leiger kontor av S-Flis i Dragsundvegen 6 i Herøy. Den 5-årige leigeavtalen gjekk ut den 20.11.2016 og vert så lenga med eitt år av gongen. Ei mogleg endring kan vere at SSL flyttar ut av leigde lokale og inn i lokale som er eigd av Herøy kommune i Dragsundområdet. Vi meiner det er avgjerande å halde fast ved lokaliseringa i Dragsundområdet då det gir ei sentral plassering av kontoret.

Det er over eit år sidan Fylkesmannen avslutta kontrollen av SSL. Årsaka til at dei naudsynte endringane ikkje er sett i verk er usikkerheita rundt endringar i samband med kommunereforma. Det er ein føresetnad for endringa at dei tre eigarkommunane av landbrukskontoret gjer samsvarande vedtak i saka.

Vi rår kommunestyret til å sette i verk organisasjonsendringa av Søre Sunnmøre Landbrukskontor i samsvar med Fylkesmannen til tilsyn. Endringa krev at samarbeidet om SSL med heimel i Kommunelova §27 vert oppløyst. Heimelen for vidare samarbeidet går fram av utkast til vertskommuneavtale om felles landbrukskontor, datert 21.06.2017. Dato for organisasjonsendringa vert sett til 01.01.2018.

Fosnavåg, 04.07.2017

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Anne Kathrine Løberg
Landbrukssjef



Mottakarar etter liste

LANDBRUKSKONTORET		
J.nr.	Mottatt	Arkiv
339/15	11/11-15	03

Førebels kontrollrapport - organisering av interkommunale landbrukskontor - Søre Sunnmøre Landbrukskontor

Fylkesmannen har ved brev av 17.09.2015 varsla kontroll med organiseringa av det interkommunale landbrukskontoret Søre Sunnmøre Landbrukskontor.

Oppsummering:

Kontrollen har avdekt at tilsette ved Søre Sunnmøre Landbrukskontor gjer vedtak i enkeltsaker, utan at det ligg føre klar delegering i vedtektene eller heimel for slik delegering. Fylkesmannen legg til grunn at kommunen vurderer organiseringa, og i framtida legg til rette for at formelle forvaltningsvedtak på landsbruksområdet vert gjort av nokon som er underlagt kommunalt instruksjonsmynde. Fylkesmannen imøteser eventuelle merknader til dette brevet innan 20.01.2016.

Kontrollgrunnlaget

Fylkesmannen har bedt kommunane orientere om korleis det interkommunale samarbeidet innanfor landsbruksområdet er forankra og organisert. Herøy, Hareid og Ulstein kommune v/Søre Sunnmøre Landbrukskontor (SSL) har svart ved oversendingar datert 29.10.2015 og 30.10.2015.¹ Det vert lagt til grunn at sakstilfanget er kjent for kommunen.

Kommunane Hareid, Herøy og Ulstein er knytt til SSL. Kommunane v/SSL har kort gjort greie for organiseringa i oversendinga:

«Søre Sunnmøre Landbrukskontor (SSL) er eit interkommunalt selskap med heimel i kommunelova § 27. Selskapet bar skipa av kommunane Hareid, Herøy og Ulstein den 01.01.1994 (vedtektene § 1)... Føremålet med SSL var å føre vidare det statlege landbrukskontoret i Dragsund. Arbeidsområda som var lagde til kontoret var rådgjeving og sakshandsaming etter gjeldande lovverk for «slik kommunal verksemd». Elles skulle kontoret utføre oppgåver som vart vedtekne spesielt for SSL (vedtektene § 2). Deltakarkommunane vel eit medlem og eit varamedlem til styret for kommunevalperioden. Styreformannen vert vald av styret for 2 år og formannsvervet går på omgang mellom deltakarkommunane (vedtektene § 5). Styret si oppgåve er å stå føre den daglege drifta av selskapet (vedtektene § 6). Styret kan mellom anna godkjenne arbeidsoppgåver for selskapet, som ikkje er lovpålagde, og fastsette gebyr for desse. Landbrukssjefen er dagleg leiar og har ansvaret for at SSL utøver verksemda i samsvar med gjeldande regelverk i og vedtak i styret for SSL...»

SSL førebur saker etter jordlova, konsesjonslova, odelslova, skogbrukslova og viltlova for politisk handsaming i deltakarkommunane. SSL gjer elles vedtak i saker som vert handsama

¹ Ref. 15/377, 15/1068 og 15/995

i Landbruksdirektoratet sine elektroniske løysingar som WESPA, Web-SKAS, ESTIL og ØKS. Det same gjeld søknader etter *Forskrift om tilskot til avløyning ved sjukdom og fødsel mv.*² og dispensasjonar frå *Forskrift om gjøldselvarer mv. av organisk opphav*³ § 23 om spreingstidspunkt.

Rådmennene i deltakarkommunane har innstillingsrett i saker som styret i SSL skal handsame.

Regelverk for forvaltningskontrollen

Reglement for økonomistyring i staten § 15 gjev heimelsgrunnlag for Fylkesmannen sin kontroll med kommunane. Overordna verksemdar skal sjå til landbruksforvaltninga i kommunen utfører delegerte oppgåver på forsvarleg måte og i tråd med gjeldande regelverk, jf. § 14 bokstav f.

Formålet med kontrollen er å hjelpe kommunen til å avdekke eventuelle svake punkt før dei får konsekvensar, og bidra til å identifisere forbettringsområde. Kontrollen skal vidare sikre legitimiteten og tilliten til forvaltninga.

Fylkesmannen kan be om opplysningar omsider av kommunen si verksemd og har rett til innsyn i alle kommunale saksdokument, jf. kommunelova § 59 nr. 6.

Fylkesmannen si vurdering

Det går fram av vedtektene frå 1994 at SSL er eit interkommunalt selskap med heimel i kommunelova § 27. I dag vert slike selskapsformer regulert av *Lov om interkommunale selskap av 29. januar 1999 nr. 6*, samtidig som det er forbod mot at ein kommune kan vere deltakar i ansvarlege selskap eller kommandittselskap, sjå selskapslova § 1-1 nr. 5.

Før 1999 gav kommunelova § 27 rom for etablering av ulike samarbeidsformer, alt frå enkle samarbeid ned mot og under grensa for sjølvstendige rettssubjekt, opp til samanslutningar med karakter av ansvarlege selskap, jf. også Ot.prp.nr.53 (1997-1998) s. 29:

«Loven regulerer ikke uttrykkelig spørsmålet om det interkommunale styret er et eget rettssubjekt eller ikke. Dette må avgjøres helt konkret for den enkelte virksomhet. Momenter i vurderingen vil, foruten virksomhetens formuesmasse, være den grad av selvstendighet styret har i forhold til deltakerne. I den vurderingen vil det være av sentral betydning om styret er tildelt budsjettmyndighet, myndighet til å ta opp lån, til å fatte vedtak i personalsaker, og eventuelt til å binde virksomheten utad uten å måtte innhente samtykke fra deltakerne.»

Etter vedtektene er drifta av SSL fullfinansiert gjennom tilskot frå deltakarkommunane. Styret i SSL har ikkje arbeidsgjevaransvar (§ 4 a) og kan berre vedta budsjett i samsvar med budsjetteringa i kommunane (§ 6a). Vidare har styret ikkje mynde til å ta opp lån eller på annan måte pådra kommunane økonomiske forpliktingar (§ 6 g). Det går også fram av vedtektene at gebyr vert fakturerte i namnet til dei respektive kommunane (§4 d).

Isolert sett taler elementa ovanfor i retning av at SSL ikkje kan reknast som eit eige rettssubjekt uavhengig av kommunane. Styret er elles delegert mynde til å gjere vedtak i personalsaker, herunder opprette stillingheimlar og gjennomføre tilsetning og oppseiingar

² FOR-2014-12-19-1821

³ FOR-2003-07-04-951

(§ 6 b og c). Fylkesmannen konstaterer at SLL (org.nr. 971 547 391) er registrert som organisasjonsledd i offentlig forvaltning, ikkje som eit interkommunalt selskap.

Det er derimot ikkje avgjerande for vår kontroll om SSL er eit sjølvstendig rettssubjekt. Det følgjer av kommunelova § 27 nr. 1 at interkommunale styre berre kan gjevast mynde til å ta avgjerd i saker som gjeld «*virksomhetens drift og organisering*». I dette ligg det ein betydeleg skranke i høve til å delegere mynde til interkommunale styre, jf. Ot.prp.nr. 42 (1991-1992) s. 110:

«Bestemmelsene gir altså ikke en rettslig sett ubegrenset adgang til å overdra kompetanse til interkommunale styrever. Bestemmelsene er først og fremst tenkt som grunnlag for etablering av samarbeidsordninger i forbindelse med utbygging og drift av større anlegg som strøm- eller vannforsyning, kloakk og renovasjon. Bestemmelsen kan på denne bakgrunn neppe anses som en selvstendig hjemmel for delegasjon av beslutningsmyndighet i andre spørsmål enn de som knytter seg til drift og organisering av denne typen tiltak.

Det er m.a.o. ikke tale om delegasjon av forvaltningsmyndighet i vanlig forstand, men om et alternativ til en eller annen for selskapsrettslig organisering, i form av aksjeselskap, ansvarlig selskap eller annet.»

Alminneleg forvaltningsmynde vil såleis ikkje kunne delegerast til styret, med mindre dei enkelte særlovene gjev heimel for dette. Bakgrunnen for dette er at interkommunale styre ikkje er underlagt ordinært og direkte instruksjonsmynde frå deltakarane, Kommunestyret derfor heller ikkje kan forlange å få enkeltsaker framlagt til orientering eller avgjerd, sjå kommunelova § 76.

Det følgjer for så vidt av vedtektene § 2 at oppgåvene til SLL er å arbeide med «*rådgjeving og sakshandsaming*» etter gjeldande lover og regelverk for denne typen kommunal verksemd. Etter ordlyden ligg det såleis inga direkte delegering av forvaltningsmynde i vedtektene. Kommunane har også gjort greie for at SSL i hovudsak førebur saker for politisk handsaming i deltakarkommunane. Fylkesmannen kan ikkje sjå at ei slik organisering eller praksis er i strid med delegeringsavgrensinga i kommunelova § 27 nr. 1.

Derimot gjer SSL enkeltvedtak gjennom Landbruksdirektoratet sine elektroniske løysingar, og etter FOR-2014-12-19-1821 og FOR-2003-07-04-951, sjå s. 2 første avsnitt. Etter vår vurdering er dette ikkje innanfor «*drift og organisering*», som SSL kan gjevast mynde til å ta avgjerd om etter kommunelova.

Det er vidare klart dei tilhøyrande forskriftene for dei elektroniske løysingane, herunder *Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket*⁴, *Forskrift om produksjonstilskudd og avløsertilskudd i jordbruket*⁵ og *Forskrift om tilskot til regionale miljøtiltak*⁶, ikkje har føresegner om delegering til interkommunale styre eller selskap.

Fylkesmannen peiker på at formålet med delegeringsskranken i kommunelova er det prinsipielle høvet til demokratisk kontroll med eiga forvaltning. Fylkesmannen legg til grunn at kommunen innrettar seg etter dette, og i framtida legg til rette for at formelle forvaltningsvedtak på landsbruksområdet vert gjort av nokon som er underlagt kommunalt

⁴ FOR-2004-02-04-447

⁵ FOR-2015-06-29-802

⁶ FOR-2015-06-19-739

instruksjonsmynde. For ordens skuld strekar vi under at delegering av forvaltningsmynde til sjølvstendige rettssubjekt, er i strid med kommunelova utan særskilt heimel.

Fylkesmannen imøteser eventuelle merknader til dette brevet innan 01.02.2016.

Med helsing

Ottar Longva (e.f.)
fung. landbruksdirektør

Arnt Erik Nordheim
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Mottakarar:

Hareid kommune	Rådhusplassen 5	6060	HAREID
Herøy kommune	Postboks 274	6099	FOSNAVÅG
Ulstein kommune	Pb. 143	6067	ULSTEINVIK

Kopi:

Søre Sunnmøre Landbrukskontor Dragsundvegen 6 6080 GURSKØY



HERØY KOMMUNE

Personal- og organisasjonsavdelinga

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Postboks 2520
6404 MOLDE

LANDBRUKSKONTORET		
J.nr.	Mottatt	Arkiv
395/15	15/12:15	03

Saksnr	Arkiv	Dykkar ref	Avd /sakshandsamar	Dato
2015/1068	V00	2015/5460	PERS/JVDH	02.12.2015

SVAR TIL FØREBELS KONTROLLRAPPORT - ORGANISERING AV INTERKOMMUNALE LANDBRUKSKONTOR

Herøy kommune syner til førebels kontrollrapport i høve organisering av Søre Sunnmøre landbrukskontor (SSL) av 09.11.2015.


På vegne av dei andre samarbeidskommunane tek vi rapporten til etterretning, og har i den samanheng ingen motsegner til Fylkesmannen sin førebelse konklusjon.

Samarbeidskommunane vil halde seg til Fylkesmannen sin endelege konklusjon, og rette og utbetre dei høve som vert påpeika.

Samarbeidskommunane har i samtale med Fylkesmannen fått forståing av at SSL si sakahandsaminga kan utøvast som tidlegare, inntil eventuell frist for retting.

Med helsing


Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann


Jan Vidar Dammen-Hjeltneseth
Personal- og organisasjonsleiar

Kopi:

Hareid kommune v/ rådmannen
Ulstein kommune v/ rådmannen
SSL v/ landsbrukssjefen

Rådhusplassen 5 6060 HAREID
Postboks 143 6067 ULSTEINVIK



Søre Sunnmøre landbrukskontor
Dragsundvegen 6
6080 GURSKØY



Brevet dykkar 04.12.2015 – tilbakemelding på spørsmål om vedtakspraksis

Vi viser til førebels kontrollrapport i sak om organisering av interkommunale landbrukskontor 09.11.2015, og til motteken kopi av styrevedtak frå Søre Sunnmøre Landbrukskontor (SSL) av 03.12.2015, sak 35/2015. Landbrukskontoret har den 04.12.2015 i tillegg stilt spørsmål om de i ein overgangsperiode, inntil eigarkommunane har funne ny løysing på organiseringa av samarbeidet, kan halde fram som tidlegare.

Bakgrunn for saka og vedtaket frå styret i SSL

Fylkesmannen konkluderte i kontrollrapporten med at kommunelova § 27 nr. 1 ikkje opnar for delegering av forvaltningsmynde til interkommunale selskap eller interkommunale styre, utan at det eventuelt ligg føre særskilt heimel for slik delegering gjennom særlov. Vi la derfor til grunn at SSL med dagens organisering ikkje kunne tildelast mynde til å gjere enkeltvedtak på vegner av eigarkommunane. Vi viser elles til den førebelse kontrollrapporten i sin heilskap.

Styret i SSL overlèt i vedtak 03.12.2015 til eigarkommunane å gjennomføre ei eventuell omorganisering av drifta ved kontoret, men peiker på at ei omorganisering uansett vil verte påverka av kva utfall kommunereforma vil få. Fylkesmannen ser at det kan vere naturleg å vurdere organisasjonsmodell og moglege deltakarkommunar som ledd i reformarbeidet, og vi tek vedtaket frå styret i SSL til vitande.

Spørsmålet om sakshandsaming og vedtaksmynde framover

Dersom forvaltningsvedtak i ein overgangsperiode vert gjort utan delegering i tråd med kommunelova, altså med såkalla personelle kompetanseanglar, kan dette føre til at enkeltvedtak vert ugyldige.

I tråd med forvaltningsrettsleg lære vil manglar ved avgjerder *som er til gunst for ein part og ikkje til skade for andre*, føre til at vedtaka vert *angripelege*. Dette inneber at avgjerdene står ved lag, trass i feilen, inntil dei vert *kjent ugyldige* av organet sjølv eller av overordna organ. Etter det kommunane har opplyst legg Fylkesmannen til grunn at hovuddelen av dei sakene SSL handsamar gjennom elektroniske løysingar som WESPA, Web-SAKA, ESTIL og ØKS vil vere avgjerder i denne kategorien. I alle høve føreset Fylkesmannen at personelle kompetanseanglar vil kunne reparerast av klageinstansen i eventuelle klagesaker der det er tale om delegert mynde frå departementet til kommunal landbruksforvaltning. Det vil også kunne spele inn om vedtak byggjer på sentralt fastsette satsar og objektive vilkår eller

kriterium, slik at avgjerdene følger direkte av regelverket og det er lite rom for lokalt skjønn.

For vedtak som *pålegg private byrder eller plikter*, som til dømes avkorting av tilskot, vil hovudregelen derimot vere at personelle kompetansemanglar medfører ugyldigheit. Også i slike tilfelle kan det tenkjast at klageinstansen kan reparere enkelte manglar ved ei klagehandsaming. Det må derimot leggjast til grunn at slike avgjerder i større grad byggjer på konkrete avvegingar og skjønn, og at partar som utgangspunkt har krav på å få vurdert saka i to instansar. For denne typen avgjerder, og for andre vedtak som inneheld vesentlege element av skjønn, rår Fylkesmannen derfor klart til at kommunane i ein eventuell overgangsperiode vel alternative handsamingsformer. Alternativ kan til dømes vere at SSL, på same måte som for andre sakstypar i dag, førebur saker for avgjerd av deltakarkommunane sjølv, enten politisk eller administrativt ved rådmannen i vedkommande kommune.

Avsluttande kommentar

Vi strekar under at vi med rettleinga ovanfor ikkje legg føringar for korleis kommunane skal innrette organiseringa eller sakshandsaminga på landbruksområdet framover, men at ei slik vurdering tilkjem kommunestyra i Herøy, Ulstein og Hareid, jf. kommunelova § 6.

Som det elles går fram av brevet vårt 09.11.2015, legg Fylkesmannen til grunn at kommunane vil vurdere organiseringa av SSL, og i framtida leggje til rette for at formelle forvaltningsvedtak på vert gjort av nokon som er underlagt kommunalt instruksjonsmynde.

Med helsing

Ottar Longva (e.f.)
fung. landbruksdirektør

Arnt Erik Nordheim
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

kopi:

Herøy kommune	Postboks 274	6099	FOSNAVÅG
Ulstein kommune	Pb. 143	6067	ULSTEINVIK
Hareid kommune	Rådhusplassen 5	6060	HAREID



Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Postboks 2520

6404 MOLDE

Telefon: 700 84 670
Adresse: Dragsundvegen 6, 6080 Gurskøy
E-post: kontor@landbrukskontoret.no
Heimeside: www.landbrukskontoret.no

Dykkar ref: 2015/5460/FMMRATNO/520

Vår ref: AKL

Dato: 04.12.2015

Uttale til Fylkesmannen på forvaltingskontrollen

Styret i Søre Sunnmøre Landbrukskontor gjorde slikt samrøystes vedtak i styremøte den 03.12.2015, sak 35/2015:

Styret i Søre Sunnmøre Landbrukskontoret tek førebels kontrollrapport frå Fylkesmannen datert 09.11.2015 til vitande. Vi ser ein må organiserer drifta ved kontoret i tråd med Fylkesmannen sine merknader. Styret overlet ei eventuell endring til eigarkommunane, men vil påpeike at det er ei særdeles uheldig tid for omorganisering, då det er avhengig av kva utfall kommunereforma vil få. Styret bed også Fylkesmannen sjå ei endring i samanheng med kommunereforma.

Retts utskrift av vedtaket


Anne Kathrine Løberg
Landbrukssjef

Kopi til:

Herøy kommune
Ulstein kommune
Hareid kommune



Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Postboks 2520
6404 MOLDE

Telefon: 700 84 670
Adresse: Dragsundvegen 6, 6080 Gurskøy
E-post: kontor@landbrukskontoret.no
Heimeside: www.landbrukskontoret.no

Dykkar ref: 2015/5460/FMMRATNO/520

Vår ref: AKL

Dato: 04.12.2015

Spørsmål om vedtakspraksis

Vi syner til svaret frå dykk datert 09.11.2015 om førebels kontrollrapport.

De skriv: «Kontrollen har avdekka at tilsette ved Søre Sunnmøre Landbrukskontor gjer vedtak i enkeltsaker, utan at det ligg føre klar delegering i vedtektene eller heimel for slik delegering.» Eigarkommunane har fått frist til sist i januar 2016 for å kome med eventuelle merknadar.

På kva måte endrar Fylkesmannen sin kontroll vår praktisk kvardag på kort sikt? Kan vi halde fram med å godkjenne søknadar om til dømes produksjons- og avløysartilskot eller tilskot til skogkultur? Med andre ord dei tilskotsordningane som ligg i dei elektronisk løysingane.

Spørsmålet er om vi kan halde fram som tidlegare, inntil eigarkommunane våre har funne løysing på organiseringa av samarbeidet.

Vi håper på eit snarleg svar.

Med helsing

Anne Kathrine Løberg

Landbrukssjef

Kopi til:

Herøy kommune
Ulstein kommune
Hareid kommune
Styreleiar i SSL



Mottakarar etter liste

LANDBRUKSKONTORET		
J.nr.	Mottatt	Arkiv
30/16	13/01.-16	03

Avslutning av kontroll - organisering av interkommunale landbrukskontor - Søre Sunnmøre Landbrukskontor

Vi viser til førebels kontrollrapport 09.11.2015, og til tilbakemelding frå Herøy, Hareid og Ulstein kommune 02.12.2015. Fylkesmannen har også fått oversendt kopi av styrevedtak frå Søre Sunnmøre Landbrukskontor (SSL) 03.12.2015 i sak 35/2015.

Fylkesmannen konkluderte 09.11.2015 med at tilsette ved SSL etter dagens organisering gjer vedtak i enkeltsaker, utan at det ligg føre klar delegering i vedtektene. Fylkesmannen konkluderte vidare med at kommunelova § 27 nr. 1 ikkje opnar for delegering av vedtaksmynde til interkommunale styre eller interkommunale selskap, med mindre det ligg føre særleg heimel i særlov. Vi viser til den førebelse rapporten i sin heilskap, som kommunane ikkje har hatt merknader til. Fylkesmannen vurderer med dette rapporten som endeleg.

Fylkesmannen har på førespurnad frå SSL gitt utfyllande rettleiing på spørsmål om korleis vedtakspraksis kan innrettast på kort sikt, inntil samarbeidskommunane har funne løysing på organiseringa av samarbeidet. Som det går fram av brevet er det Fylkesmannen sitt syn at det bør skiljast mellom avgjerder som er til gunst for partar, og avgjerder som pålegg private byrder eller plikter. Vi viser elles til brevet herifrå 09.12.2015, med kopi til kommunane.

Kommunane har konkludert med ein vil halde seg til Fylkesmannen sin konklusjon og utbetre dei avdekte forholda. Vi presiserer for ordens skuld at Fylkesmannen ikkje har mynde til å påleggje kommunane ei bestemt organisering, og at det ligg innanfor det kommunale sjølvstyret å innrette ein føremålstenleg modell ut frå lokale føresetnader, innanfor rammene av kommunelova.

Styret i SSL har den 03.12.2015 påpeikt at ei omorganisering vil kunne verte påverka av utfallet av kommunereforma, og bedt Fylkesmannen sjå kontrollen i samanheng med dette.

Fylkesmannen har etter ei samla vurdering ikkje funne det påkravd å angi konkret frist for reorganisering av SSL. Vi konstaterer at kommunane har teke Fylkesmannen sine konklusjonar til etterretning. I lys av dette legg vi til grunn at kommunane vil prioritere nødvendig omlegging innan rimeleg tid, om nødvendig samordna med og tilpassa framdrift og utfall av anna kommunalt organisasjons- og reformarbeid, herunder kommunereforma.

Kontrollen er med dette avslutta.

Med helsing

Frank Madsøy (e.f.)
landbruksdirektør

Arnt Erik Nordheim
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Mottakarar:

Herøy kommune	Postboks 274	6099	FOSNAVÅG
Ulstein kommune	Pb. 143	6067	ULSTEINVIK
Hareid kommune	Rådhusplassen 5	6060	HAREID

Kopi:

Søre Sunnmøre Landbrukskontor Dragsundvegen 6 6080 GURSKØY

VEDTEKTER FOR SØRE SUNNMØRE LANDBRUKSKONTOR (SSL)

§1. Selskapsform, deltakarar

Søre Sunnmøre Landbrukskontor (SSL) er eit interkommunalt selskap danna av kommunane Hareid, Herøy og Ulstein, med heimel i kommunelova sin § 27.

I SSL kan det etter søknad opptakast nye kommunar som medlemmer. Ei utviding av medlemstalet må godkjennast av alle kommunane som alt er medlemmer av Søre Sunnmøre Landbrukskontor (SSL).

§2. Selskapets formål

Formålet med det Søre Sunnmøre Landbrukskontor (SSL), er vidareføring av verksemda til det statlege landbrukskontoret som fram til 1.1.1994 har drive landbrukskontor for kommunane Hareid, Herøy og Ulstein med kontor i Dragsund. Oppgåvene til selskapet er å arbeide med rådgjeving og sakshandsaming etter dei til ei kvar tid gjeldande lovar og regelverk som er vedteke for denne type kommunal verksemd og elles for SSL spesielt.

§3. Kommunane sine økonomiske plikter

Kommunane som er tilslutta SSL, skal betale tilskot til drifta av selskapet, der storleiken på tilskotet gjer at drifta vert fullfinansiert. Administrasjons- og kapitalutgifter skal kalkulerast inn i driftskostnadene.

Fordelinga av tilskotet frå kommunane skal skje etter avtala prosentfordeling som er slik:

Herøy.....	49%
Ulstein.....	27%
Hareid.....	24%

Dersom det vert aktuelt å ta opp andre kommunar som medlemmer av SSL, vert det å avtale anna prosentvis fordeling av det kommunale tilskot til driftsutgiftene. Fordelinga av driftstilskotet må godkjennast av alle kommunane som alt er medlemmer.

Dersom kriteria for berekning av rammetilskotet viser ein vesentleg endra tilskotsfordeling, eller dersom aktiviteten innbyrdes i kommunane i praksis vert vesentleg endra, kan deltakarkommunane kreve reforhandla fordelingsprosenten som nemnt ovanfor.

Dersom SSL ved oppstarten av SSL vedtek å overta kontorlokalitetar som har vore nytta av staten til lokalisering av det statlege landbrukskontoret, forpliktar SSL seg til å overta leigekontrakta som staten har med utleigar.

Deltakarkommunane i SSL forpliktar seg overfor kvarandre til å dekke sin prosentvise andel i husleiga fram til husleigekontrakta utløper 1.7.2000, eller på et tidlegare tidspunkt dersom kontrakta si varigheit på eit tidspunkt vert forkorta gjennom reforhandlingar av leigekontrakta.

§4. Særskilde plikter og rettigheter for medlemskommunene

For dei samarbeidande kommunane gjeld følgjande særskilde plikter:

- a) Herøy kommune skal som vertskommune stille sitt administrative apparat til disposisjon for SSL, herunder og forstå rekneskapsføring. Det vert opp til styret i SSL å vedta om SSL skal nyttiggjere seg tilbodet frå Herøy kommune vedkomande administrativ bistand til SSL.

Herøy kommune tek på seg det formelle arbeidsgjevaransvaret for alle tilsette ved SSL.

- b) Dei deltakande kommunane betalar sin budsjetterte del av utgiftene til SSL med ein halvpart 1. april og den andre halvparten 1. oktober i budsjettåret. Endeleg avrekning og oppgjer skjer når revidert rekneskap foreligg.
- c) Gebyr vert fakturerte i namnet til dei respektive deltakarkommunane.
- d) Kvar deltakande kommune kan krevje rett til ein kontordag i veka på nærare bestemt plass i sin kommune. Dersom denne retten vert nytta, pliktar vedkomande kommune sjølv å dekkje utgiftene til kontorplass og eventuelt skyssutgifter i samband med dette.

§5. Styret

Søre Sunnmøre Landbrukskontor vert leia av eit styre på 6 medlemmer, med to medlemmer frå kvar kommune. Medlemmene og varamedlemmene frå deltakarkommunane vert valde av kommunane sjølve.

Styreformannen vert vald av styret sjølv for 2 år om gongen, men likevel slik at formannsvervet går på omgang mellom dei deltakande kommunane. Ved stemmelikheit vert styreformannen si stemme avgjerande.

Når styret handsamar saker som vedkjem dei tilsette, vert styret utvida med ein representant frå dei tilsette, og styret tel difor i slike saker 7 personar.

Dersom andre kommunar vert medlem av SSL, vert styret utvida med 2 representantar frå kvar ny kommune.

§6. Styrets oppgåver og kompetanse

Styret skal forstå den daglege drifta av selskapet og har følgjande oppgåver:

- a) Vedta budsjett for selskapet i samsvar med budsjetteringa i deltakarkommunane.
- b) Opprette og inndra stillingsheimlar etter at deltakarkommunane har fått høve til å uttala seg innafor vedtekne økonomiske rammer for verksemda.
- c) Forta tilsetjingar og oppseiingar, samt vedta instruksar og løns/arbeidsvilkår for dei tilsette (Ved tilsetjingar skal det under elles like forhold takast distriktsmessige omsyn).
- d) Godkjenne arbeidsoppgåver/oppdrag utover det lovbestemte, og fastsette gebyr.
- e) Vedta årsberetning og rekneskap og sende det til dei deltakande kommunane.
- f) Fastsette møte- og skyssgodtgjersle for styret sine medlemmer.
- g) Styret har ikkje mynde til å ta opp lån eller på anna måte pådra deltakarkommunane økonomiske forpliktelser. Eventuelle låneopptak m.m. må godkjennast i deltakarkommunane på førehand.

§7. Styret sin forretningsorden

- a) Styreformannen kallar inn til styremøte så ofte han finn det nødvendig eller når administrasjonen eller 2 av styremedlemmene forlanger det. Innkalling skjer vanlegvis skriftleg med opplisting av dei sakene som skal handsamast, og så vidt mogeleg med 8 dagars varsel.

- b) Vedtak i styret vert fatta med alminneleg fleirtal. Styret er vedtaksført når halvparten av medlemmene (inkl. møtande varamedlemmer) er til stades.
- c) Det skal førast protokoll over styrets forhandlingar. Utskrift av protokollen skal sendast medlemskommunane og fylkesmannen i Møre & Romsdal.
- d) Om habilitet gjeld kommunelova og forvaltningslova sine bestemmelsar.
- e) Leiaren i styret forpliktar SSL, eller i hans fråvær 2 av styremedlemmene. I begge tilfelle saman med dagleg leiar.

§8. Dagleg leiar

På vegne av administrasjonen i deltakarkommunane er landbrukssjefen dagleg leiar for SSL. Han har ansvaret for at SSL utøver si verksemd i samsvar med gjeldande regelverk og dei vedtak som er gjort av SSL sitt styre.

Dagleg leiar pliktar å delta i styremøta. Rådmennene i deltakarkommunane har innstillingsrett til styret i saker som skal handsamast her.

Dersom det er vedteke at det skal vere ein fast kontordag i ei eller fleire av deltakarkommunane, pliktar dagleg leiar å syte for at det på denne dagen fins naudsynt kompetanse i vedkomande kommune.

§9. SSL sin administrasjon

Alt personale som arbeider ved SSL er tilsett ved Søre Sunnmøre Landbrukskontor og alle tilsetjingar skjer ved vedtak i styret for SSL.

Sjølv om administrasjonen er tilsett av og ved SSL, har Herøy kommune det formelle arbeidsgjevaransvaret for alle tilsette. Arbeidsgjevaransvaret skal ivaretas etter gjeldande lover og føreskrifter som gjeld for andre kommunalt tilsette.

§10. Orientering til berørte partar

Når vedtektene er godkjende og når det er gjort godkjende endringar i dei, skal ein gjenpart sendast til Fylkesmannen v/landbruksdirektøren, til Landbruksdepartementet og til dei tilsette sine organisasjonar.

§11. Uttreden og oppløysing

Forslag/krav om oppløysing eller uttreden av samarbeidet må handsamast etter kommunelova sin §27 pkt.3.

Den einskilde kommune kan med 1 års varsel seie opp sitt medlems-forhold i det interkommunale samarbeidet og krevje seg utløyst frå det.

Aktiva og passiva vert å fordele mellom dei deltakande kommunane etter same fordelingsnøkkel som nemnt i §3.

Ved oppløysing av selskapet forpliktar Herøy kommune seg til å overta husleigekontrakta, jfr. § 3.

Twistemål i samband med det økonomiske oppgjeret vert å handsame etter §12.

§12. Tvistar

Twist mellom dei deltakande kommunane om tolking av desse vedtektene vert avgjort med bindande verknad av ei voldgiftnemnd oppnemnt av Fylkesmannen i Møre & Romsdal.

§13. Vedtektsendringar

Endringar i desse vedtektene må, etter handsaming av styret, vedtakast av dei deltakande kommunane.

§14. Iverksetjing

Vedtektene vert iverksette når dei er godkjent av dei deltakande kommunane, tidlegast frå 1.1.1994.

-----ooooo 01.01.1994 ooooo-----


.....
Hareid kommune


.....
Herøy kommune


.....
Ulstein kommune

MØTEBOK

SAK NR. 10/2002

Møtedato Sakshandsamar
22. april 2002 Oka

NY FORDELING AV UTGIFTENE TIL SSL MELLOM KOMMUNANE

Styret for SSL vedtok ny utgiftsfordeling mellom kommunane i sak 24/2001.

Saka er no handsama i dei respektive kommunane som alle har akseptert den nye fordelinga.

Ulstein kommune har lagt til slik føresetnad:
"Endringa trer i kraft så snart vedtaka er gjort i dei andre kommunane, men likevel ikkje før andre halvår 2002."

Etter dette kan ikkje den nye fordelinga tre i kraft før 2. halvår 2002 utan nye forhandlingar.

Landbrukssjefen gjer difor framlegg om at den nye fordelinga skal tre i kraft frå 2. halvår 2002. ~~24.02~~

Den nye fordelinga er slik:

Kommune	
Herøy	43 %
Ulstein	29 %
Hareid	28 %
Sum	100 %

Tilråding til vedtak:

Styret for SSL vedtek at den nye fordelinga av utgiftene til SSL skal gjelde frå 2. halvår 2002.

Samrøystes vedtak:

Styret for SSL vedtek at den nye fordelinga av utgiftene til SSL skal gjelde frå 2. halvår 2002.

VERTSKOMMUNEAVTALE OM FELLES LANDBRUKSKONTOR

FOR

Herøy kommune - vertskommune

og

Hareid kommune - samarbeidskommune

og

Ulstein kommune - samarbeidskommune

1. Grunnlaget for avtalen

Denne avtalen gjeld felles landbrukskontor for kommunane Herøy, Hareid og Ulstein. Samarbeidet vert å gjennomføre etter reglane i kommunelova § 28-1b Administrativt vertskommunesamarbeid, jamfør også kommunelova § 28-1 a-k.

2. Deltakarkommunar

Vertskommune er: Herøy
Samarbeidskommune er: Hareid
Samarbeidskommune er: Ulstein

3. Føremål og oppgåver

Føremålet er å halde fram med samarbeidet om felles landbrukskontor og gi gode tenester til brukarane. Landbrukskontoret skal vere ope og tilgjengeleg for brukarane, samarbeidspartnarane og for ålmenta.

Vertskommunen skal gjennomføre verksemda i samsvar med kommunelova, forvaltingslova og anna regelverk som gjeld for kommunen og som er delegert til landbrukskontoret.

Landbrukskontoret skal utføre dei oppgåvene kommunane har innan jord, skog og viltforvaltning med heimel i desse lovverka:

- Lov av 12. mai 1995 nr. 23 om jord (jordlova)
- Lov av 28. november nr. 98 om konsesjon ved erverv av fast eiendom (konsesjonsloven)
- Lov av 28. juni 1974 nr. 58 om odelsretten og åsetesretten (odelslova)
- Lov av 27. mai 2005 nr. 31 om skogbruk (skogbrukslova)
- Lov av 29. mai 1981 nr. 38 om jakt og fangst av vilt (viltloven)
- Lov av 15. mai 1992 nr. 47 om laksefisk og innlandsfisk m.v. (lakse- og innlandsfiskeloven) ¹
- Lov av 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot forurensningar og om avfall (forurensningsloven)

4. Oppgåver og mynde som vert delegert til vertskommunen

Kommunestyret i Hareid kommune og Ulstein kommune (samarbeidskommune) delegerer oppgåver og mynde til rådmannen i Herøy kommune (vertskommunen) for saker av ikkje prinsipiell karakter. Saker som er prinsipielle vert handsama politisk av samarbeidskommunen saka høyrer til. Saksutgreiinga vert utført av aktuelle sakshandsamarar i vertskommunen for rådmannen i kommunen. Skilje mellom kva som er prinsipielle og ikkje prinsipielle saker vert drøfta i Samarbeidsorganet (sjå pkt. 14).

Døme på type saksområde som vert delegert i samsvar med lovverket i punkt 3:

Statlege tilskotsordningar som fyljer av jordbruksoppgjøret og rettleiing til ordningane.

Søknad om deling av landbrukseigedom og omdisponering av dyrka mark. Oppfølging av bu- og driveplikta og rettleiing i Odelslova. Ajourføring av Landbruksregisteret.

¹ Gjeld ikkje Ulstein kommune

Tilråding av søknadar til Innovasjon Norge og bygdeutviklingsmidlar, og rettleiing i søknadsprosessen. Rettleie gardbrukarar som vil starte med lokal matproduksjon og Inn på tunet tiltak. Gi landbruksfagleg uttale til planarbeid og høyringar. Handsame søknadar om nydyrking og om planering av dyrka mark.

Ajourføre register for «sprøytesertifikat» og arrangere eksamen. Ajourføre gardskart (AR5). Halde fram med å lage dreneringsplaner og gjødselplanar så langt det er kapasitet.

Handssame søknadar om tilskot til Næring og miljøtiltak (NMSK). Førebu søknad om løyve og tilskot til vegbygging i skog, taubanedrift og andre driftstilskot for handsaming hos Fylkesmannen. Godkjenne virkesomsetting og føre skogfond, samt administrere rentemidlar i skogbruket. Gi rettleiing om forvaltaransvar og skogtiltak.

Utføre oppgåver som er knytt til hjorteviltforskrifta og vere sekretær for viltnemndene i Herøy og Ulstein. Rettleie og arrangere møte for hjortevald og jegerar. Arrangere jegerprøveeksamen. Handsame søknadar om skadefelling av grågås.

Ansvar for dei administrative oppgåvene som årsmelding, budsjettansvar for eige område og arkivansvar på saksfeltet.

5. Tidspunkt for overføring av oppgåver og mynde til å ta avgjerd

Overføring av arbeidsoppgåver og mynde til å ta avgjerd vert gitt rådmannen i vertskommunen frå og med 01.01.2018.

6. Instruksjons- og omgjeringsmynde overfor vertskommunen

Samarbeidskommunen kan gi vertskommunen instruks om utøving av det delegert mynde i saker som berre gjeld samarbeidskommunen.

Samarbeidskommunen har mynde til å gjere om vedtak som vertskommunen har gjort, tilsvarende omgjeringsmynde som etter forvaltingslova § 35 fyrste ledd, jamfør kommunelova § 28-1 b., 6. punkt.

7. Sakshandsaming, underretning og klage

Rådmannen i vertskommunen, eller den han delegerer til, utfører oppgåver og mynde knytt til oppgåvene for samarbeidskommunane. Rådmennene i samarbeidskommunane kan til ei kvar tid be om å verte orientert om alle forhold som gjeld vertskommunen si utøving av det delegerte mynde.

Sakshandsaminga følgjer sakshandsamingsreglane i forvaltingslova, personopplysingslova, arkivlova med vidare.

Klage over vedtak fatta av vertskommunen følgjer av reglane i kommunelova § 28-1f.

8. Informasjon og rapportering til vertskommunen

Vertskommunen skal rapportere økonomisk budsjettforbruk til samarbeidskommunane minimum kvart tertial. Ved større avvik i høve til budsjettpostar, som direkte gjeld samarbeidskommunen, skal rådmannen i vertskommunen orientere rådmannen i samarbeidskommunen snarast råd.

Melding om vedtak gjort i vertskommunen, klagesaker, tilsynsrapportar, forvaltingsrevisjon med meir skal straks sendast til rådmannen i samarbeidskommunen.

9. Samarbeid og informasjon

Leiar for det felles landbrukskontoret har ansvaret for at det tverrfaglege samarbeidet mellom vertskommunen og samarbeidskommunane vert utvikla og halde oppe. Vertskommunen har ansvaret for å informere samarbeidskommunen om oppgåver som vert utført av vertskommunen.

10. Lovlegkontroll og kontrollutval

Lovlegkontroll kan skje etter reglane i kommunelova § 28-1h, jamfør § 59. Kontrollutvalet i vertskommunen har mynde etter kommunelova § 77 punkt 1 overfor verksemda, jamfør kommunelova § 28-1j.

11. Personalet

Tilsette i Søre Sunnmøre Landbrukskontor vert etter avtale mellom dei tilsette, kommunen og fagorganisasjonane overført til vertskommunen (Herøy). Dette vert regulert som individuelle avtalar med dei tilsette. Vertskommunen er arbeidsgjevar. Det inneberer at vertskommunen har tilsettingsmynde og personaloppfølging.

12. Økonomi og rekneskap

Vertskommunen har budsjettansvar, og ansvar for tilfredsstillande kontorlokale og driftsmidlar.

Budsjettprosessen startar med eit møte i samarbeidsorganet for å sikre god informasjonsflyt mellom samarbeidskommunane og vertskommunen, seinast 01.09 før budsjettåret. Vertskommunen orienterer samarbeidskommunen om årsbudsjett og økonomiplan. Kommunestyret i vertskommunen vedtek årsbudsjett og økonomiplan.

Kommunane sin del av driftskostnadane og eventuelle investeringar til felles landbrukskontor, vert fordelt mellom kommunane etter ein fordelingsnøkkel der vertskommunen betaler 43 %, samarbeidskommunen Ulstein 29 % og samarbeidskommunen Hareid 28 %. Vertskommunen sender refusjonskrav til samarbeidskommunane.

Driftskostnader er løn, sosiale kostnadar, pensjon, kontorutgifter, kurs, datautstyr, kopimaskin og liknande. Så lengje det vert leigd kontor, vert kostnadane knytt til det, rekna som driftskostnad. Vertskommunen fakturerer a-kontosummar til samarbeidskommunen 4 gonger i året. Faktura vert utstedt den 15. i månaden for kvart påbegynte kvartal og a-kontosummen vert stipulert ut frå forventa kostnad med drifta for kvartalet. Avrekning skal skje kvart år i samband med rekneskapsavslutninga for driftsåret.

Kontrollrutinar og revisjon fyljer vertskommunen sine rutinar.

13. Lokalisering

Arbeidet vert organisert ut frå kontoret i vertskommunen der alle tilsette er lokalisert. Samarbeidskommunen skal for eiga rekning stille egna kontor eller møterom til disposisjon når det er bruk for å arbeide eller halde møte i denne kommunen.

14. Samarbeidsorgan

Rådmannen i vertskommunen og rådmennene i samarbeidskommunane utgjer samarbeidsorganet. Organet sine oppgåver er å utveksle informasjon og evaluere samarbeidet. Vidare skal organet drøfte kva som er prinsipielle og ikkje prinsipielle saker. Det er for å kunne oppnå ein tilnærma lik praksis i kommunane.

15. Iverksetting og endring

Avtalen opphevar vedtektene for Søre Sunnmøre Landbrukskontor datert 01.01.1994. Ny avtale gjeld frå og med 01.01.2018. Avtalen kan berre endrast ved likelydande vedtak i alle kommunestyra.

16. Uttreden av samarbeidet

Avtalen er ikkje tidsavgrensa, men kan seiast opp skriftleg med eitt års varsel. Avtalen vert då avslutta ved fyrste årsskifte etter at eitt – 1 - år har gått.

Samarbeidskommunane pliktar å betale vederlag i samsvar med pkt. 12 i oppseiingstida. Kommunen kan likevel trekkje attende oppgåver eller mynde før oppseiingstida er ute.

Viss vertskommunen seier opp avtalen, må kommunen halde fram med å utføre dei oppgåver og utøve det mynde som kommunen har fått overført frå samarbeidskommunane, i oppseiingstida.

17. Oppløysing

Samarbeidet kan løysast opp med det same om alle kommunane, som avtalen gjeld, er samde om det. Det vert rekna ei overgangstid på maksimalt 6 månader for å avslutte samarbeidet. I overgangstida skal vertskommunen halde fram med å utføre oppgåver og utøve mynde for samarbeidskommunane. Dei økonomiske pliktene mellom kommunane tek slutt når overgangstida er ute.

Avtalen er vedteken i kommunestyret i Herøy i politisk sak den

Avtalen er vedteken i kommunestyret i Hareid i politisk sakden

Avtalen er vedteken i kommunestyret i Ulstein i politisk sakden

Herøy kommune
Vertskommune

Hareid kommune
Samarbeidskommune

Ulstein kommune
Samarbeidskommune

.....

.....

.....

Delegerte saker frå avdelingane

DS 142/17 Ferdigattest - 54/72 - tilbygg 15.06.2017 00:00:00 Olav Lovis Tjervåg

DS 143/17 Ferdigattest riving 37/103 16.06.2017 00:00:00 AURVOLL OG FURESUND AS

DS 144/17 Ferdigattest flettverksgjerde 22/45 16.06.2017 00:00:00 AURVOLL OG FURESUND AS

DS 145/17 Ferdigattest ny vassledning Borgarhaugvegen 16.06.2017 00:00:00 AURVOLL OG FURESUND AS

DS 146/17 Erling Trygve Torvholm - 59/22 - tilbygg/altan 16.06.2017 00:00:00 Erling Trygve Torvholm

DS 147/17 Ferdigattest - VA anlegg i sjø 16.06.2017 00:00:00 AURVOLL OG FURESUND AS

DS 148/17 Huseyin Kadir Dikbas - 4/77 - Endring av løyve 21.06.2017 00:00:00 Hüseyin Kadir Dikbas

DS 149/17 Ferdigattest veranda 4/148 23.06.2017 00:00:00 Dina Mari Higraf Remøy

DS 150/17 Mellombels bruksløyve - 31/189 - seksjon nr 10 23.06.2017 00:00:00 TØMRER SERVICE AS

DS 151/17 Karl Erik Sande - 36/98 - Endring carport, tak og altan 26.06.2017 00:00:00 Bygg og system as

**DS 152/17 Mellombels bruksløyve einebustad - 40/82 26.06.2017
00:00:00 MYKLEGARD CONSULT AS**

**DS 153/17 Ferdigattest - 45/171 07.08.2017 00:00:00 HANDVERKSBYGG
AS**

**DS 154/17 Ferdigattest - 76/39 - leilegheit A og B 07.08.2017 00:00:00
MYKLEGARD CONSULT AS**

**DS 155/17 Mellombels bruksløyve - utleigedel - 26/189 14.06.2017
00:00:00 BYGG & SYSTEM AS**

**DS 156/17 Ferdigattest tilbygg 4/148 23.06.2017 00:00:00 Dina Mari Higraf
Remøy**

**DS 157/17 Ferdigattest - 31/144 - Einebustad 05.07.2017 00:00:00 Petter
Fylling**

**DS 158/17 Aase Gerd Remøy Vartdal - 12/3 - Terrasse 05.07.2017
00:00:00 Aase Gerd Remøy Vartdal**

**DS 159/17 Ferdigattest - 54/15 - oppattbygging sjøbud 07.07.2017
00:00:00 B&E PARTNER AS**

**DS 160/17 Ferdigattest terrasse - 12/3 07.08.2017 00:00:00 Aase Gerd
Remøy Vartdal**

**DS 161/17 Ferdigattest tilbygg - 26/118 07.08.2017 00:00:00 Benjamin
Elias Kalland**

DS 162/17 Ferdigattest verkstadhall - 38/147 08.08.2017 00:00:00 Herøy

kommune

DS 163/17 Harald Sørdal - 46/92 - garasje 14.08.2017 00:00:00 Harald Sørdal

DS 164/17 Harald Hansen - 12/225 - Rehabilitering av skorstein 21.08.2017 00:00:00 CEMENTPRODUKT AS

DS 165/17 Arild Kirkenes - 53/22 - Tilbygg garasje 03.07.2017 00:00:00 Arild Kirkenes

DS 166/17 Ferdigattest - 11/751 - Støttemur 07.07.2017 00:00:00 Unni Hjørdis Evensen

DS 167/17 Hjalmar Olav Jacobsen - 60/399 - Garasje 16.06.2017 00:00:00 Hjalmar Olav Jacobsen

DS 168/17 Bergsøy IL fotball - 29/215 m fl - Fotballhall 16.06.2017 00:00:00 PROSJEKTBYGG AS

DS 169/17 Mellombels bruksløyve - 21/12 03.07.2017 00:00:00 SUNNMØRSHUS AS

DS 170/17 Remsund as - 34/221 - Bruksendring frå tilleggsdel til hovuddel 09.08.2017 00:00:00 REMSUND AS

DS 171/17 Jon Stein Stenersen - 35/54 - Tilbygg og fasadeendring 09.08.2017 00:00:00 Jon Stein Stenersen

DS 172/17 Ferdigattest tilbygg/carport - 35/19 09.08.2017 00:00:00 Thomas André Arnesen

**DS 173/17 Ferdigattest hagestove - 20/56 09.08.2017 00:00:00 Dina Lill
Røren Valø**

**DS 174/17 Ferdigattest innglasing veranda - 34/173, seksjon 4 14.08.2017
00:00:00 Mats Inge Moltu Teige**